

Olav Duun

Vegar og villstig

bokselskap.no
Oslo 2024

bokselskap.no, Oslo 2024

Olav Duun *Vegar og villstig*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1930 (Oslo/Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-777-8 (bokselskap.no),

978-82-8319-778-5 (epub), 978-82-8319-779-2 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere

nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no

Bedehuse

Det var i rorbua, ein landligge-dag.

Karane diskuterte religiøse ting, dei hadde gitt på heile uvêrsdagen lang, for slikt låg i lufta det åre; ein fekk sjå til å ha ei meining og seie henne fram, og så forsvara henne til siste ord. Dei vart heite, mange, for dei visste dei hadde rett. Men ein i lage sat og vart meir og meir forundra. Han tagde, men han glømte arbeide sitt. Han var ikkje frå same bygda som dei andre.

Da dei endelig gjekk trøytt ein gong, var der ein som spurte kva *han* meinte om det og det. Han rista på hovude, for dette gjekk over hans vett og forstand. Dei andre var i arbeide no, dei bømte garn eller dei sette opp line, dei hadde ikkje tida til meir snakk. Best det er ler han, og da dei andre ser på han, rettar han seg opp og seier:

– Om ikkje alle blir salig med si tru, så veit eg no ei som vart det; og ho vart salig til gagns. Eller lykkelig da. Meir enn andre ja, for ho trudde så mykje meir. Er ho død no, da er ho kommi dit der ho vilde vera; det er no mi tru, og mitt syn på trua.

[10] Han var ikkje meint på å seie meir, men no var det skymmingsstunda, dei la frå seg arbeide sitt ein om senn, og ein var det som krevde han gav grunn for orda sine. Så fortalde han:

– Jau, det var heime i Vågøysokne, der eg er i frå. Det er ikkje lenger sia enn at det er verkelig sant; som små ting gjerne er. Det er berre *ho Olea* eg tenker på, anna namn hadde ho ikkje, og ho Olea er ikkje eit menneske å fortele om, men eit menneske var ho, det står eg fast på; det er mitt religiøse syn, som de kallar det her.

Ho Olea var fattigaste menneske i Vågøya, og kor skulde ein da finne eit som var fattigare? Ingenting åtte ho, og ingenting tente ho, og hadde ho tent noko, så hadde ho drukke det opp i kaffe, enda ho åtte ikkje sjøleigande kaffekjel. – Spør kva *ho* lever av! sa kjerringane. Ho lever av trua på det ho skal tene. Og når det blir for gale, da lyt han sjøl-seg fø henne, *han Hansen*; så ho ikkje svelte reint i hel, sa dei. Ho Olea sa gjernast, når dei snakka om å klare seg:

– Så mykje ser eg, at skal eg halde på å leva, da blir eg pengelaus. Og kva gjer eg da!

Klok var ho så ho skræmte 'n Hansen sjøl og presten med. Ho hadde både lese og skjønna, og kva mintes ho ikkje! Men ho vart ikkje bedre menneske for det. Og dum var ho så ein kunde gråte over det, for der gjekk ho, krypen, og vilde spara i hop pengar til ei nordlandsferd, ho trudde det skulde bli! Ho hadde ei søster, og ho budde [11] i Nordland nokon-stads. Henne var ho så glad i, ho vart reint rar når ho nemnte henne, – ho er meg kjærare enn både kaffe og brød, sa ho. Ho måtte sjå henne, let ho, umulig å leva minders, og hjelte ikkje noko anna henne til den lykka, så måtte vel ulykka hjelpe henne, Vårherre pla ikkje stå rådlaus.

Og ulykka ho kom. Storsjøen kom og vilde ta heile Vågøya. Han hadde synt seg før, år og anna, men Vågøya slapp gjerne billig frå det. Den gongen eg no snakkar om, da gjorde ho ikkje det. Først var det stilla og ingen dønning, det var berre at sjøen steig og steig, han leita inn i både naust og brygger, leita opp i åkerflekkene, opp til husa hoss folk, og ødela gjorde han så det var synd å sjå.

– Kor skal dette ende? undrast folk, og spurte kvarandre.

– Eg får tru det ender oppi Nordland med meg, sa ho Olea. Hoss søster mi, sa ho.

Og til dem som klaga seg sa ho støtt:

– Enno må her da vel skje meir? For enno er det inga *ulykke*.

Men så vart det ulykke, for stormen spela i, og båra sette åt så sunde vart som ville have, ho reiv naust og ho reiv andre hus, ho pløyde opp vollen så der vart berre berge att, vi trudde heile øya fór i veg. Vi glømmar ikkje den natta vi som var med – ja de har da hørt om det? Ingen ein trudde han såg morgondagen, og slett [12] ikkje at han såg att det han åtte. Så nær som ho Olea.

– Eg kan aldri tru eg mister mitt, sa ho. Verst gjekk det ut over 'n Hansen, han tok sjøen varer frå for fleire tusen kroner, nedi sjøhusa. Så tålte han no mest òg, forstår seg.

Hansen var kjøpmannen og eigaren i Vågøya den tida, som de veit. Han sat stort i det, han hadde innpå eit halvt hundre mennesker under seg; han åtte både dem og dei andre i Vågøysokne. Ho Olea, henne let han skrubbe bryggegolv og grishus og slikt. Lenger fram kunde han ikkje sleppe henne, ho var ikkje slik laga: der var ein munn på henne som jaga skikkelig folk, ho sa gud hjelpe oss alt som fall henne i tankane, og det var *mangt*.

Til han sjøl sa ho ulykkesnatta:

– No segler vi mot evigheita baa to. I same farkosten. Elles: I natt blir det menneske av deg og, skal du sjaa. Og da kjem du til aa hjelpe meg dit eg skal.

Da vœrkula var over og alt var œdelagt som œdeleggast skulde, da spurtes det at 'n Hansen hadde vorte religiœs. Uvœrsnatta hadde dei set han paa kne, nokon, og sia var han omvendt mann, det trongs ikkje aa kviskre heller om det. – Ja ja, sa folk. Og Olea ho sa:

– Saa er han da endelig tukta. Frua har vore gudelig all sin dag, dobbelt saa gudelig som anna folk. No har ho faatt han i bakken. ^[13]No undres eg berre paa korles det her kan hjelpe *meg*.

Han skulde vera hardt teken, fortaldes det, han var mykje verre enn frua, dei kunde med nœda kjenne han att. Frua hadde halde seg til presten, men for 'n Hansen var ikkje det noko. Der kom *ein* prekar, og der kom to, og prekte gjorde dei ja, og song! Det monna ikkje kleint no etter ulykka.

– Han fall som ein mann, sa ho Olea. No skal de sjaa frua faar gudsfrykt nok i huse; no er det hennes tid aa bli tukta.

Vi andre hadde ikkje vanen til aa seie slikt, og kva kunde det ikkje dra etter seg naar han sjœl fekk hœre det? Men ho Olea var Olea ho.

Og no vart der bedehus. Han var mann for aa sette det opp sjœl seg, men dei andre kunde faa vera med og yte sitt, om dei var aldri saa fattige; vi fekk baade basar og fest.

Ho Olea mœtte opp ho som dei andre. Men da dei song og spela paa gitar som hardast, saa nokon kvar var blank i auga, da sette ho i og lo:

– Gud trœste oss for eit kjeftbruk! Har storsjœen teke skamma fraa dykk alle i hop?

Men kvifor tok ho ikkje sitt og gjekk? undrast vi. Nei. Der lukta kaffe, og den var for alle, liksom naaden, det hadde ho hœrt. Ho drakk seg reint blid. Men ho Olea vart ikkje bedre menneske for det. Ho sa det eine verre enn det andre utetter kvelden, og sœrlig om songen deira. Ho sa det saa 'n Hansen sjœl maatte hœre det.

^[14]Og sia sa ho saa mykje baade til han og om han, at hadde han ikkje vore den stormannen han var saa maatte han ha gaatt der som ein vanakta ein. Han tok det mildt.

Den dagen bedehuse vart innvigd, sa ho til han saa heile folklyden hœrte det:

– Ja visst er det vakkert av deg dette. Men hadde Herren *bedt* deg om å bygge det huse her, veit du kva du da hadde gjort? Jau, du hadde slege deg på å hjelpe fattigfolk. Du hadde vorte ein bror i nøda for oss. Ja slik ser sannheita ut, let ho, men den er det berre du og eg som veit om.

Og orda dei fór i han, dei fór lukt til sjæls, kunde ein sjå. Men han spurte henne, om ho hadde tenkt på korles det vilde gå henne når ho måtte fram for Vårherre.

– Nei, svara ho, eg har ikkje ein gong tenkt på korles det vil gå *han* når vi to møtes. Og du, sa ho, du kjem ikkje så langt ein gong, du blir bortvist til evig bedehus du!

Han tok det mildt no òg. Han sa mangt vakkert til henne, dei undrast at han brydde seg med det.

Men så vart der anna å undrast over. Der måtte eit menneske til å vaske i bedehuse og til å elde opp og til å sjå etter litt av kvart. Alle kjerringane i Vågøya vilde ha det arbeide, både for skillingane og velsigninga si skyld, og kvifor skulde den eine få det meir enn den andre? Dei heldt eit hus så mannen sjøl visste ikkje ut eller inn.

[15]

Da visste ho Olea det.

Ho gjekk beinast på kontore til han og fortalde at ho var den nærmaste til denne vaskeskillingen, for ho var minst rik av alle. – Eg kryp ikkje for å nå lykka, sa ho, det er hunds gjerning, da går eg heller her og leikar fattigdevel for dykk all min dag. Eg vilde ikkje vera rik om eg så var rå nok til å bli det. Men du veit eg skal nordover til våren, og eg eig ikkje sølv eller skilling. No skal det bli ei rå med det.

Han rista på hovude, han vilde ikkje høre på hennne. Da vart ho harm og styggskjente han, folk skjemdest for det dei hadde stått og hørt på det. Så kom ho til seg att og mintes søster si, og da tagna ho, ja ho fekk enda tårane i auga, fortalde dei.

– Eg veit da eg er ein vanprydna på jorda, sa ho, men eg skal no ikkje vera her heile tida. Ein gong skal eg skine eg òg, så rart det høres. Og du, sa ho, du veit ikkje kva du gjer, men det var synd om deg visst du nekta meg dette. Da får du ein kvennstein kring halsen, – du har da vel *lese?* sa ho.

Han såg på henne, og så sa han til henne: – De som er så hatig på bedehuse, De vil ikkje ein gong *ha* dette arbeide?

– Jau det vil eg, for eg er nøydd til det, svara ho. Bedehuse er just berginga mi det, det er det som skal hjelpe meg nordover til våren. Eg skal gjerne omvende meg, kan det så sant hjelpe, sa ho.

[16] Han tenkte seg om. Han heldt på lenge. Tok så til ords og sa: – Er det ålvore Dykkar, dette, da skje Dykk som De vil. Men da skal De sitte breiddmed talarstolen på festen no juldagskvelden, og snu Dykk mot forsamlinga og syng med oss. De skal syng som ein av oss.

Først vart ho reint mållaus. Spurte så og bad om ho ikkje kunde sleppe billigare. – Skal eg virkelig lide så syndhardt! klaga ho seg. Kjære deg, gi meg heller pryl da!

Billigare kunde ho ikkje sleppe nei. For det var songen ho hadde spotta mest, og no skulde ho syne dei andre at ho gjorde ikkje det oftare. Ho skulde syne forsamlinga at ho var eit nytt menneske, som var verdig til å arbeide i eit slikt hus.

– Ja ja ja da! sa ho. Eg *gjer* det! eg er hunden den same.

Så var det avgjort. Men ho sa til ein, og ho sa til fleir, for ho såg dei visste om det kor som var, at dette var straff som kjentes. Han Hansen er hard som rettferda no! jamrast ho, eg gruvar meg som eg skulde på elden. Eg grøssar så busta reiser seg på ryggen!

Ho sa det utanfor bedehusdøra om kvelden da ho skulde inn:

– Hadde eg berre halde meg ufødd! Så slapp eg det her! Men sjå, det var sleppe eg ikkje skulde, det var derfor eg kom til. Så, no går eg inn! sa ho.

[17] Inn gjekk ho, og beint fram til talarstolen og sette seg på benken som stod og venta henne. Ho fekk ha benken åleine. Der sat ho med andlete midt i mot oss andre. Alle kunde sjå ho leid vondt, det var mest *for* mykje. Og da det bar i songen med dem, da tok ho i med. Ho vart både raud og rasande, men song gjorde ho av all si makt, ho tok i hardare dess meir ho skjemdest ved det, så ho vart hørt over alle samene. Og der sat ho og pintes med prekaren tala og folk gret. Kva ho gjorde innvendig, om ho bad eller ho svor, det visste vi ikkje, men som ein syndar hadde ho det, som syndaren i sjølve pina, syntes vi sjå. – Ja ja, tenkte vi, somme av oss. Og andre tenkte vel at no kjenner ho kor ho *sitt*.

Ho hadde det ikkje bedre dagane etter. Ho gjømte seg ikkje for folk, ho var i bedehuse på kvart eit møte, men ho sa ikkje noko meir, og andlete hennes sa slett ikkje noko. Ho bar krossen sin som ho skulde vera eit nytt menneske ho òg. Når

der var slut tok ho bøtta si og gav seg i skuringa; – ein får da *skuring*, mumla ho. Før det gamle åre var ute hadde ho tent seg ei sølvkrone, og den gjømte ho som det skulde vera gull.

Men da åre var slut, da var og tenesta hennes slut, og fortenesta med. Dei kom og stengte krambudøra i Vågøya. Han Hansen gjekk konkurs. Da ho Olea hørte det, vart ho ståande steinstill. For kven skulde no betale bedehusvaske? Der ^[18] stod ho. Snudde seg så og gjekk sin veg, og da hørte dei ho sa ut i mot vinden og vêre:

– No kom Vårherre. Han kan straffe han. Rettno får eg age for han.

Etter den dagen var ho folkskygg. Skaden og skamma åt henne opp, trudde vi.

All ting i Vågøya stana, som hjula i klokka når lodde har gått ned, og bedehuse vart ståande bortglømt. Ut på vinteren kom der folk og reiv det og la det i haug nedmed sjøen. Der var gildt tømmer i det, han Hansen hadde vore snarp forretningsmann nok slik, det var berre det at det ikkje var betalt. Om våren kom der ei nordlandsjekt og lasta det inn, det skulde nordover og vera krambu eller noko anna verdslig. Slik kan det gå, veit de.

Ja, og siste dagen jekta låg der, kom 'n Hansen tuslande i vegen for ho Olea. Da stana ho og smilte til han, og så sa ho:

– No trur eg meir enn du gjer, ein gong i gjen. For eg *ser* eg, og det er den rette trua, – slik les no eg skrifta.

Da jekta var seglferdig, såg folk at ho Olea kom med ein pank i handa og gjekk om bord. Der stod folk på brygga, og til dem ropa ho da jekta løyste:

– Sjå no om det ikkje vart bedehuse som hjelpte meg nordover. No fer eg! Og sei så at der ikkje finns rettferd til. Eg er så glad eg kunde gjerne synge for dykk enno ein gong!

^[19] Dei hørte ho hadde fått att det gamle måle sitt.

Sia hørte dei at 'n Hansen var med same jekta nordover, skulde nord og høre om hjelp hoss skyldfolke sitt. Ho Olea skal ha sagt til han da dei råktes om bord:

– Du bør ikkje undrast om *vi to* kom til å segle same vegen. Vi er no liksom ikkje av denne verda vi. Vi blir i lag til himmeriks òg, det ser ^{ui} eg no.

Ingen av dem kom att meir.

– Ja, det der var no det der, sa mannen som sat og fortalde; han gjeispa og reiste seg, og så tendte han lampa. – Ein av dem gjekk det godt, sa han, det er mi tru om trua, som sagt. Eg har fortalt det som eg visste det. De får ikkje tenke for mykje over det; da kunde de gjerne få ut ei lære av det som var både rang og rar.

Gapstokken

[23] Det låg to små plassar for seg sjøl nordpå stranda, gud veit kven som hadde lagt dem der. Romme kallast Urvika, og stort anna enn ura var det ikkje, den tida, og så vonlaust langt frå folk. På den eine plassen budde tvilingane, på den andre skomakaren.

Tvilingane heitte Ane og Bea, og så like var dei at det var få som kjente dem i frå ein annan, det skulde vera nauvt nok skomakaren gjorde det, alt det han hadde stird på dem. Det var lyshærde og trivelige gjenter, vanta ikkje det. Det vart sagt at skomakaren trivdest ikkje ein dag utan han var heime og i nærheita med dem, – for det han var så svart som dei var kvite, sa folk. Men dei var så lite for seg. Ikkje såg dei på ein, og ikkje svara dei, utan når dei var som hardast nøydd til det. *Dei* tykte ikkje Urvika låg for langt av lei. Når dei var to-eina da kunde der vera både liv og låt i dem, det var utrulig kva dei fann på å glede seg med somtid. Og det enda dei visste – det var vissare enn dauen – at der skulde hende dem noko fælt ein gong, det verste som uttenkast kunde: Dei skulde bli til lått og spott for alt folke. Dei byttast om å drømme at det skulde til å skje.

[24] Far deira var død, og mora låg til sengs. Gjentene dreiv plassen og berga live så det var eit under. Skomakaren vart skrinnare og svartare år for år, for aldri fekk han gi dem ei hands hjelp. Ingen var dei så redd å snakke med som han, enda han var jamnaldringen deira og eit godmenne all igjenom; den eine skræmte den andre med å nemne han.

Det var skrinn jord i Urvika, fôrløysa var ikkje frammand der. Tvilingane hadde meir enn *ein* vond vår, og dei to kyrne deira slikt slag.

Så eit åre vart det reint gale. Gjentene hadde det verre enn kyrne. Dei reiv i rishaugen og dei skøv tangstranda, frå gråe morgonen til svarte kvelden, og like vel magrast kyrne for dem fort vekk, det var ei nød å sjå det. – Det her blir jamenn ei langsluti høgtid, sa dei med ein annan. Dei vart enno magrare enn kyrne, men det såg einast skomakaren.

– Og det verste er at *han* har fôr, klaga Ane seg ein dagen.

– Ja, og enda verre er det at vi snart må ta i mot av det, svara Bea.

– Nei før går vi på bygda og *bed!* fór det Ane ut av munnen.

Bea såg forfæld på henne. Verre ord enn bygda visste dei ikkje å nemne. Ein kunde bli sjuk berre ein skulde til kirka. Og be eit menneske om hjelp: det måtte vera sjølve dauen.

– Nei da fer vi heller i veg og stel fôr! sa Ane.

[25] – Ja, sa Bea.

Da vart dei ståande og stirre på einannan, beint inn i auga. Det var nivst. Sia såg dei kvar sin veg, både den dagen og dagen etter. Kyrne klaga seg, og skomakaren kom alt oftare og var i nærheita, og han såg så hjartans hjelpsam ut. Tvilingane snudde ryggen til einannan i senga og gret, utan lyd eller hikst. Ei natta sa Ane, best ho låg:

– Hadde vi så likt til kniv i huse, da stakk eg både a Kranstin og a Litago.

– Ja, svara det frå Bea. Men da gifta vi oss heller med skomakaren, lo ho.

Og så lo dei bae.

– For det er svarte dauen på alle kantar no, sa ei av dem.

– Ja du kan trygt kalle han Svartedauen, han er da svart nok både i hår og skjegg.

Dei trong ikkje seie meir, den eine kjente kor den andre grøssa, for der fanns ikkje noko verre å tenke på enn å gifte seg, og så gifte seg med *han!* Dei måtte no vel sleppe det?

– Men gapstokken er no verre lel, sa Bea, så ut av seg var ho.

– Ti still! skreik Ane og rykte i søstra.

For gapstokken, det var den som pinte dem støtt, enten dei vaka eller sov, han stod og venta på dem. Dei hadde set ein menneskeskapna, eit kvinnfolk til og med, som stod i gapstokken ein prekesundag, attmed kirkedøra. Andlete beint i [26] mot kirkelyden med skamma si. Menneske hadde stole, vart det fortalt. Og nokre spytta på det. Dei var nær på å gjera det same, det hadde vore sju gonger lettare det enn å sjå på. Dei hadde aldri glømt det syne og aldri nemnt det. Orde gapstokken hadde dei heller aldri nemnt før no. – Eg skrik ikkje! tenkte dei.

Dei kom ut i april, men vinteren hang med. Kyrne klaga seg, kvar med sitt mål. Skomakaren han hørte det, og folk i bygda dei spurte det. Og i prestgaren der var det nøgda med fôr; og dit kunde ein ro. Og vêre så fint om nettene, reint som det mana ein ut å ro.

– Vi ror i kveld! sa Bea.

– Nei, i morgokveld, svara Ane. Folk søv aldri bedre enn natt til sundags, utpå morgoparten.

Laurdagskvelden kom. Ved midnattsleite sette dei ut båten og rodde. Det var gråmørkre og gråstilla, ei underlig tid på døgne, ein fekk frost i seg om ein rodde aldri så flittig. Åretaka tier aldri nattens tid, ein kan væte kjeipane så mykje ein vil. Men der var ikkje hus austmed stranda der dei fór, berre villmarka, og ho har ikkje liv, ikkje om natta heller nei.

Det var einast skomakaren som hørte dem. Han hadde vore bortved veggen deira den kvelden som ein annan laurdagskveld. I kveld hadde dei vore vakne, og så måtte han gå heim av *den* grunnen. Han stod opp att da han hørte båten [27] vart sett ut, fór så stranda austetter og heldt seg på sida av dem heile vegen. – No skal du sjå! sa han. Han kjente på seg kor dei etla seg i natt, og smatt inn på låven i prestgaren før dei kom så langt. – No skal du *sjå!* kviskra han alt i eitt. Han var både redd og glad. Det kunde da umulig vera noko så gale at det ikkje var for einkvart godt?

Dei *kom* på låven. To tjyvar i svarte natta. Skomakaren sveitta og fraus. Han lea på seg, han visste ikkje om han vilde vettskræme dem eller snakke dem til rettes, men einkvart godt vilde han gjera dem.

– Hysjt! kviskra ei av dem.

– Å skit! sa den andre, – i natt slo eg i hel han sjøl om han synte seg!

– Ja her er ein staur, lo den første,

Dei lo baa, så stilt dei kunde, og famla seg fram etter fôrsttabben.

– Her! kviskra ei.

– Halm! bles den andre, han er så tør som du tygg på ein skomakar.

– Har du alt bite i *han* da? Er 'n speken snart?

– Han er lakabrent

Slik kviskra dei og fjasa dei, – så redde var dei –, fann seg fram til høye og stappa i sekkene. Skomakaren rørte seg ikkje.

Prestgaren sov som kirkegaren. Og tvilingane fór med sekkene sine, fekk dem i båten og la til [28] rors. Skomakaren var ikkje langt unda. Dei måtte sitte i breidd på framtofta og ro med kvar-si år, for høysekkene tok slikt rom.

Skomakaren følgde strandveges. Båten kraup fort og stilt i gråmørkre. Men skomakaren stana og lya. Han hørte vestavinden kom. – Hadde han enda komme til gagns! ønska han.

Og det gjorde han. Tvilingane visste ikkje av før han var kring øyra på dem og slo. Dei tykte dei hadde sove og drømt og no vakna dei. Så vakne hadde dei aldri vore før.

– Gud hjelpe oss no! sa Bea.

– Det gjer han knapt, meinte Ane

Dei rodde på. Vinden var sterk, men dei var sterkare, og fram bar det og måtte det bera. Dei rodde lenge, lenge. – Berre ikkje dagen kjem på oss! klaga det seg i dem; den eine visste kva den andre sa, utan det vart sagt. Vinden auka, og sjøen auka. Dei rodde og rodde. Og dagen han kom. Himmelen lysna austpå fjelle, vart lysare og enda lysare og meinte ikkje det grand vondt med det, det var hellige sundagen som fekk auga opp. Natta bleikna bort i kring dem, ho var ikkje meir godtil. Da ropa dei, baa to i same stunda:

– Det ber ikkje fram!

Nei, det bar ikkje fram. Spruten stod over dem for kvar båra, det rann nedetter ryggen i eitt vekk, – dei rodde så dei låg flate bakover. Dei vilde ro seg i hel. Men fram bar det ikkje, dei [29] var midt ut for same kvitberge enno. Ause båten var det ikkje å tenke på, for da måtte dei ha hivd ut fôrsekkene. Skinne losna på fingrane, til Blokkolls med det! Åt land kunde dei ikkje legge, det fanns ikkje livd der, berre storstein og dragsug og dauen både for dem og båten. Dei fekk halde på og ro.

Skomakaren stod og trødde på same staden. – Jamenn var det der tukt åt dem! lo han. – At dei ikkje hiver ut høysekkene! jamra han seg.

– Nei! kveste dei i båten. Tanken på sekkene hadde fare gjennom dem òg.

Vinden tok den eine sekken. Han dansa i veg bortetter båra. – Han driv som høysekken! lo det i dem; dei vilde ha gråte no, så sant dei kunde. Midt i nøda syntes dei einkvan såg dem og hadde set dem lenge. Da vart dei vår mannen innpå stranda. Det såg ut som han dansa og var glad. – Ja, *der er han!* stønna dei. Dei rodde. Nei, dei rodde ikkje, dei rasa. Hendene var ikkje vonde lenger, sjøen var ikkje våt lenger og ikkje salt, dei hadde slutta med å spytte han ut. Berre dagen skar dem i syne. Dei let att auga for han.

Skomakaren såg det seig att-å-bak med dem. Det var det han hadde venta. Det var det han hadde ønska òg. Men han ønska og bad at dei måtte ikkje søkke. Beint inn til prestgarsnauste bar det med dem, og han følgde med. Der skulde han få berge dem, slik var det laga.

[30] Gjentene vakna og såg det bar dit. Ein ting til såg dei: at der stod folk og venta dem, i lyse dagen og vondskapen, og skomakarspøkelse kom sigande dit, ein svart hund i mannaliknels'.

– *He!* klaga dei seg. Det hørtes inn på stranda, som ei forvilla sjøfugl-låt. Men dei rodde som dei hadde gjort. Dei rodde til sjø og himmel vart dansande logar i kring dem. Dei anka seg for kvart åretake, ein kunde tru dei song. No såg dei sjøve presten millom dei andre, var ikkje bøn for anna enn å sjå han, dei såg enda svarthuva hans og det kvite gudfryktige håre – dei banntes høgt og håst så det smaka blod i halsen. Dei skulde ha drepe seg, men det var her ikkje tid til!

Det var sant nok at presten var der. Prekesundagen gjekk han støtt morgonturen sin, i all slag vår. I dag hadde han set båten utpå fjorden, og hadde komme ned til sjøen med det same rossdrenge kom dit frå sin kant, – *han* hadde set fôrspill frå låven og dit ned. Fleire kom til etter kvart, og ingen skjønna det plukk anna enn at her stod einkvart på. Da kom skomakaren. Han var så i frå seg at han fortalde alt i hop: Det var tvilingane i Urvika, dei hadde vore i prestgaren og stole høy, dei var ubergelig så fôrlause!

– Men no søkk dei! ropa han, han stod og tvitrødde i fjæra.

Sokk gjorde dei ikkje, men båten gjekk full med det same han kom innpå grunna, og høysekkene [31] flotna og fór i land. Båten tok *nedpå*, og gjentene hoppa ut ei på kvar side, hogg i kvar sin kjeip og berga båten frå steinane. Hjelpsame hender tok i med og drog han opp; han kom fint ifrå det. Jamvel skomakaren hadde fått gitt ei hands hjelp, og lykkelig var han. Dei skulde berre ha visst kor våt han vart på eine foten!

Presten stod og såg på tvilingane med all si makt.

Og no såg dei beint på han. Hendene hang døde ned, og heile kroppen var død å sjå til, andleta deira var gråe og stive, men auga dei stod beint i mot presten sine og var ikkje det grand blinda.

– Ja ha, vi har vore i prestgaren og stole, sa den eine.

– Og no ber det vel i gapstokken med oss, sa den andre.

Slik sa dei ja. Dei skalv ikkje i måle ein gong, og best det var så lo dei, midt i åsyna på presten og dei som i kring han stod. Ingen kunde kjenne att tvilingane frå Urvika. Det gjorde dei visst ikkje sjøl heller.

Presten tagde ei stund. Så baud han at dei skulde bli med til gards. Da såg dei på einannan og vart skjeive i andlete.

– No svelt kyrne i hel for oss, sa dei stilt.

Men presten hørte det, og han snudde seg til skomakaren, bad han ta ein høysekk og komma seg vestetter: kyrne skulde ha mat. Og skomakaren fór. Jamvel attan- ifrå såg han lykkelig ut.

[32] Gjentene måtte ta kvar sin høysekk og bli med til prestgaren.

– Ja vel, sa dei. Gapstokken gruvar vi ikkje for, no lenger.

Dei måtte inn i kjøkene, og presten sa ifrå at dei skulde få tørre klæa på. – Sia blir de med i kirka, sa han.

Der var mange folk i kjøkene, og alle hadde hørt kva som hendt var; somme hadde vondt av dem, og somme hadde godt av dem.

– Nei, sa tvilingane, som med *ein* munn: I kirka kan vi gå, før straffa tek til, men da går vi så våte vi er. Folk kan få sjå oss slik, dei kan få le med dei *lystar*, let dei.

Både den eine og den andre hysjta til dem, dei skulde skamme seg, og akte seg med! Men gjentene åtte ikkje meir vett, dei lo. For verre enn gale kunde det da aldri bli?

Da sa presten, han var reint ein frammand mann i dag: – Ta høysekkene dykkar og kom dykk heim, born. «Gakk bort og synd ikke mere!» sa han.

Endelig skjønta dei kva som var sagt. Dei tok kvar si tjyvbør på nakken og gjekk, med folk stod og såg etter dem. I heimvegen lo dei ikkje, men dei klaga seg heller ikkje, dei gav berre på og gjekk. Utom fjøsdøra heime gjekk dei seg på skomakaren. Kvar ei tann i han smilte, han fortalde at no hadde kyrne fått både mat og vatn.

[33] – Og at de slapp så lett da! sa han, – eg er så *glad!*

– Men *du* slepp ikkje så lett! ropa dei baa to.

Der med tok dei han og la han over ende. Ane slo først, men Bea slo hardare, og sia slo dei det dei var godtil. Dei leika skomakar og sko med han, ein plugga solar og ein banka lâr; det var syndig kor dei reidde han til. Men han gjekk sjølstødd heimover, trøsta dei seg.

Like vel: dei trøsta seg ikkje godt nok. Ane var den første som stal seg dit og såg til han, og Bea gjorde det same ei stund etter, dei trong ikkje spørre nokon om lov til det. – Jau da, han kom seg tålig fort att, snakk om skomakar-skinne!

Sia bar det ikkje ansles til enn at Ane vart gift med skomakaren, – ho var liksom den eldste av dem. Ikkje lenge etter vart Bea gift, og det med ein gut frami blanke bygda.

– Du lyt bite hue av skamma, elles bit ho hue av deg, sa dei seg imillom. – Men gapstokken er no stygg da, la dei gjerne til, og så lo dei litt. *Dei* var ikkje redd han lenger.

I rorbua

[37] År for år møtte der opp ein mann i fiskevære og var til plage for alle bukammeratane. Dei kalla han *Brei-Lars*, og det var ikkje for ingen ting, men gud hjelpe den som sa det så han hørte det. Kor han åtte heime visste dei ikkje for vel, men langt innant lande hadde han komme ein gong i tida, sjøl veit om han ikkje var heilt i frå Sverrig. Om sommaren var dei kvitt han i bygda, da fór han langt syttan i vald. Men til fiskestid møtte han opp og hørte seg om etter båtsrom, og kven våga å seie nei til *han*? Dessutan var han sjøkar som det var mon i, han kunde mest gjera det ut for to. Eitt åre rodde han med den, andre åre med den, men rorbua som hyste han ho vart trong for dei andre. Større og sterkare enn anna folk var han, og så romstor og hardlyndt at han helst vilde trø ein ned. Dei sa om han at var han edru da var han verst, men vart han full da var han enda verre. Da hendte det han jaga dem ut alle mann, eller òg laut dei krype åt køya.

Eit åre hadde dei ein skåre i same bua, han heitte så mykje som *Petter Oluf* og var langt austant fjorden. Sia snakka dei om «den vinteren [38] han *Petter Oluf* var her». Han gjorde som skåren lyt gjera, han heldt seg utor vegen for vaksefolke og la seg aldri borti snakke deira. For det første la ingen større merke til han, dei hadde nok med 'n *Brei-Lars*, det var første åre hans òg i den bua. Guten rigga til ein dugelig *hans*, det vart rettelig ei bløyte heile bulage over, og etter den dagen ansa dei han bar nasen høgt og spytta som ein fullvaksen ein, men det hadde kanskje vore vise hans all tida, – gutskiten!

Gong og annan såg han på *Brei-Lars* og undra seg når han kom på sitt mektigaste. Han såg gjerne litt på dei andre med det same og undra seg over dem òg.

Ein laurdagskvelden ikkje lenge etter hansinga var *Brei-Lars* reint omfram. Han hadde raka seg og helgaklædd seg i god tid, hadde vore i kista og skjenkt både seg og nokre andre eit par drammar, – *dei* vilde ikkje seie nei når han baud skjenk, kunde ikkje ta andsvare for det. Eldstemannen i bua tok inn eit garn, som han hengte i kråa ved søndre vindauge, og gav seg til å bøte. Der var fleir som tenkte på det same, for det trongs storlig.

Brei-Lars spurte om han ikkje såg dei hadde helgavaska bugolve? Og da den andre berre murra, tok han game og hivde ut. Kokken kom i vegen hans, og vart skumpa så han datt og slo sund ei røys med talikkar. Eit par mann kom i skade for å sjå på Lars, dei var meir redde enn [39] dei var forundra, og dermed var han vill. Han stirde på dem og spurte om der vanta dem noko. Dei fekk akte både kjeften og kroppen sin, han skulde *gå dem i hel* visst dei tok til å krangle, han vilde ha fred i bua! He? – Ingen svara eit ord, og det gjorde han så kokande han trampa i golve åt dem: Iddest dei ikkje svara heller?

– Men kjære deg, tok ein av dem frami, vi seier da ikkje eit ord vi.

Brei-Lars gjekk i mot han og vilde gi han. Det såg vålig ut. Da steig skåren i millom, han Petter-Oluf, han hadde set seg meir og meir storøygd på oppstyre, skjøonna ikkje det slag av det.

– Stopp no ør lite grand, seier han.

Og Brei-Lars stanar verkeleg. Han kjem seg ikkje ein gong i veg med å slå, så opp i under er han. Den andre seier med ein flir:

– Er du nykommen til verda du? Har du aldri vore ute i lag med folk før?

Brei-Lars får ikkje opp måle. Han snorkar til ein to-tre gonger. Dei ventar med anda i halsen alle som ein, at no slær han Brei-Lars, og visst *han* slær? Men Lars snøser berre og lear på eine aksla; han snur seg frå skåren og sett auga i dei andre så dei minkar der dei sitt. Dei visste ikkje der fanns så fæle auga i mann; redde folk kunde han visst ha set tvert i hel.

Skåren går mot døra, han har sagt det han skal, går tett framom kjempa så han trør på foten [40] hans, snur seg forarga og sett i: – Du bør gjera deg mindre brei, kar, når du er i utferda!

Brei-Lars sa ikkje noko, men no kom han, og gud nåde syndaren, det sa dei, – men der let ikkje ord i dem.

Dei to ser einannan i augesteinen, står og blunkar og stirrer på kvar sitt vis. Dei andre legg merke til kor nær samene auga ligg i Petter Oluf: han der veit gudhjelpemeg ikkje så mykje som å akte skinne sitt, langt mindre noko meir; der står han. Brei-Lars har bite i hop kjakane så han er vanstelt i andlete. Han løftar kloa og vil ta gutstakaren.

– Jaså? sa Petter Oluf. Jaså, du har ikkje meir vett enno?

Brei-Lars sette i eit rål med stygge ord. Det vart berre eit langt ulæte.

– Hysjt med deg! song Petter Oluf ut og tok eit kvassvore steg fram mot han. Gjorde eg min rett no, da *tok* eg etter deg! Ja!

– Du skal ha ris, sa Brei-Lars.

Petter Oluf slo opp ein gapskratt, det var for løglig at nokon snakka slik til han. Men han tok på seg ålvorshyre straks att. – Ser du slett ikkje kven du har for deg? spurte han.

Da fell det utor munnen på ein, og der med seier alle det: dei bed skåren så tynnt at han må tie no. – Kjære deg, bruk vette ditt! formana dei.

Han ansa dem ikkje, var det likt, men Brei-Lars snur seg mot dem og hutar dem så der finns ikkje lyd i dem meir – *kan* dei halde kjeften [41] sin? eller må han til å hjelpe dem med det? Petter Oluf går fram til borde, han kakkar i det som den mannen han er, og seier:

– Sett deg ned, Brei-Lars. Rettno blir eg betterde sint.

– Hø! banprat! bles den andre. Nei, folk, eg er *lite grand* for god til å ta i småborn.

Han går til døra.

– Nei, stakar, du rømmer, seier skåren og spyttar. – Og det gjer du rett i, legg han til. For du er avsett, hører du det? Det siste ropar han etter han.

Brei-Lars hørte ikkje kattskrik han meir hell Vårherre, han let att døra etter seg så lognt som vakse folk gjer det. Petter Oluf såg like sæl etter han, tenkte på noko heilt anna og gjeispa litt med seg sjøl; kjem så til å bli vår dem som sitt rundt veggene og stirrer på han.

– Eg må seie eg skjønner dykk ikkje, tok han til ords. At de let han der komlingen gro opp over hovude på dykk. Blir de aldri vaksne de da, eller –?

Først tagde dei og tok med. Men da dei hadde komme seg litt, var der ein og sia fleir som smått hufsa på seg, dei spytta og var ikkje så frøsne som dei såg ut for. – Han var no ein skårunge da, det vilde dei minne han om, han måtte ikkje bli for byrg. Om han var stor i kjeften, for det så – ja han billte seg vel ikkje inn at han skræmte *dem*?

[42] Petter Oluf såg litt velare på dem, ein for ein. Da lo han.

– For det om du er stor i kjeften, heldt dei ved. Kven trur du skåren skræmer? Nei, ban.

– Høy san! lo Petter Oluf, han vart meir og meir oppkvikka. – Ja tek de til og blir klåfulle, gutar, da går vi ut om veggen og rettar på det. Kven først av dykk? Først som er størst, he? – han var alt fram på golve.

Somme bles i nasen og vørte han ikkje. Andre tagde og såg ned, dei hadde ingen ting med det der.

– Nei nei, meinte han. Freden kan vera god den. Han gjekk ifrå dem.

Dei snakka mangt med han var ute, og det same gjorde dei sia, og einige vart dei ikkje. Men eitt sat fast: at etter den kvelden var Petter Oluf herre i bua. Ja det forstod seg. Der var ingen Brei-Lars lenger. Petter Oluf den gutladden lest han aldri sjå, men dei merka seg han såg han tålig vel og heldt seg unda han; han brysta seg med måte. Dei òg heldt seg unda han. Dei vilde ikkje ha ufred og oppstyr i bua, *dei* vilde ikkje rivast med slik ein gælngut, finnane måtte vita kva som budde i han? Nei, san.

Det vart elles ikkje stort likare i bua enn det hadde vore. For Petter Oluf han brysta seg ikkje med måte; han var snart meir enn jambrei med han Lars sjøl, og voks gjorde han. Ingen ein kunde få han til å tie eller vike, ikkje hans eigen høvesmann dess heller, han sa dem råde sanninga [43] opp i andlete og lest aldri sjå den som i vegen stod.

Ein jamnaldring spurte han på tomannshand: – Er du virkelig så sterk?

– Sjøøl veit, svara han. Men det kjennes slik.

– Men enn om 'n Brei-Lars hadde slege i hel deg den gongen, kva vilde du da ha gjort?

– Å. Det er uvisst om han er så sterk som dei let. Eg har ikkje røynt han ut.

– Ja men han er farlig, det veit du da? Enn visst han er sterkare enn deg?

– Lat han komma. Eg slæst aldri med nokon som er veikare enn eg sjøl.

Den andre vart ikkje klokare enn han var før. Da sa Petter Oluf:

– Konsten er den, ser du, at ein av oss kom til å *ligge lik*. Så pass skjønner han òg. Og så er det det òg, ser du, la han til, at gammalt folk må ein gong sjå dei har havt si tid; dei får vera så sterke dei vera vill, i gudsnamn.

Orda vart fortald og vart tenkt på. Kva skulde ein seie til slikt? Anna enn det da, at han er farlig han som tenker på det vise, der er ei stygg ånd i han. Dei laut la han ha si tid; så fekk dei *sjå*.

Men der hendte litt til i bua før fiskja var slut. Mor til Petter Oluf kom dit eine helga. Det var mange kvinnfolk som nytta dampbåten og fór til være ein vending, så hadde dei da set korles *der* såg ut. Ho var ikkje mangmælt av seg, og hadde [44] visst ikkje større usnakka med sonen sin; ikkje var ho kjent med nokon heller der i bua. Men ho gav seg i snakk med høvesmannen hans da guten ikkje var til stades. Ho vilde høre korles det gjekk med han. Tålte han sjøen? Og var der noko tak i han? – Han var ikkje for katten han Petter Oluf, let høvesmannen. – Det var gildt å høre. Men korles folka han seg til etter kvart, millom dei andre? Høvesmannen måtte vera så snild å sette han til rettes, visst det trongs. For det var særlig meininga hennes med å sleppe han åt være, at han skulde lære skikk og sømd, lære å ferdast på folkvise i verda. – Høvesmannen gav henne rett i det, og slapp å svara.

Det var ein fin vêrdag, og karane for mykje godt ute og sveiv. Brei-Lars kom inn med ho var der. Han gav henne ingen ans, han var ikkje den som glåmte på frammandfolk, men ho tagde med ein gong og stirde på han. Dei la merke til det alle. Sia snudde ho seg så ho ikkje såg han. Han glytta bort på henne eit par gonger, drog i hop brunene og såg i veggen. Så reiste han seg og gjekk ut att. I døra møtte han Petter Oluf, som kom trøande beint på han så han måtte stige til sides. Ho sette auga kvast i guten, og spurte om han ikkje gjekk utor vegen for folk.

– Ikkje for han der nei, kunde han fortele henne.

– Ja kva var det for eit sjøtroll det der? undrast ho.

[45] – Ja fortel meg det du, så skal eg seie deg det. Dei kallar han Brei-Lars, men her etter blir han ikkje breiare. Hø! bles han. Eit avdanka ålbogmenneske; vi skal ikkje ha slike stovingar over oss no for tida.

Ho vart ståande og sjå på han og sa ikkje noko. Sjøl veit kva ho tenkte på.

Brei-Lars kom ikkje inn meir med ho var der. Sia om kvelden spurte han ein av karane kva det var for ei kone som var her.

Nå, noko kone var ho no ikkje, fortalde han, men ho var da elles mor til 'n Petter Oluf her; ho heitte Hanna Sandmoen. Ho hadde fengta i denne sonen med ho tente i grannebygda. Kven som var faren visste berre ho sjøl, og så han da som var det, rimeligvis, dei nemnte ein som hadde tent i lag med henne, men han hørte ikkje heime på desse kantane, det var eit villframmandt namn ho gav opp. Det og det åre var det. No sat ho med garen heime, etter bror hennes var død. Ho sat bra i det.

– Hanna Sandmoen? sa Brei-Lars. Jajaja, sa han og gjekk sin veg.

Sia om kvelden sat han still. Eit par gonger såg han på Petter Oluf når han kom framom, det var ikkje ulikt til han fekk mot på han snart. Det blir vel ikkje ro i lufta før dei to har røynt seg på einannan, tenkte karane.

Petter Oluf ansa det ikkje. Han vart meir og meir romdryg i bua, og dagen etter bad han høvesmannen ^[46] sin halde kjeft, han skulde ikkje ha formaningar av dumt folk. Brei-Lars hørte det. Han la stilt frå seg det han hadde i hendene og gjekk bort til Petter Oluf, tok han over armen og sa:

– Hør no her, gut: Du kan vera så sterk du vera vil, du skal ikkje be høvesmannen din halde kjeft. Det går ikkje det.

Enno ein gong vart det stilt i bua. For no bar det laust, det var ikkje å miss-ta på.

Petter Oluf retta seg opp, han trudde ikkje øyra sine. Han vilde sjå den andre ned gjennom golve. Brei-Lars heldt take sitt, og han snakka så lognt dei skulde ikkje trudd dette var han.

– Bli med meg ut om veggen, så skal eg fortele deg noko, sa han.

– Jagu skal eg bli med deg! let den andre.

Og med vart han. Var han virkelig så uforfæld som han såg ut for? Det var reint utrug. Det såg halvveges ut som overmakta flytta han med seg, – eller var det ei anna makt som tukta han? Ja ja, no stod det om. Ein og annan lurte seg etter. Utom døra tok Brei-Lars og sette han mot veggen og blåheldt han.

– Det er det at eg er far din, sa han. Så sant du er sonen til henne som var her i går. Slik er det. Og no ser eg inga anna råd: Vil du ikkje vera folk, da må eg gi deg ris. Enten eg er sterk nok til det eller ikkje. Spurte så med all si tyngd: – Vil du vera folk, Petter Oluf?

^[47] Petter Oluf såg rar ut. Han måtte ha spørsmåle ein gong til før han fekk tak i det.

- Er du viss på at du er far min? spurte han. For *elles* – gir eg meg aldri!
- Eger da viss nok, sa Brei-Lars. Ho var viss nok ho mor di òg, i går da ho såg meg.
- Ja ja, sa Petter Oluf. Eg er hendt som det høver eg. Han sette auga mot far sin, han drog enda på smilen, og så sa han: – Lat ikkje meg komma til å skjemmast av deg, så skal du sleppe å skjemmast av meg. Det er eit *ord* det.

Det orde heldt han. Han var folk etter den dagen. Dei var folk baa to. Rorbua var ikkje attkjennande for dei andre. – Det var for resten ingen som trødde tærne av dem heller, forstår seg.

Men var det faren som hadde tukta sonen, eller var det sonen som hadde tukta faren? Dei visste ikkje kva dei skulde seie om det. Det same kunde det vera, for dei var tukta til folk baa to, det kunde ikkje likare gjerast.

Og tukt må der til, sa dei, bukammeratane.

På drivfjorden

[51] Dei hadde sett garna, og to av dem skulde legge seg litt, det var ikkje anna å ta seg til for det første. Dei var tre mann i båten.

Sjelden kom silda så tidlig på åre, og ingen kunde minnast ho vart ståande her noko tid, så langt ut for fjordgape; det måtte vera godvêre som hefta henne.

Det var blikkande sommarnatta all sjøen utover, og drivbåtar lag der vidt i kring. Store måseflokkar kvitte det på både austafør og vestafør, heile vide flak av dem. Dei låg så stilt på vatne, dei sov som sjøen; ein og annan måsen rodde i lufta over båtane og såg seg om, den eine lét litt, og den andre svara, mest som dei vilde fortele kor stilt her var. Enno var ikkje silda i vage.

Karane vart sittande og sjå utover sjøen, for så blank var det sjelden han synt seg, eller innerter mot lande, for det bladde så rart fram no da sola var borte. Det hasta ikkje med å legge seg, i slikt vêr. Den eine av dem var nyst heimkommen frå Amerika og var med på drivfjorden i natt for berre moro skyld; han heitte Amerikanaren der i båten.

[52] Han seier best han sitt: – Jamenn er det rart å sjå. Både sjøen og lande. Mest som eg skulde sitte her og sjå det i ein draum.

– Jaså, seier *Jørgen*, han som er høvesmannen å rekne for, – jaså du er så reint attkommen frå Amerika. At du sitt og drøymer på lyse dagen?

– Men eg trur no ikkje på det, eg som du, let Amerikanaren. Du som trudde du skulde få både garen og gjenta berre for det du drømte om det, minns du det?

– Eg minns det var du, eg. For *eg* – –

Dei munnhogdes støtt dei to kammeratane, for dei var gamle venner, og denne gongen heldt dei på ei god stund. *Kristian*, tredjemannen, sat still og hørte på. Han flytta seg på tofta eit par gonger, han likte vel ikkje galenskapen deira. For dei bytta mangt eit salta ord om det folk heldt hellig, om elskhug og ektestand og andre ting

som den eine eller den andre av dem ikkje trudde på. Så hamla dei seg att-ende til einkvart dei var einige om.

– Nei, seier Jørgen: Det er draumar det meste vi fektar med. Og draumen har eg aldri gitt nokon ans. Det måtte vera som å tru på lagnaen eller kvinnfolka det. Som å lite på truskap i kjærlegheita. I gamle dagar var der ein mann som leit på kona si, det har dei fortalt ja.

Han spytta ut over ripa, tok årane og rodde nokre tak, vilde strekke litt på garnlenka, enda det trongs ikkje. Amerikanaren nytta på med han [53] snudde seg vekk, og var ned i matbomma hans og rota. Ja visst var der flaske ja, og glas. Han skjenkte ein dram og baud han:

– Sjå her, høvesmann! Du må ikkje forsmå, om det er dårlig slag, eg har ikkje likare å by eg.

Jørgen hadde merka tjuven, men han gjekk med på unotane, takka og drakk. Han og Kristian hadde gjort slikt varp med silda her i førnatt, dei laut koste på seg ei flaske, om det skulde bli kaldhustre til natta. Dei drakk nokre nubbar, no når flaska var framme. Så skulde dei to legge seg litt som hadde vaka i førnatt, og Amerikanaren halde eit auge med lenka.

Da seier Kristian: – Det kan vera korles det vera vil. Eg trur no både på draumen og truskapen eg. Ja på kvinnfolka med. For det ein har opplevd, det har ein opplevd.

Kristian var utabygding. Han hadde mist kona si for eit par års tid sia, og da var det han selde garen sin sørafor og flytta hit nord, han var ikkje mann for å vera der lenger. Ja, han var litt sturen av det enno, folk fortalde dei hadde vore som eitt menneske å kalle dei to. Kammeratane svara ikkje noko på det han sa, dei hadde prata tull nok for i natt. Han merka det, men det hissa han til å seie meir; det vesle brennvine hadde gjerne fyke på han som uvant var, tenkte dei.

– Spott ikkje, de, sa han. Nemn ikkje truskap og slikt noko, de som ikkje veit noko om det. Ein må ha opplevd det først, Nei men *eg* drømte [54] ein gong eg, det var forunderlig! De snakkar om å vera sanndrømt. Ja, det er ein merkelig ting, når ein råker ut for det. Det er som eg skulde ha drømt det no i dag her. Det er halve livet mitt.

Han la seg i framskotten, med oljeclæane under seg, låg og såg opp i vøre og snakka.

– Eg fór så smått og fria til ei jente. Det raraste var at det såg ut som eg skulde få henne. For ho var storgarsgjenta i bygda – det finns ikkje gar her i kring som kan hamle opp med den ho var i frå – og vakker var ho, trolle, de skulde berre ha set! Eg trudde mest eg drømte både gjenta og heile herligheita somtid. Det stod berre på kva foreldra hennes sa, for vår gar var ikkje halvparten mot deira. Gjenta vart redd først eg nemnte å snakke til dem. Litt redd var eg sjøl òg, eg kan ikkje anna seie.

Ein kvelden la eg i veg like vel, eg vilde vita det eg skulde vita. Ja det vil seie, eg drømte det, men det visste eg ikkje da. Eg gjekk i måneskine om haustkvelden, det var ikkje seint, eg tok beint over vollen heimafrå og dit; der vart ein mørk veg etter meg i håa, for det rima på marka. Enno ser eg stjernene over meg, korles dei hang, der den, og der den; eg minns enno at eg fraus litt, eg var ikkje så overhendig modig der eg gjekk. Men eg beinka meg opp og svor på at no kom eg *inn* åt dem, – om så'n Sjur sjøl og gammalbestmora hans steig i vegen for meg, let eg. Kva seier du [55] ikkje når du er både dum og redd – – vi reddast ikkje for dei blaute danskane! seier vi.

Ja, så kom eg ned til bekken, han er ikkje verre enn at ein kan skreva over han. Men der stod det ei gammal kjerring-sål og vilde over, men ho kom ikkje over, for ho var så reint for gammal, ho var jordslegi i andlete som ei gullbrur, var ho. – Ei kjerring her? tenkte eg, og på den her tida? tenkte eg, ein skulde mest tru ein drøymer. Og så gammal og hjelpelaus! – du snakka om Gammalbesta her i sta, tenkte eg, men den her er no ikkje yngre da, og ikkje stort triveligare heller. Men over bekken skulde ho, som sagt, både med staven og laupen sin.

Eit kre lyt ein hjelpe, det er ikkje anna med det, og så tok eg og flytta henne over bekken. Ho var lett som ein fjørsekk. Ja der stod ho og takka meg og velsigna. Der var ikkje mål i henne, det hadde alderen ete opp, men eg såg da kva ho sa. Men så kunde ho ikkje gå heller, kva fankeren gjorde eg så? For eg skulde ein annan veg.

Da hørte eg tydelig ho kvinka at eg måtte bera henne på ryggen, ho tagg så nauande tynnt og vent. – Nei, meinte eg, er du så gammal som du er stygg du, da er du tung på ryggen. Eg sa du åt henne, så tustut var ho, – så vel som eg minns det! – Men vent no, sa eg. Sjå her: Sett deg skrevande over denne plogåsen her, så skal eg skyssje deg eit stykke. Det låg verkelig ein gammal plogås halvt nedgrodd i mosen der ved bekken, det [56] var gjerne eg som hadde slengt han der ein gong. – Sett deg og ri, di krutheks, sa eg, for eg likte henne mindre dess meir eg såg på henne. Ho så gjorde, og eg tok i og drog. Ja da.

Da ler ho, gamle styggelse, hegrar og ler, ja eg synes ho ler inn i øyra på meg somtid den dag i dag, – no fór eg! lo ho. Dess lenger vi kjørte, dess gildare tykte ho, og dess meir mål vart der i henne. – Hæ! hæ! knegga ho, nei det her det var trøyheit det! Ho gol, sistpå. Men lett var ho ikkje lenger, som det undra meg no ikkje, eg måtte legge åsenden over aksla og dra som ein skamlig hest. – Ta i og dra – i kjerringa da! song eg, og det lo ho enda meir til, det var som eg skulde ha kitla ein kåt barnunge. Og slikt måneskin! det får eg aldri sjå meir.

Men eg merka godt det var kjerringbeiste som styrde og ikkje eg. Det bar dit ho vilde. Eg trur eg merka det òg, kven eg drog på, at det var ho som eg nemnte litt for karavorig nyst før, men det brydde eg meg sytten om, eg måtte hjelpe henne til einkvan annan kunde ta seg av henne. Friinga fekk stå ut til ein annan gong. Og vi kjørte.

Det bar inn på ålmannvegen og etter den, langt bortgjenom bygda, eg syntes ikkje rettelig eg kjente att meg lenger. Kjerringskapnaen sat og tulla og velsigna meg i eitt vekk, at meg skulde ho lønne ja, eg var den gildaste og snildaste av alle ungarane vidt i kring, – du er så mykje til gromgut at, peip ho, å eg skal gjera deg slik ei [57] velgjerd at jagu og ja san! – Møter eg folk da kastar eg og spring, sa eg med meg sjøl.

Og der møtte vi folk! Midt i mot oss i vegsvingen kom dei, tre mann sterk. Ja ja, tenker eg, og så slepper eg plogåsen av aksla og fer. Men karane tek meg straks, og da ser eg det er lensmannen og drengene hans, og sia kjem det fleir. Gammalpiska hadde kviskra til meg at ho skulde snart komma att, og der med *fór* ho, skal eg seie, – som du ser skuggen av ei sky ein vestavindsdag!

Laupen hennes tok dei i det same dei tok meg. Eg hadde gått og bore han! Dei såg nedi han, og dei såg på meg, og så lo dei og sa at han her kan no ikkje nekte i alle fall, her har tjyven og tjyvgodse komme og leita oss opp. Laupen var full av sølvty, skjeier og skåler og all slag stas, og eg hadde set det før. Eg hadde set det i heimen hoss gjenta mi, hoss henne eg skulde ut og fri til.

Eg fresta å vakne, for dette måtte vera ein draum. Men nei. Der stod eg og hadde stole, i garen hoss kjæresten min, det var klårare enn nokon dag. – Eg må ha gått i sømnen og gjort det, sa eg.

Eg vart leidd inn på nærmaste garen, og det var just hennes gar, eg måtte tru det når eg såg det, enda han var langt gildare enn eg kom i hug. Folk stima i kring meg og glåmte på tjyven, og øvrigheita sat inne og dømte meg; og med dei det gjorde,

hørte eg nokon tømra opp det eg skulde [58] henge i, dei hogg og banka og stelte det forsvarlig i stand. Da vakna eg, men kva hjelpte det?

Det var morgonen, rett nok, men der stod eg som før, midt i millom dem, stod og skulde døy. Døy *uskyldig*, har de prøvd det? For det visste eg at eg var, om det aldri så mykje var eg som hadde stole. Ja. Og redd var eg ikkje, eg kjente etter, men nei gut! Det undra meg litt, for eg var aldri nokon hund på å døy. Tvert i mot, det er live og dei ting eg har trøsta meg til, all tida. Men eg tykte det var hardt like vel, det var *urett*.

Eg må vel ha venta at slikt går ikkje for seg. Det gjorde det heller ikkje. Der kom ei og frelste meg, og det var sjølve prinsessa. Og maken til prinsesse da! Det hadde ikkje eg set, eg har aldri set ei prinsesse eg, såg aldri folk av det slage eg. Ho tok meg i handa, midt framfor heile folklyden, og leidde meg der i frå. Var det likt, ingen ein torde mukke, ho var dotra der i garen; eg var frelst. Og det var godt og vel. Det var overlag godt og vel. Eg tykte litt vondt om dem som stod der med galge og reip og vart snytt for moroa.

Men prinsessa vart snart for nærgåande mot meg. Ho vilde vi skulde rømme lande i lag; ho hadde venta på meg i sju år, eg kunde ikkje tru kor ho hadde venta! – Ja ja, sa eg, men først vil eg inn og snakke med far din. – Nei langt i frå, vi skulde fara no, slik vi gjekk og stod, no *sa* ho det! Jøss gut kor det gneista av auga hennes – ho *var* ei prinsesse!

[59] Eg tenkte med meg, at slik må ikkje eit kvinnfolk komma mot ein kar, og slett ikkje prinsessa mot stakaren ho har berga frå døden, det blir for mykje av det gode. Eg gjorde meg tver til henne; eg gjorde meg uvis. Huff ja, eg synes eg står der enno, ho har reint tynt meg, så vakker er ho, og eg kan ikkje gi meg, for det kan eg ikkje. For skal eg ha prinsessa, da vil eg òg ha halve rike. Enten må eg sjå henne gråte, eller òg må eg sjå henne rasande. Eg fekk sjå henne rasande.

Da såg eg noko fælt: Det var henne eg hadde drege på plogåsen! Same kor vakker ho skapte seg til, det var henne, – same andlete og auga og kvart eit drag, når ein først vart vår det.

Eg vart så forfæld at eg fór i frå det. Og denne gongen slapp eg virkelig laus og kom inn i vakne live, eg sat i senga, slik fann eg meg att. Sveitten flødde av meg. Ute var det måneskine og natta som eg hadde drømt det; slik glittra det i rime bortetter vollane der eg fór. Eg såg vel på det. Men eg syntes det var meir likt til draum enn

det eg hadde drømt. Det sat i meg lenge at eg drømte alt eg såg, det var det andre som var sant.

Slik var no det. Sia har det hendt meg mangt anna. Somme gonger tenkte eg det måtte bli ein utveg til å vakne i frå det. Men det var slut med det, san.

Kristian hadde ikkje meir å fortele. Dei andre to karane sat som dei ikkje hadde idast høre på. Amerikanaren stal flaska deira i gjen, skjenkte i [60] og retta Kristian glase. Han skjenkte alle 3, og tak og anna strekte han litt i lenka. Det var midnatts leite snart, og ei blågrå skymming hima over himmelen og tok bort lande, men fuglen var i vêre no og heldt leven eit stykke nordafor. Ute i vest hørtes ein djup lyd; så ein til. Ein skulde tru det var have som sukka i sønnen. Det var kvalen. Så no var da silda i ovring, om ho ikkje just var her enno. Det var å bie det, og det var inga ny lekse.

– Ja ja, sa Amerikanaren, men korles vart det, fekk du den der gromtausa?

– Det var ikkje henne eg skulde ha. Det var det som vart avgjort i draumen. Når du drøymer, ser du, da er du deg sjøl. Da lever du. Elles kan det vera smått nok med det, veit du.

– Tullsnakk! mumla Jørgen. Du må ha ei visdomstann for mykje. Eller òg har du hol i dem alle sju.

– Han har fått ei flue inni tankeverke, trudde Amerikanaren.

– Ja ja, lo Kristian. Skitord får ein tåle om det så er om sundagen. Nei men eg kom til å minnast ei anna gjente. Eg hadde set henne midt i draumen og alt styre, ho såg så tungsamlig på meg for det eg skulde hengast; ho var den einaste som gjorde det. Kanskje så hadde eg aldri havt skikkelig glømt henne. Ho hadde gått i årvis og trudd på meg og venta, ho visste ikkje rettare enn at det *var* vi to. Ho hadde tulla seg heilt til [61] byen, såla, men venta på meg det gjorde ho og var meg tru all tida; til eg kom. Ja det der er no elles noko eg ikkje snakkar om.

– Nei nemn det ikkje, sa Amerikanaren. Kva sa ho storgarsprinsessa di da?

– Ja det veit eg ikkje. Ho gifta seg tålig snart. Og da synte det seg ja, at ho var den eg hadde drege på i draumen. Ho ruinerte både mannen sin og far sin, ho kvista dem så fint at, og vond og gali det var ho på alle vis. Ja da, sølve i garen, som eg hadde forset meg på, det slapp eg unda, gudskjelov. Eg, som sagt, eg leita opp

henne eg skulde ha. Det var ein hjelpsam draum, var det; same kva de seier eller trur.

– Nei men minns du henne vi vart kjent med i byen, Jørgen? slengte Amerikanaren inn. Ho der som tente hoss 'n Folmer nedi Sandgata? Ho med pannehare – Mina eller Trina heitte ho visst?

– Just nettopp ja. Eller Lina kanskje? trudde Jørgen.

– Jaha. Ja vel. Eg trur elles ho heitte Stina da.

– Ja kva var det med henne?

– Ikkje noko særlig. Nei eg kom berre til å tenke på draumar og slikt gammaldags vas. Det kan sjå ut konstig nok, somtid. Ein kan da bli sanndrømt når ein rettelig vil det. Eg drømte ein natta med vi låg der at eg tok henne frå snekkaren hennes, han sprang etter oss med dragspele sitt og banna og gret, og ho og eg vi lo. Den draumen laug ikkje stort nei.

[62] – Nei men det gjer du! sette Jørgen i. Det var eg som tok henne frå snekkaren.

– Du?

– Ja rettelig eg òg, no er det både sagt og svore! Ho vart med meg om bord, eg skulde gå ankervakt om natta, de andre var i land de, korles det no høvde. Snekkaren kom enda og vilde ha henne att. Ho vart med han heim. *Den* natta. For han regjorde så vilt at –

Amerikanaren braut av for han: – Snakkar du ålvor no, sei meg det! Snakkar du sant?

– Ja *eg* snakkar sant, men kva var det *du* vilde til å lyge i hop?

Amerikanaren stod reint tryneslegen. – Dette er det verste til skrøne eg har hørt her i lande, sa han. Og det aller verste er at det kan vera sant òg. Ja du Lina, du Mina! Så ler han høgt og slenger heile soga frå seg: – God dag da Jørgen, og vel møtt!

– Eg synes no ikkje det er å flire til, sa Jørgen, men lo gjorde han òg. – Nå ja, ho var for resten ikkje forlova med denne snekkaren, ho fortalde meg det. Ho hadde ein gutladd uti fjordane ein staden, der ho var i frå, ho vilde enda syne meg kva han

skreiv til henne; ho stod på sprange, trur eg, skulde heim og gifte seg med han; ho vilde berre høre kva eg sa til det.

– Vilde ho syne det til det òg? Ja du all verdsens Trina! Ja ja ja. Det var den tida. Eg [63] glømmar no ikkje henne med pannehåre like vel eg. Eg vonar det gjekk henne godt.

Da spurte Kristian, han hadde reist på seg med han hørte på dem:

– Heitte ho virkelig Lina da? Er de viss på det?

– Ja kvifor ikkje Lina? Eller Mina eller der i kring.

– *Hadde* ho svart hår da, seier de? Og nokre hårkruller frami panna?

– Ja det var da svart? Javisst var det svart ja, dei vart einige om det, og om hårkrullene frami panna òg. – Kjenner du henne du òg? spurte dei.

Han sat lenge og stirde dem inn i andlete, frå den eine til den andre. Dei måtte mest le.

– Nei, sa han endelig og manna seg opp. Nei langt i frå. Nei henne har eg aldri kjent, umulig! Så umulig som at sjøen her er fast land!

– Sjø! veit, lo dei, du ser ut for noko av kvart. Der sørafrå er du no òg, ikkje sant?

Han sat og syntes båten vart borte under han, all ting vart borte, og det ønska han var sant. Men det var det ikkje, ingen ting vart borte, og det *var* henne dei tala om. Det var ho Lina, kona hans. Han kom i hug eitt, og han kom i hug alt – kor skulde han snu seg og finne ein tvil? Han reiste seg og stod i båten, det visste han om. Han såg enda sjøen var ein tone lysare, sola heldt på og monna seg oppover att. Men han visste ikkje av at han sa det som fór gjennom tanken.

[64] – Den som kunde vakne *no!* sa han.

– Han driv på og drøymmer enno han, sukka Amerikanaren.

– Gud gi eg det gjorde! svara han.

Han mumla einkvart meir, men dei hørte ikkje kva det var, han stod da visst og leid vondt? Vaksne karen og kunde ikkje gløemme ei gjente han hadde snakka litt tøv i lag med!

Han står og ser: Sjøen er for blank, himmelen er for blank, alt i hop er så reint for klårt og blankt! Ja, og i slikt vêr går ikkje silda på garn utan ufisken jagar henne. Ho er i vage no, måsen får reint krampe av alt han ser, han skrik seg hås, og han ét seg forderva, ja ein kan sjå henne om ein berre er eit menneske, ho står tjukk her, men garnlenka held ho seg i frå. Ei vinne med staurhenning jagar i veg sørafor dem, byks ved byks, pløyer vass-spegelen så spruten står, – dei karane får silda til å lea på seg! Kristian synes der kjem ein tanke og vil frelse han frå det vonde. Han finn seg nokre garnsteinar og hiver i sjøen, eit høvelig stykke frå garna.

– Nei nei! ropar Jørgen, men det gir Kristian ein god dag, han hiver dei steinane han har i handa. Og det går slik han ventar seg, silda sprutar unda steinkaste, blink i blink, og dubla på garnlenka søkk så dei er under vatn mest alt med seg.

– Jaugu gjekk ho på no lel! ropar han, – såg de det? He? – Idiotar! seier han til kammeratane, og så sett han seg.

[65] Dei òg hiver nokre steinar, men no er sildtoppen ikkje der lenger. Nei nei, det er dagen no, sola kikar snart opp over austfjella.

Kristian ser det han òg. Har set det så mang ein gong: Fargelaus himmel, og fargelaus fjord, og midt i millom ligg lande og vil vakne. Og bakom alt sammen går sola, det er ho som gjer det til det det er. Sørfjella raudnar i toppane alt. Ein lyt bu seg på det blir dagen no.

Sola er der. Ho er utan glans og makt, ein kan sjå henne beint i åsyna.

Dei andre ansar det ikkje, dei gir seg til å ta opp garna. Der er digert med sild på nokre garn, midt for der steinane vart hivd, så det blir ei bra fengd, enda resten av lenka er svart.

– Du kasta som ein fåne du Kristian, sa dei, men jamenn kasta du rett like vel.

– Rettno hiver eg av meg både plogåsen og kjerringa! sett han i.

Han tek ikkje hand i arbeide. Om ei stund reiser han seg, og det høres som han ler:

– Eg kunde ha misstenkt gudsengelen i himmelen, men *deg*? Nei, du får undskylde!

Eit tak stod han og spurte seg: Kva gjer folk når dei kjem ut i slikt? Korles ber dei seg åt med å nå land i gjen? Yttest ute i havranda ser han eit par små skyer, dei står der røande still. Dit ut må det vera ubergelig langt. Ein kunde gi seg til å ro dit, i

den trua at det var øyar som ein skulde i land på, at det var der [66] ute ein hadde lagt att live sitt og alt som vart borte for ein.

Du heitte Lina ja, tenkte han. Nei, det er *for* hardt å vera til. Han frestar å tenke rolig over det: Når eg ikkje held det ut, da held eg det ikkje ut; da må ein få ein endskap på det, det er greit det. Ein kunde stupe seg i sjøen med ein gong. No og her ja. Ja? – Ja men da fiskar dei opp deg, og der til så er det uhøvelig å gjera ende på seg midt framfor auga på folk. – Tenk deg om, Kristian, formana han seg, du ror da i land? Kjenner eg deg rett så gjer du det.

Men til den tida var det noko han måtte ha undagjort? Ja, han måtte leva om att live sitt, litt fort no før det bar i roinga, så han vart ferdig med det. Så han visste korles det hadde vore, før han rømte i frå det. Det er ikkje langt, berre ein liten vegstubb å gå, og den slit han seg fram, han går han med opne auga, han er så gammal no at han *ser*. Ser ja, det er underlig. Slik var det for henne, og slik, den tida og da. Så urimelig som ho venta på han, så ut or von og vett på slutten, ho fann på det eine dummare enn det andre, men det var ikkje råd å glømme han. – Og endelig fekk eg deg da, seier ho.

Han ser og ser. Han ser enda seg sjøl. Nå, er det slik ein ser ut? Der går han ja. Går og tullar og drømmer, har gått og drømt all ting, til no. Om det så er sjøen i kring han, solrunna over fjelle eller lysbragle i vatne, alt som for auga kjem, [67] det er nytt og u-set. Slik ei dypt er der i auga hennes, det er det dei kallar eit rikdoms djup. Som ho smilte. Eller let vera å smile. Det har einast han set. Han ser det enno, *det* var ingen draum. Og resten –

Han spør dem best han står: – Veit *de* kva det var for ei de snakka om her i sta? He?

Dei snur seg og ser på han, og da er han kvitgrå i andlete. Men han ler i mot dem:

– Nei! Og aldri får de vita det heller. Og ikkje er det den moten heller no meir, at ein gjer seg til sjølik for det om ein vaknar av ein draum. Nei da!

Der med sette han seg i årane og rodde, for no bar det heim dei kalla.

Kammeratane vart uhuglig til motes. Dei tagde og rodde. Dei skjønna ikkje kva som hadde fare i'n Kristian, han var da elles ikkje *den*? Det litle brennvine, skal det ha fyke på han? Det er gjerne hardt å miste den ein er gift med; dei må ha rive opp sorga i han; ja ja, det var ikkje med vilje gjort.

Dei såg han for seg tak og anna, enda dei sat og snudde seg andre vegen:

Smal i andlete, auga store og litt langt i frå einannan, men han er ingen sau for det, og med kvart lyser det opp i dem så ein skulde tru han er klokare enn folk flest. Ein nærtakande krok – det er inga skam i det. Han får sova ut når dei har tint av silda, og finne på einkvart lystig att å drømme om. Det får han.

Berre ikkje solreven tok dem før dei nådde støa. Det var ein ting ein måtte *tenke* på, det.

Ei lita gjente og tjuven hennes

[71] Der kom, ei smågjente ut kjøkendøra med eit blikkspann i handa. Ho stod litt og retta andre handa ut bakom seg, ho venta veslebroren vilde komma og henge seg på, for det brukte han, – ein kan ikkje gå to føtt utan å ha han i skjorta, sa ho med seg sjøl somtid. Ho var straks sju år, ho fyllte åre sitt no nett føre jul.

Broren kom ikkje denne gongen, og så gjekk ho. Det leid til kvelds alt, skogen heldt på og vart svart, og jordene var mørke dei òg, dei grein med kvite skareflekke, men himmelen han var overlag blank. Der fanns ikkje kjøld i lufta; så rettno fór vel det vesle kjelkeføre som var att, tenkte ho, tok seg så dregt og skridde over hålka flekk for flekk nedetter vegen til kjelda, heilt nede ved skogen. Ho skulde dit etter ein skvett drikkevatt, for vatne heime i brunnen var ikkje *godt*; ho hadde fått dette arbeide.

Ho drygde litt før ho steig på kne og tok vatn i spanne. Nei redd var ho ikkje, det var berre det at skogen stod så urimelig still i kveld. Sette reven i og skreik no, da hivde ho og sprang. Men da ho hadde fyllt spanne gav ho seg enda litt god tid, [72] det hasta ikkje, det var lyse dagen å kalle, og kva var det ho tenkte på her i sta?

Da kvakk ho til, for der stod ein mann attmed henne, og det ein villframmand kar. Det kom for henne han hadde stått her heile tida med ho var her. Han stod og såg på henne, han hadde brune auga som ein kjøl-fark, og skjeggut var han. Han hadde grå busserull, og buksa var av seglduk, men ho var så gammal ho var brun, men ny blå skjermhuvu hadde han like vel. Skone hans var verst, dei var så sunde at.

Ho retta seg opp, såg heimover som snarast om det var vågelig langt, og så stirde ho beint i mot auga hans og venta.

Da såg ho han var ikkje det minste farlig. Fanns ikkje farlig i han nei, og ikkje var han nokon tater; ho trudde heller han var sjuk. Nei, no såg ho det, han var tørst, han vilde ha vatn hoss henne, og i det same sa han det sjøl. Ho skyndte seg og retta han spanne, ho glømte enda å seie versågod. Men det ansa han ikkje, han hogg i spanne og sette det for munnen og stordrakk. No vart ho litt ille ved, for det var ikkje folkvett i slik tørsting og drikking. Endelig ein gong gav han frå seg spanne og

takka. Ho slo vekk den dropen som att var og fyllte spanne på nytt, så såg ho på han og vilde seie god natt, eller burde ho heller seie far vel? Mannen stod og såg på henne.

Men da vart det underlig så kaldt å stå der, jip meinte ho fraus fast, for dette var *han*, og han ^[73] var det ho hadde tenkt på og vore redd da ho kom hit. Han smilte til henne, det var vel for det han såg at ho kjente han, kanskje han vart redd han òg no?

Men no var ikkje ho det slag redd lenger. Først hardna ho til og sette auga i mot han. Da vart han så ulykkelig å sjå til at ho visste ikkje korles ho skulde bera seg åt. Ho fresta å smile.

Han spurte kva ho heitte.

Ho heitte *Ingeborg Anna*. Og da ho hadde fortalt det, sa ho: – Eg skal ikkje fortele det.

– He? spurte han.

– Eg skal ikkje fortele det, seier eg. Men berre dei ikkje har set deg? – ho glytta heimover.

Han kvakk ikkje så lite og gjorde seg morsk: – Kva var det ho stod og sa?

– At du er *Kirketjyven*, svara ho. Ho vart eit grand andpusten da det var sagt.

Da smilte han. Spurte så om den mannen fór her i bygda.

– Ja. Men eg skal ikkje fortele dem det. At eg har set deg.

– Eg heiter *Tor* eg, fortalde han.

– Å?

Ho tok spanne over i andre handa og neia og sa god natt. Da ho såg seg til bake, var han tvert bortkommen. – Dei ser han aldri meir, sa ho, og så sprang ho ein liten stubb. Ingen la merke til henne da ho kom inn, dei berre ståka med sitt dei.

^[74] Kvelden leid. Det vart mørkt ute, og sia kom månen; og ingen ein nemnte *Kirketjyven*. Dei tenkte visst ikkje på han heller, for *dei* hadde ikkje set han, dei trudde han var eit bergtroll å sjå til, at han drap småborn, og sjøl veit kva dei trudde, ho kunde ikkje spørre dem. Han heitte *Tor*.

Men så vidt dei var ferdig med kveldværen kom lensmannen og hadde to mann med seg, han helsa knapt før han spurte om dei hadde set ein frammandkar her i kring. – Nei, dei hadde ikkje det. Var det Kirketjyven? – Ja ha, og lensmannen spurte ein for ein om dei slett ikkje hadde set ein mann her i nærheita, ein svartskjeggut trave, helst ein med grå busserull og ein gammal svart hatt. – Nei, dessverre. – Dei fekk kanskje sjå åt uthusa.

Ingeborg Anna smaug seg ut i kj økene. Så slapp ho å lyge om ho vart spurt. Ho undra seg over at broren ikkje vart med henne til kjelda i kveld. For han tagde ikkje, det var han for liten til. For resten: nokon med svart hatt hadde ikkje ho set; det kunde ho svara dem. Berre han no fekk føtene med seg og kom seg litt dugelig til skogs! Svartskjeggut trave, sa lensmannen, det stod han midt frampå golve og maga seg og sa! Han, stakar, han hadde ikkje set han. Ikkje kom han til å få sjå han heller. Men kor vilde heimlausingen gjera av seg til natta?

– – – Det studerte han òg på. Han var ikkje meir redd her på desse kantane enn at han så nær hadde gått radt fram til gars og bedt om arbeid, – [75] da hendte det ein fekk seg eit skikkelig og ærlig matmål. Men no stod denne stakars gjentungen og babla om Kirketjyven. Så var han òg her i grenda? Da var det verre; det vart likast å ha seg over åsen her og sjå korles det såg ut på andre sida, om der skulde vera ei fôrløe å finne eller eit anna herberge. – Skal eg enno ein gong bli utsett for denne helvetes Kirketjyven! murra han. – Han skulde vore *teken*.

Ja og der er forsørge meg kirka, er det ikkje det? undrast han da han nådde opp på åsryggen; han såg spire av henne millom grantoppene. Kirka var han aldri så særlig glad i, og no var ho farlig, visst denne alterplyndraren hadde vore fram her òg med langfingrane sine. At dei ikkje sette han fast ein gong, krøplingane!

Ikkje før var det tenkt, så steig der ein mannsskapning i vegen for han og helsa god kveld. Han skulde mest trudd det var han sjøl, for det var same gråe busserullen og same elendigheita til bukse, same svarte hatten òg – nei det var sant, no hadde han ikkje den meir. Men røsta fortalde det var ingen mindre enn Kirketjyven.

Han helsa ein gong til, og takka for sist. – Kjenner du ikkje att meg da Tor? spurte han.

Tor kunde ha kjent måle hans millom tusen andre, enda det var berre ein ørliten tone ansles enn dei andre sitt.

– Eg har så smått venta på deg, sa Kirketjyven,

– Jaså, du har ligge på lur etter meg.

[76] – Ja ha, så halvveges det ja.

– Eg ser det på klæane, kaldflirte Tor.

– Det er ikkje å flire åt det, gut. No, ser du, no gjer vi bondeknølane reint forvilla, no ser dei Kirketjyven to og tre stader same kvelden, i same stunda, det skal komma til å hjelpe oss utruglig det. Men du har hivd hatten, ser eg? Ja ja, det kan vi rette på.

Tor sukka. – Eg meinte jamenn eg skulde vera ferdig med deg no, sa han. Men eg er så trøytt og svolten, eg gir fan i det alt samen.

– Det gjer du rett i, let den andre. Mat og hus skal du ikkje vante hoss meg, veit du.

Han var like ovanpå som han pla vera. Han lya rundt i kring seg med han snakka, men det òg var berre slik for moro skyld. Han spytta friskt ut i vøre, aksla seg litt og la hendene på ryggen.

– Ja eg går ikkje i tenest hoss deg meir, sa Tor.

– Nei du skal vera gjest hoss meg.

– Men lensmannen er på spore etter deg her.

– Ja visst er han på spore etter oss; det er der han skal vera han. Gud gi han kraft til å bera istre sitt med rette verdigheita heretter som hittil. Men da må han ikkje våge seg for nær innpå meg. No tenker eg vi går og legg oss for i dag, sa han og såg på stjernene. Det er just som tryggast det, la han til.

Han gjekk, og Tor gjekk etter. Så kraup han, og Tor kraup. I krok og sving bar det, og stund [77] om anna låg dei og lya. Det var lydlaust rundan i kring; så kom der ein lyd svevande, så reint åleine og husvill, einkvan som ropa eller ei dør som slo att; der var ingen ting som svara.

Da Tor skulde sjå til så var dei attmed kirka. Dei låg lenge under nokre byskje tett ved kirkegarsmuren. Kirka stod der og gjorde seg kvit i mørkre, og spire løfta seg og viste til himmels, det tok snart oppunder kvelven; og kirkevindauga gapa stort og stygt i mot ein. Kross ved kross stod og trollsprikte bortpå gravene. Det kunde ikkje vera stor hugnaen å ligge her og vera dauing. Slik ein illgjerningsmann som

Kirketjyven, det var nivst at han søkte så nær hit; han som hadde forsynda seg mot kirka og helligdommen.

Tor vart enda meir opp i under da kammeraten kleiv over muren og kraup millom gravene beint bort til kirkedøra, reiste seg opp og læste seg inn. Tor måtte bli med. Den andre læste att døra, det knest ikkje i henne ein gong, steig opp troppa og så opp tårnstegan til klokkelemmen. Han la på luka etter dem, tendte tjuvlykta si og lyste seg for millom klokkene. Dei hang der og tagde som dei aldri skulde ått mæle. Så bar det gjennom ein glugge i veggen og inn på mørklofte over kirkeskipe. Tor trudde han drømte, men etter kraup han.

Inne på mørklofte måtte dei trø varsamt, etter eit bord som var lagt tvert over åsane, for [78] loftsboarda låg under åsane og kunde gi etter om ein trødde på dem. Heilt bort til inste veggen føta dei seg. Der låg det eit lite golv av gamle fjøler, tjyven sjøl måtte vita kor han hadde stole dem, og på det var der laga i stand ei seng av høysekker og filler og anna nyttelig skrap, og der hadde Kirketjyven mat og stell og sekken med verktje sitt.

– Her bur vi billig, let han.

– Og trygt? vilde Tor vita.

– Ja hadde *du* komme på å leite etter Kirketjyven her?

Nei det var no så. Nei han kjente med ein gong kor trygt han sat her, reint borte frå verda og heile live, som dei ting skulde vera ei segn berre, han kunde ha sett i med ein lått eller ein song. For det første måtte han eta, og det gjorde han som ein hund.

– Du har ikkje ruska i sølvstasen her da? forhørte han seg.

Den andre mumla at han var ikkje idiot. – Eg har berre tenkt på det her til deg, sa han og retta ei lita tinnflaske til Tor.

Han drakk, og det var skire altervinen.

– Det gjorde mordande godt! murra han. He! enn det vart som ei lita jul i kjeften min!

Han lo, men han likte seg ikkje fullt så godt lenger.

– Du har fan ikkje venta meg! sa han.

– Hm! svara det i den andre.

[79] Dei låg ei stund og let tida gå. Tor tok etter sømnen gong for gong, men det vekte han straks at kammeraten låg vaken. Kirketjyven fortalde litt om arbeide sitt sia sist dei råktes. Han hadde gått sin veg utor hjelpefengsle for ikkje lenge sia, hadde vore innom i eit par kirker og set på stasen deira, med dei dreiv og jaga han som likast, – dei hadde jaga han beint til kirka eit par gonger, og ho viste ikkje armingen frå seg. No var han nøydd til å la dem kvile seg litt før han tok ut og til å plage dem att. For resten vilde han slutte i denne tenesta no snart, let han, det vart for slitsamt i lengda og for lita løn. Når han hadde samla i hop det vesle han åtte, så vart det ikkje så skamlig lite sølv heller, i alle fall så pass at han kunde til å tenke på andre forretningar. – Eg kjem til å få bruk for deg, lite grand, sa han, – det er noko eg ikkje er einhøvd med. For deg *lit* eg på, som på salmeboka. Men det snakkar vi om i morgo.

Der med snudde han seg og la seg til å sova. Han sov godt som med ein gong, med djupe, jamne andedrag. Det var ingen lensmannssømn, kunde ein høre.

Eller var det just det det var? Men bortpå vegen hørte Tor nokon som gjekk, stana og tala litt, og gjekk att. Folk som var ute og vakta kirka. Det var no deira arbeid. Han hadde ligge lenge og tenkt på eitt og anna, skulde til å ta etter sømnen, da han kvakk ved den tanken at den andre sov ikkje: Kan ein bli så lik eit [80]sovande menneske utan ein er vaken og gjer seg umak med det? Han slo seg til ro med at tjyven sov like vel. Tor vilde sova han òg, han var gudnådsleg så trøytt.

Men før sømnen rann over auga kom han til å sjå for seg vesle gjenta ved vassbekken. Ho stod og såg så truverdige på han, slik og slik var auga hennes, men gud veit om dei var brune eller blå, dei var blankare enn himmelen i alle fall; og der drog ho brunene opp, slik ja, liksom ho såg det ingen kan sjå. Ja, og da var ho ikkje det grand redd han lenger. – Du har rett i det, tenkte han, god natt, Ingeborg Anna! – Eg skal ikkje fortelle at eg har set deg, sa ho. Stod der og sa det, han måtte høre orda hennes, han kunde høre måle hennes så forlivande vel.

Ja men det var det han hadde visst heile tida at der finns slike. Det var slik småsøsterne hans var, slik var mange. Det var derfor han var på heimvegen no. Han vart arg og snudde seg: Han hadde vore på heimvegen i to år snart – han kunde ha vore heime heile tida visst det ikkje var slik, for rakkaren!

For *dei* var det, auga deira, som jaga han bort den gongen han slapp ut, elles rømte ein vel ikkje heimafrå for litt vatn og brød, herre gud rett! kan ein noko råd for at ein bygap ikkje tåler ein på kjaken? Eller at politie kjem vasande i det same og får ein med? Det var da marknaen, folk var marknasfulle, der fanns ikkje vondt i det,

[81] fanns ikkje skam i galenskapen deira! No hadde han sagt dette så vidt mange gonger, rettno fekk det bli trudd. Ikkje kunde han vel gi seg til å tru heller, at det var han som hivde vesle klokkejøden inngjenom glasruta – kunde dei der heime tru det? Nei men heime der var småsøsterne og ho mor, dei andre gav han seg sytten om; han visste korles dei vilde sjå på han og tilgi han og ha vondt av han. Nei, han undrast ikkje no heller på at han fór i frå heile heimen sin, om det var adri så dumt gjort.

Han snudde seg og smått anka seg; han var så ut or vanen med å ligge slik no, i det siste hadde han sovna først han grov seg ned i høye innpå ein låve, større brotsmann var han da ikkje.

– Søv du ikkje? spurte det breiddmed han, tjyven måtte ha ligge vaken heile tida.

– Enn du?

– *Eg søv.*

Straks etter sov han òg, på same vise som før, – hør på han! Berre sova du, visst du kan. No søv eg òg. Skal vi kappsova?

Men sømnen kom ikkje, det var ei rangstelt natt. Der stod denne førkjeungen i gjen og glåmte på han med kuauga sine og vilde han vel, og med det same var dei der, dei der heime òg. «Gud som har oss småbarn kjær – gi oss tusen kroner hvar!» rengde han og las for dem, han gjorde seg til devel og vilde skræme dem. Dei veik ikkje. Han kunde gi seg.

[82] Han gav seg. I morgo dag la han i veg heimover som han gjekk og stod, kom heim ein vanæra og vanakta mann. Nei han såg det straks her i kveld, ved kjelda, da gjentungen smilte til han, at anna var det ikkje å gjera. Han måtte ha set det lenge! Dess hardare hadde han svore at han skulde komma heim som rik mann, høgt ovanfor all skamma. Ja da, det var det som pinte han til å skrive heim her i sommar. – Det går meg berre godt, skreiv han, spør ikkje etter meg, eg kjem snart og ser meg om etter ein skikkelig gar der i nærheita.

– Ligg no ikkje her og tvitenk på det, formana han seg, hør på han som søv.

Men da kom han til å minnst at for den kroppen stod han vakt utom ei kirke straks etter, det fekk han 100 kroner for, i reine pengar, det skulde vera første skillingane å komma seg i gang med. No hadde han ete opp dem ja, som alt han hadde tent, kor skal ein av når det fell så for tungt å tigge? Og når medgangen aldri

let seg finne? Frå den gongen hadde han vore tjyv han òg, på det vise det var, småtjyv reint ut. Han syntes det var no først han vart vår det. Han augefesta sanninga på ein ny måte, utan å blunke: Han var eit krek til kar, slik og slik var han, men enda var han verd å leva. Ja vel, det skulde bli no snart.

Eit tak låg han og hørte på stilla i kring seg. Slik var det å bu i kirka. Det knest i henne eit par gonger; han syntes høre som ein song i tårnspire, [83] liksom det dirra når det tok oppunder himmelkvelven; han syntes høre vinden langt langt borte, han fór og gjekk over fjella. Ja den som endelig var på veg over fjella! Det var ikkje langt å gå. Nokre dagar og netter berre.

Komma heim som rik mann ja. Ingen neiser ein riking, seier du. Men komma som tjyv og kjeltring, kunde du det? Nei, det er nok så, men. Kvifor ikkje tilstå det for seg sjøl, at det var vona og dumheita som hadde drege han med seg: Det var det at lås og stengsler det kunde han så alt for godt, han kunde det frå han var berre småguten, tok dem opp med ein spikar for moro skyld. Og sia han kom ut for Kirketjyven: Den eine skatten større enn den andre låg og venta på han, pengane som kontoristar og slikt herk stel med seg og lever storkar på, – som kjeltringane har lurt utor lomma på ærlig folk, for korles vart der elles slike haugar med peng?

Han mintes og svor, som ofte før, den gongen han dirka seg inn på bua hoss storhandlaren på Landrem. Første frestnaen ja, og den siste òg. Det gjekk så fint som det var smurt, han kunde ha gått gjennom sju lås den natta. Pengeskuffa på bua var ulæst. Der låg det ei krone og tjuge øre, det var rikdommen hennes. Slik ser armoda ut. Dei fekk ligge, han skulde på kontore. Der hadde han vore ein gong før og fått oppgjerd for arbeid, så han visste om det gammaldagse pengeskape. Men med det same han snudde seg mot [84] kontordøra, da såg han tydelig ho opna seg. Han gjorde seg hard og stirde dit. Ho stod på gløtt. Han og dørglape stirde mot einannan. Kor lenge det vara det visste han ikkje. Heile huse var daudt og stilt. På kontore fanns der ikkje liv. Enda tok redsla han så han fór på dør.

– Slik fór du om du fresta ein gong til, sa han no han låg og kom i hug det, jøss kor du sprang! – Ja kanskje. – Du får ta labbane på nakken og komma deg heim kar, før nasen blir enno lenger. – Ja eg får da heim og syne han fram slik han er.

– Søv du slett ikkje du? spurte det frå sengkammeraten.

– Nei. Eg søv aldri eg.

Tor hadde vorte både arg og redd. For korles sov han som låg og hørte at den andre ikkje sov? Kva slags develsdom var det han låg og brædde på? Det ranns for han det han sa her i kveld, at deg får eg bruk for. Ja ha. Enno har aldri Kirketjyven gjort ein kammerat ei beine utan å kreve vederlag for det. Eg får fortele han at eg er snau for både sølv og skillingar. – Ja da trur han deg, må du tru. Han kan for resten ha verre ting i tankane enn det. – Det har han vel, han.

Det gjekk ei lang tid. Men det var ein liten snipp av natta. Tor tenkte sterkt på å lure seg ned og komma seg til undrømmings, for *her* var det farlig å vera. Dess meir han hørte på sømnen til den andre, dess vissare vart det. Kvar gong han skulde til å sovne, syntes han den andre lya. [85] Kirka lya ho med. Først han letta på seg og fresta flytte seg unda, var det slikt slag. Han var fastklemt her. Og ein var det som sat bakom han og sa han det. – Og kvifor mista du kniven din i gårkveld, sa det. Kvifor såg du ikkje til å finne deg ein i staden? – Tullsnakk! svara han, eg hører ikkje på slikt. Han sa det same til hjarte sitt, for det sette i veg som ein forjaga tjyv no.

Han lest som han sov han òg, snorka litt og streid litt med andedråtten, sov ujamt og tungt som ein stakar gjer det når han endelig søv ein gong. Straks merka han eit anna andedrag hoss den andre. Eit par gonger prøvde Tor å vera urolig i sømnen, fór og vasa med hendene og kom bort i knivsliren til kammeraten. Da tagna *han* med sømnen sin. – Hørte du det? sa det til Tor. – Ja men kva nytte har han av at han drep meg? spurte han. Da var det berre svarte stilla i kring han, – ho lo! Ja ja, han gav seg ikkje, det måtte ikkje skje. Han hadde aldri vore så redd for live sitt, han kaldsveitta over all sin kropp. Rettno ropa han visst. Men når dagen kom, da skulde han vera fri mann.

Dagen ja, har dei ansa på han? Dagen og lyse, og frie vegen! Skog og fjell og vegen heim! Men det vart lenger og lenger til det. Denne natta drap alt som heiter morgon og von om dag. Og sømnen la seg over han og vilde ta han med vald. Tor reiste på seg og sat, det fekk ikkje hjelpe kva den andre sa, – Men visst han tek på [86] deg no, kan da nokon høre du ropar? Finns der folk i nærheita?

– He? sa Kirketjyven.

Svare kom til Tor med ein gong: – Tannverk, for Satan!

– Hyjst, ikkje barmast her! kvæste den andre.

Dei heldt seg vakne båe to. Tjyven humra litt med seg sjølv:

– Vi har arbeidd opp ei merkelig evne i oss; så vi skil oss ut frå dyre. Å vera ulykkelig på sjæla. Ja ja, dyre seier ingen ting til det. Kva er det som ét deg no da, kompis?

– Tannverk, hører du.

– Hm!

Tida kraup og kraup, ein kunde merke det, så utrulig det var. Bortpå vegen var der nokon som gjekk, det var to mann visst; det hørtes mest som ein vart ståande att. Umulig å rømme da san. Tor kjente at sømnen vann på han, det måtte vera sovedropar i det han hadde drukke. Og kva som vilde skje når han sov, det visste han. Tjyven drap han, og så la han like slik at folk fann det: så var Kirketjyven utor verda, arme syndaren, og gud skje takk for det, han hadde vore ei plage lenge nok; *to* gonger hadde han slege halvt i hel den som vilde ta han, korles vilde det gått tredje gongen? Dei gav tjyven kristen jord og let enda klokka sørge over han; så fekk ein høgare mann syne same miskunn. Tor såg det alt i hop, der *var* ein som viste han det, – [87] Sei så han ikkje har bruk for deg, sa det. – Ja ja ja!

Tor vakna til, så han hørte kva farken sa her i kveld: – deg *lit* eg på, sa han! Men, tenkte han, det skal bli deg dyrt det. Ein slik ein som du skal ikkje lite på nokon, det er ulovlig; – kom i hug det! murra han innvendig.

Han la seg ned att. No skulde han klare å halde seg vaken.

Det var utrulig å sjå: Heimen og sjølve live kom så nær han, berre ein liten rykk skulde der til, eit lite hopp, så var han der. Kva hadde det å seie om dei vanvørde han litt frå først en av? Ingen ting, han reint gledde seg på det. Det var da å leva, kor som var. Enno hadde han mest ikkje noko gale gjort. Å leva ja. Han såg det og såg det. No såg han enda mor si, ho smilte og var byrg av han for det han bar opp hovude så bra millom dei andre, dei som berre hadde akta seg og vore skikkelig folk heile tida. – Du kjem der aldri, lo det nokon stad. Det var sømnen som flirte til han, for no var han der att, og rettno hadde han overtake.

Han var så forvilla, han bad Vårherre hjelpe seg å få tak i kniven til kammeraten – kan du ikkje sjå eg må ha hjelp! kлага han seg. Ja for no er det eitt av to: enten tek han mitt liv, eller så må eg ta hans, du *ser* det da? Javisst ser du det!

Han vart roligere no da han hadde gjort opp dette med seg sjøl og Vårherre. Han tok eit tjyvtak på sømnen, for enno var live hans mykje [88] meir verdt enn live til ein kirkeranar som ventelig var mordar attåt. Enno ja, men så? *Så* selde han live

sitt for sømn! Det heldt på og skjedde alt, det var avgjort det skulde bera den vegen, Gud snudde tommelfingen ned no. – Kvifor gjer du det? fresta han å seie, – kvifor skal all ting gå så gale for seg?

Da hørte han den andre sov. Det kom som eit svar til han.

Ja: No endelig var det sjølv sømnen som hadde teke han. Han låg på ryggen, med hendene under nakken, og snorka og raut i harde taka, vakna til og mumla noko, eitt eller anna vondt, låg så og peip i nasen så armodslig uvitande.

Det banka oppi tynningane på Tor så det kunde vekke ein dau ein. Pusten vilde stogge for han. Det fekk vera som det kunde med det, no måtte han gjera det han skulde. Enno var det ikkje visst at denne develskapningen sov, men – jau, der var kniven hans, på venstre sida ja, her like ved. Sat han fast i sliren, eller gjorde han det ikkje? Det måtte frestast, han vilde ha svar.

Kniven sat slett ikkje fast. – Har du set maken til kniv? – Ja ha, den kunde han bruke, på deg, men du, på han? – – Ja men eg må kunne, eg må kunne, han er dubbelt så sterk som eg, og kva slag menneske er han? Skal han ha gjort enda meir gale? Og så veit han at eg veit av den eine sølvskatten hans – eg veit farlig mykje om han! – Ja sparar deg gjer han ikkje.

[89] Det eine jaga det andre gjennom han, fort vekk, og hjarte var så urolig det var ikkje å tenke på å gjera nokon ting. Ikkje hadde han tenkt på korles det skulde gjerast heller – det vart visst ikkje gjort! Og rettno vakna mordaren og tok att kniven sin.

Han vakna i det same, brått og vilt som ugjerningsmannen gjer det, var lysvaken og visste korles det stod til, og i same andedrage kasta Tor seg over hovude hans og heldt det, og skar av strupen på han med eit rasande risp; krabba så unda så han ikkje fekk blod på seg, og blåheldt føtene hans så dei ikkje dunka mot golve og gjorde ståk, han kom *vel* i hug der var vaktfolk i nærheita, – armane dei fekk fekte i lufta som dei sjøl vilde. Det vart ikkje langt sparke, så var Kirketjyven still.

Tor tendte lykta hans og lyste på stelle. Blode rann ned på golve, det var gale, det kunde leka ned i kirka. Han la nokre fille slik at dei tok det i seg. Sia klemte han knivskafte inn i neven på eigarmannen, i høgre handa. Der sat det ikkje, men kniven la seg tålig truverdig attmed neven, slik fell ein kniv ned når dei døyr i frå han.

Tor drog ein sukk som gjorde godt all kroppen igjenom. Først tenkte han å legge seg i nærheita med like, men det var no det, som han sa. Det vart til at han tok eit par bordstubar og det av klæfillene som der ikkje var blod på, og flytta heilt over loftet til fremste gavlen. Der la han seg.

[90] Han lya hardt og lenge, om der var likt til folk ute. Nei, der hørtes ingen ting. Ikkje ein lyd nei, han var berga no. Og no skulde det berast til å sova.

Men han vart liggande og lye på denne stilla, til han hørte *kor* stilt der var. Han hørte han var åleine. Lenger borte frå verda hadde vel ikkje eit levande menneske ligge? Det var godt!

Sønnen var ikkje langt vekk, men han kom med ein isande angst: han vilde ned i grava med ein. Det veik unda når ein manna seg opp litt, men det kom att på same vise. Nei nei, ein trong no ikkje legge seg til å sova, *ei* natt er *inga* natt, kunde ein seie. Ein ting var god å vita: at han hadde ikkje gjort noko gale, tvert i mot. Ja det var ingen som fann åt han for det heller, men like vel. – Og han der, sa han og tenkte på like, han held seg visst i ro her etter.

– Det der skulde du ikkje ha sagt, varskudde det han. – Nei vel. Han tendte lykta hans og lyste dit bort. Det var for langt for henne, ho syntte berre at der låg nokon ting borti mørkre. Han kraup bortover, til han såg like. No var det likkvitt i andlete, så det lyste mot han. Ja vel, det fekk kvile i fred. Han gjekk og la seg att.

– Ja vel, sa han enda ein gong. Det er det, ser du, at kjem du ut no, da tek dei deg, og da når du aldri heim. Aldri nei. Enten må du vera Kirketjyven da og stå til rettes for hans gjerningar, eller òg må du vera mordaren hans og stå til rettes [91] for dine eigne. Og etter det syner du deg ikkje heime, da er der stengt veg for deg dit.

Nei, det var einast eitt å gjera, og det var gjort. Han kunde sova trygt no, helst døgne rundt. Men stilla og mørkre og heile kirka stod i kring han og var livs redde. Han hørte på det til han ikkje kunde tie lenger. – Kva er det de er redd? Ut med det! Eit drap? – Nei. – Er det meg de reddest for, meg? – Nei. – Ja men kva i dunderen er det da? – Like. – He? Kva slag? – Like.

Han spratt opp; han hadde vore inni sønnen og tulla. No var han vaken, men det vilde ikkje bli bedre for det. Han laut stå til at han var redd like.

Han kunde ha ledd til det, ja han prøvde å le litt òg, for først var han redd mannen for det han var levande, og no da han hadde søvd han inn, da skulde han til å vera

redd han for det han var død. Men det hjelpte ikkje lang stunda. Ingen ting i verda var meir levande enn eit lik. Det låg der. Han *hørte* kor det låg der.

– Kva vil du meg? sette han i, dei fekk i gudsnamn høre det som vilde. Svare meg!

Makta lak utor han med han bia på svar. Om der *no* hadde vore eit menneske utom veggen, ein lensmann gjerne, det hadde vore ein ven å tenke på. – Ja men kva er eg redd da? tok han seg for og spurte. – Han du drap, svare det. – Ja men han *er* død han! – Ja.

Ja det var døden han var redd, han stod her attmed han, meir levande enn eit menneske kan [92] vera, rettno synte han seg, og da tok det vette frå han.

Han reiv opp gluggen og kraup ut i tårne, til klokkene, men der sette det enda verre inn på han, han kom seg aldri der i frå! Lykta torde han ikkje tende, for kva vilde ho syne han? men i redsla gjorde han det like vel, fann luka og fór ned stegan og troppa. Midt i flukta ansa han at reidskapen til å ta opp kirkedøra med den hadde dauingen hoss seg der oppe, det fekk stå til! det var dauingen som var i hælane på han, men slik ei ånd kan da ikkje fara så vidt? nei ho kan ikkje det! Han såg det og mangt anna, han hadde vakna så der var ikkje von i det, hadde han havt mæle til det da hadde han skrike høgt til folk:

– De søv, de har ikkje set nokon ting!

Han måtte da ha ein krokut spikar i lomma! Ja han hadde det, og dørlåse var villig nok til å gå opp, men han hadde ikkje hender til å gjera arbeide for seg, han benda og braut og vart ståande. Dauingen lo over han. Heile helvete lo med, tett innpå han, tett innpå han – –

Da vart han ein annan mann. Redsla rasa frå seg i han, ho sleit seg sund, og han stod og heldt seg i dørhandtake. Han òg var sundsliten. Kva han no skulde gjera visste han ikkje, og ikkje var det så farlig med det heller. – Eg veit berre kor helvete er, det er stutt veg dit, tenkte han. Vi ber det inni oss, det er blode i oss, eg har hørt nokon sa det ein gong; men hadde *han* set [93] det? Den som har set det, han er ikkje menneske lenger. Han seier ingen ting meir.

Han rømmer ikkje heller nei, kor skulde han rømme? Men ikkje før var det tenkt, så tok han i døra, for han *var* ikkje åleine, – han kaldflirte til det, høgt og rått, for kva kunde det gjera han? men der med hogg han i døra og vilde rive henne sund, ho eller han skulde rivast sund.

Da gjekk ho opp. Der var ikkje tid til å undre seg, han måtte vekk før dei tok vette frå han, men i same skyndfarten fekk han enda døra i lås etter seg, kven det no var som hjelpte han. Så sprang han, over kirkegaren og muren, over jorder og skigar og sjøl veit kva det var, i lyse måneskinsdagen så folk måtte sjå han om dei aldri vilde.

Og rett nok, da han fór frammed skog-jaren ropa det til han tett ved, eit kvast mannemål, og der med small der eit børseskott. Slikt skræmte han ikkje, det var berre eit stakars menneske, ein kirkeverjar som hadde stått der og sove og vakta gudshuse. Han saktna farten aldri så lite, tenkte seg fort om og tok ein annan veg; så bar det av stad. Kva kunde dei springe i mot han – det vart som ein stod og ein gjekk, det – og kva visste dei om vegar og krokvegar og ein mann som har kasta fan av nakken! Gud velsigne folk, heile ålmugen av dem, men ta han skulde dei ikkje få, det fortente dei ikkje, nei vent litt! No var han i heimvegen for ålvor, og den fekk bli så lang og [94] krokut han vilde, det var ein herlig veg, hør kor lufta susar kring øyra!

Han rente som ålen gjennom tjukkskogen og trase, fann snøberre lyngmoar i blinda og sprang som villsau, som reinen, fór tvert over skaren sommestads, slik at fare viste ein galen veg, så kunde dei komma etter med støvlane sine! Kvilte så, og lya lenge og vel, til villmarka opna seg for han og fortalde kor folktomt der var.

Det laga seg til og vart dagen. Jøss ja da, no gjekk dagslyse i gang med å skape til bygda att, slik ho var i går. Rettno lyste det gjennom sprungene og inn på kirkelofte. Månen stod og var bortglømt no, han såg ut som han ikkje visste nokon verdsens ting. – Ja ha, natta er over for deg òg, far.

Tor leita seg eit rom der han kunde laga seg bar-seng og sova trygt, han hadde set seg ut romme dagen før, utan å tenke over det. Han sov til han vakna av kulde. Han sat eit tak og tenkte seg om. No var ventelig folk i grannegrenda uroa av telefonen og heldt vakt, det nytta ikkje å søke dit til natta. Over skogen til bygdene i nord var det veglaust og langt, og natta kunde komma til å bli kald der. – Du får leite opp på kirkelofte att, sa han, og smilte til det. Han snudde seg frå det og lya, for kirkelofte og dei ting kom han til å tenke nok over, med tid og stund.

Og no ropa det vest i skogen der han ^{u2}kom frå. Ja da, det ropa ein stad og svara ein annan [95] stad. Der var dei, karane som skulde ta han; det var da selskap å kalle. Men, undrast han, kvifor er skikkelig folk så dumme støtt? Ein ropande manngar, he? Det måtte vera sau og ikkje folk dei var ute etter. Men no kom dei, kor som var.

Han la i veg austover mot grannegrenda, og han fór fort. Var folk på føtene der òg, da spøka det for ein vrien heimveg, det var best å få vita det i god tid.

Han sprang seg på dem lenge før han venta dem, dei kom leggande med ei mannemakt så dei kunde trø ein ned. Han såg på fothyre sitt som snarast. Det fekk halde med det heldt. Enno hadde dei ikkje set han, men der var ei hundfille som sette i og gjøydde, og meir hadde han ikkje stunda til å vente på. Nordover skogane vilde han ikkje minders nøda dreiv han dit, han tok jage vestetter, same vegen han var kommen, han hadde alt tenkt det ut.

Midt i mot manngaren som kom derifrå fór han; han sprang som han knapt hadde sprunge før, for dit og dit måtte han før *dei* var der. Svolten og tørst var han, og makta i føtene var ikkje som ho skulde. Hundtassen kom ikkje etter, det var som ei lita guds hjelp. Han kjente det på seg òg, at det var meininga han skulde sleppe i frå det og få komma seg heim, det var ikkje for tidlig!

Han sprang til han var halvdau og enda ei tid, for vona bar han opp. Andedråtten hans var [96] slik at dei kunde høre han som ei jamring lang veg. Da tok han ein takst på at dei bakom han var eit drygt stykke unda, og dei som kom i møte med han måtte vera her snart. Eit stykke gjekk han etter bekken, hoppa så frå den eine storsteinen til den andre og kleiv opp i ei diger kvistgran.

Det gjekk som han venta. Dei som kom vestanfrå rente framom han, dei nasa og leita all stads så nær som der han var, så møttes dei med karane austanfrå, og heldt råd. No trudde dei Kirketjyven var på flog nordgjenom marka, dei laut følge han på veg om ikkje anna.

Han kraup ned og tok vegen vestetter. Han fór stilt og varlig, for no hadde han ikkje råd til å våge nokon ting. Ingen frami kirkebygda venta han dit så snart, dei var mann av gar ute på tjuvjag og gjorde det til gagns denne gongen; det vart alltid ei råd med gjømselrom.

Han kom fram i skogkanten der han fann kjelda og smågjenta kvelden før. Først drakk han, og så kraup han i skjul slik at han heldt auga med kjelda. Han måtte kvile enten han var redd eller ei. Dagen leid, og der låg han. Han undrast litt over at det var her han låg. Han måtte ta seg fri og le litt, både til seg sjøl og andre: dei var så like! Og over dem der stod himmelen så truverdige blå. Dit opp var det dei tenkte seg i grunnen, dei var på vegen dit alle mann. – Vi er menneske, vi driv på og er menneske, men knapt nokon av oss veit kva det vil seie. Berre [97] ei og anna stunda

får ein tid til å sjå det, og da tykkjer ein ikkje ein hører til i lag med dem. Ein blir skræmt?

– Eg veit eg hører til i manntale like vel, sa han.

Ja det stod fast, og dermed sette otten inn på han, for no spurtes det om han kom seg vel og vakkert her i frå. Enno eit jag, så var han ferdig, da såg han ikkje heimen sin meir. Men så kjente han at han skulde klare det. Han syntes han hadde hjelp. Eller det var kanskje berre den hjelpa at han kunde hjelpe seg sjøl. – Alle så verjer dei live sitt, tenkte han, dei gjer seg til dyr for å få vera menneske, der finns ikkje skilna på oss.

Luftdrage var frå sør, han kunde merke ølen av det i millom at han fraus, det laga seg så utrulig med all ting, – kanskje så kom Ingeborg Anna etter vatn i kveld òg. Ho måtte da vel komma?

Ingeborg Anna kom. Han syntes sjå ho steig meir vårføtt i kveld, men same litle menneske var ho, i grå kjole og med lyst forklæ; ho var berrhua og hadde lysvore hår. Himmelen gulna så fint bak henne. Ho hadde både spann og koks i kveld. Sia sist han såg henne hadde han gjort ende på ein mann, det visste ikkje ho noko om. Skulde ikkje få vita det heller nei. Ho såg for resten ut som ho visste at han var her. Slike veit kanskje farlig mykje dei?

Ho stod litt i kveld óg før ho steig på kne og tok vatn i spanne. Ho auste ikkje med koksa?

[98] Da steig han fram til henne og helsa god kveld. Samstundes heldt han øyra og auga med det som i kring han var og langt utetter. Denne gongen kvakk ho så vatne skvalpa i spanne, men ho var visst ikkje minste forundra over at tjuven stod her i kveld òg.

– God kveld, Ingeborg Anna, sa han i gjen.

– God kveld.

– Jaså, du er ikkje redd meg?

– Nei?

Men ho vart nyperaud da det var sagt.

– Ja da får du gi meg vatn enno ein gong.

Ho tok fort med koksa ned i spanne og retta han. Han drakk ut to fulle kokser, og ho stod og vakta på kvar lita rørsla han gjorde. Han takka for skjenken. Så stod dei og såg på einannan – det måtte vera derfor han hadde komme hit? Da sa han:

– Jaså, Ingeborg Anna, du møtte Kirketjyven enda ein gong du?

Først drog ho på smilen, men ho vart ålvorsam med ein gong att.

– Det er ikkje eg som har fortalt om deg, sa ho stilt.

– Nei det veit eg. For da torde eg ikkje stå her.

Ho hadde glytta heimover fleire gonger. No såg ho seg fort i kring, som eit skygt lite dyr, og så sa ho:

[99] – Ja du må springe no, elles kjem dei og tek deg!

Han stod just på sprange. Men han kom seg ikkje i veg. Og da ho såg på han att, da syntes han det var ørande smått alt det andre, om ein sprang eller ikkje, ja om dei så kom og tok han. Han tykte han måtte bli forfæld over seg sjøl, over at han stod med slike tankar, men han vart ikkje det.

Ja der stod han, og der stod ho; og *ho* var redd dei kom og tok han. Nei, tenkte han, fort men rolig, når auga i ein menneskekryp kan ha den leten der, da er det ikkje snargjort å bli menneske på nytt. Ein blir det ikkje utan ein har greidd opp *alt samén*. Først når det er gjort ja, da kan du tenke på å komma heim. Slik er det. Det var det du skulde hit og sjå i kveld.

– Så naraktig som eit menneske kan springe, sa han til henne; han stod der som han var full, som den dagen på marknaen, nei det var tvidubbelt så rart. – Vi spring, vi spring, Ingeborg Anna, vi vil vekk i frå det vi har gjort, tjyven og kjeltringen og skikkelig folk, vi trur vi skal springe i frå oss sjøl.

Nei ikkje gret han til det, og ikkje lo han heller, men det var nær på han gjorde båe ting. Men der stod det ein menneskeunge og såg på han, ein liten hellig ting på jorda. – Er eg virkelig ikkje hardare karen? undrast han. – Nei, ikkje når du stanar slik og er ærlig nei.

[100] – Er det langt til lensmannen her i frå? spurte han.

– Ja det er bra langt. Og så er 'n på skogen no, det er dei alle i hop, men dei kan snart komma att.

– Da blir eg med deg heim

Ho rykte til som han hadde trua henne med kjeppen.

Han tok til å gå, og ho kom etter.

– Du trur eg er Kirketjyven du, sa han. Du får tids nok vita kven eg er for ein.

Ho sa ikkje noko, ho kom berre tuslande etter han.

Han gjekk inn på kjøkene, og bad dem sende bud etter lensmannen. Han sette seg ubedt. – Eg ventar på han her, sa han. Dei var ein to-tre kvinnfolk inne. Dei trudde dei skjønna kven han var, og likte seg berre så passlig. Leid om ei tid fekk han mat, og den åt han med god hug. Mat er godt om ein så skal hengast straks, tenkte han. Sia sat han og stridde med sømnen, det var så uvant å sitte i husvarmen slik; han såg folk gjennom ein røyk av trøytt. Han slapp å tenke, det var godt med det. Men han sakna Ingeborg Anna. Henne hadde dei skikka inn i stua, til småsøskena sine.

Langt om lenge kom dei med lensmannen. Kjøkene vart fullt av karar. Tor svara og fortalde kva han heitte og kor han var ifrå, – så braut han av spøringa og bad lensmannen sjå [101] bort på kirkelofte. – For der ligg Kirketjyven, og her sitt mordaren hans, sa han.

For det første tok lensmannen han med seg og skulde sette han fast. Dei budde seg til med ei fjølgment vakt.

Ingeborg Anna stod utom døra da dei fór med han. Han smilte til henne og sa god natt. Enno hadde ho ikkje fortalt nokon ting om han, og ikkje skulde ho gjera det heller. Det skilde dem ikkje. Han var hennes tjyv.

Sia hørte ho han hadde teke live av den rette Kirketjyven. Dei undskyldte han alle samene. Men ho kom krita bleik bort til mor si, tok i henne og tviheldt, så mora vart reint ille ved. Dei snakka for henne det beste dei visste, men ho hørte ikkje på det. Ho klaga seg ein totre gonger:

– Eg visste ikkje det eg!

Da ho hadde vunne seg til att, sa ho best ho stod:

– At han ikkje rømte i frå det like vel! Kvifor *gjorde* han det ikkje, mor!

Ny akkort

[105] Blanke sundags føremiddagen var det med solskin og fuglesong, og no tok kirkeklokkene i og fortalde at det var prekensundag her i annekse i dag. Dei vitna høgmælt og lykkelig om sitt, ein måtte høre dem og tenke over det, kven ein så var.

Dei vekte enda ein mann som låg og sov i vegveita bortved skogen, det var der ålmannvegen kjem opp dalbakken og stemnar fram mot kirka. Mannen hadde sove i fylla sia i natt ein gong, og vart sittande på vegkanten eit tak før han visste kor han var. To kirkeklædde kvinnfolk kom og gjekk framom han; dem glåmte han berre som snarast på, og dei lest ikkje sjå han. Så skrykte han i hop brunene og lya, for der kom ein skyss nedi vegen, og han hørte på hov-lage det var Prestbrunen som var ute og fór, det var gamp som flytta føtene det! – Ja vel, mumla han, der kjem gubben som rår for kjølda. Han var så attgrodd i mæle, der kom mest ikkje lyd frå han. Ja vel, han reiste seg og gav seg til å gå i møte med presten.

Det var ein litenvoren mann, litt over midalders. Han hadde stort raudbrunt skjegg, og det [106] strauk han til rettes og pynta til etter natta, han vilde sjå ut som folk når han råkete presten, men klæane let han vera som dei var, skrukkute og fulle av grasrusk og jordflekker, stivhatten flytta han langt att i nakken, tok han så i handa, la hendene på ryggen og bar han bak seg slik, det var ikkje likare hatten. Heile mannen var litt skrukkut og bortliggen å sjå til. Han skjeiva i veg så tålig, men nokon gangar var han ikkje, ein blir lemster av vegveita, og undabakken er ein skarv, han burde ikkje finnast. – Set slikt, der hadde han så nær snåva!

Prestbrunen stana i motbakken da han møtte mannen, han hadde sprunge kjæta av seg for lenge sia. Presten var den som måtte helse.

– God dag! Er det ikkje Oliver Haugen? Nei men no går De visst galne vegen no?

– Nei da, svara den andre, blidt og truverdig, tett borttil han.

– Ja De skal da i kirka?

– Nei da!

Det kom i same varme tonelage. Auga såg sjukt men hjartelig på presten; han retta seg opp og stod stødig, sette hatten på hovude og venta.

– Ja så? sa presten. Han var ikkje den som jaga folk åt kirka, slikt nytta ikkje no for tida.

– Nei kirkegonga har eg slutta med, sia gammalpresten fór, sukka Oliver. Det var guten som kunde messe, det!

[107] – Ja. Det har Gud i sin visdom nekta meg, sa presten.

– Huff ja, han *er* vis han! Eg har vore ute for han eg òg, san.

– De burde komma i kirka i dag like vel.

Oliver rista på hovude og såg ned, han var skikkelig lei seg:

– Nei preka er der ingen tone i. Men messinga det er vakker låt det, både for meg og Vårherre.

– Å men fy, De er da full, mann! sette presten i.

– Huff ja da, ja da! sanna den andre med. Vi har kvar sitt, lat oss bera det med tålmod.

– De har ein son, Oliver, det er ein evnerik gut.

– Ja snakk ikkje om det. Vårherre har si meining med alt han gjer. Ja far vel da! Brunen rykte i med det same, og Oliver la hendene på ryggen og var alt i gonga. Han fresta å gå både bein og beint. Det vart no som det vart med det.

Enno ein gong møtte han nokre kirkefolk, dei helsa så vidt og vilde forbi han, men han stana og såg dem over. – Er de ikkje fleir? undrast han. Og så berre kjerringar, hm! hm!

Dei gjekk. – No har han vore ute og drukke ein gong att, sa dei seg i millom. – Det hørtas for det ja. Han var så rustut i måle som han skulde ha maula kork i all natt.

– Å ja, armod's mann [108] san. Han vart da gift i gjen, ser det ut for. – Ja der ser vi: når ein legg i veg og skil seg frå den ein er gift med for Gud og all kristenheita. – Det er ikkje noko nytt det no for tida. – Nei snakk ikkje om det. Men han var no den første han da, her hos oss. Og eit bondemenneske som han! Lat no vera at ho var urimelig. Ho vart ikkje rimeligare den han fekk i staden. – Ja eg for min part

trur no det eg trur eg, at både krigen og all farligheita sia, det er noko vi skulde *ha*, så vi – –

– Javisst har eg ein son, mumla Oliver der han stylka seg fram. Ja herre gud, det har eg òg ja, presten har stor rett i det. Ein lyt bera alt med tålmod. Vårherre har ei meining med alt han gjer, sa eg med presten; berre han no kan minnst det.

*

Torgeir, sonen hans, stod ute på tune heime ved dette leite. Han såg ikkje rettare enn at han måtte i veg og finne far sin og få han heim. No hadde dei venta han heim sia i gårkveld, han skulde berre eit erend til lensmannen, kanskje han hadde pengar og skulde betale skatt.

Torgeir hørte klokkene han òg, lyden kom syngande over granåsen, slik ein helgedagssong at ein burde kirkeklæ seg og gå. Han vilde ikkje høre på denne lata, det var ei ulåt, var det, for *han* hadde ikkje klæa så han kom seg åt kirka på folkvise, og kva skulde han der, kunde dei [109] fortelle han det? Han hadde aldri kjent det så rart som med han stod her, no i denne stunda: folk var ikkje slikt skapt lenger at dei drogst dit, kirka var mest ikkje til for dem. No ja, til hausten måtte han dit og bli konfirmert; han flirte ikkje til det.

Nei men han måtte ned og finne 'n far og få han unda vegen før kirkefolke såg han. Eller var det alt for seint? Kanskje så fór han og synte seg for dem no, han fann på mangt når han hadde vore borti brennvine. Han skulde ha vore berga heim. For dagen etter angra han galenskapen så det var nær på han rømte sin veg. Han kom til å gjera det snart, visst han ikkje gjorde noko verre!

Ja. Torgeir tvistirde på det, men så reiv han seg laus. Og sola ho skjein, og fuglen song, det var nytt alt samem i dag. Før her da var det berre tørken, kaldtørk og tørvarme omeinannan. No etter regne stod sommaren til himmels allstads i kring, og i dag var det reint over-seg fint, auga gjekk seg vill i det: blomstervollen og skogen innpå ein, grønne skogar og blåe fjell der innover, og på den andre leia der blinka det i fjorden heile vegen utetter; garane vart borte i all sommarstasen, det vart sundag av alt i hop. Og som fuglen song. Og ein staden, over utlande måtte *det* vera, der stod kvite skyer av eit slag som visst ikkje hadde synt seg før. Kanskje folk såg så blomsterkvite trekroner nokonstads, i så underlig [110] eit lys? Da var det ikkje på jorda i alle fall. Nei men no kjente han best han stod, at i dag hadde rognblomsteren komme ut.

Der var ein liten rund haug midt nedpå lysgrønne gjorde, han låg der som ei øy, og der stod rognene tett i tett. Ved jonsokleite, som no, da blomstra dei så det lyste kvitt både dag og natt. Han gjekk dit. Og der var rognblomsteren, ja visst! Så gulkvit er han ja. Og så fin på skap. Og lufta i kring ho darrar av glede. Det gjer allting i dag.

Han far er ein kryp, det skil ingen kor han tuslar eller korles han ter seg. Det skjemmer ingen nei, verda går like eins enten han er til eller ikkje. Og *litt* har ho stymor godt av. Og eg er fri mann! – Slik må du våge å tenke, kar, skal du vera til. Inga synd å vera ærlig, he?

Nei, men det var inga synd om ein let tankane tie heller. Ein kunde godt gjera seg til barn og velte seg i grase, det var ikkje meir unyttig det enn noko anna. Han gjorde det ikkje, han gjekk litt og stod litt; der var ei mengd med ting han let vera ugjort, han let dei svive sin veg.

Heime der ståka ho stymor, så stor og brei ho var, ho *Storþhanna*, ho vaska og gret og nidflidde i stua, banka opp småungane sine og fjelga dem og gjorde helg, på vona om denne mannkroken hennes *da* vilde trivast heime. – Han trivs, han trivs! sa Torgeir, så sant du kunde halde stilt ein liten augeblink når han kjem. Nei, ho fekk drive på som ho lysta, såla.

[111] Da måtte han minnst mor si. Det var lenge sia han gjorde det. Han var ikkje godtil å sjå henne for seg no heller, han kom berre i hug at andlete hennes var uventa smalt og bleikt. Ho skulde ha same mørke auga som han, men dei skulde vera trollsk så vakre; *no* såg han dem for resten, og i det same kaldlo ho til han og sa: – Fy fanken kor lik 'n¹³ far din du er! Det var orda hennes sist han såg henne. Somme sa ho var tullut. Ho var ikkje det, ikkje ho meir enn andre. Det vart uhuglig kaldt inni han. Han kjente på seg at ho *såg* så alt for mykje; det måtte vera fælt det! Da måtte det vera umulig ja, å halde ut i lag med slik ein skikkelig skjeggstust som far hans var. Så gjorde dei det, dei skilde seg. Dei var no dei første her i kring som våga det da. Av litt meir til folk var ho òg enn dei andre her; ho kunde inga råd for at far hennes, kjøpmannen, spela opp og gjekk fant i frå det, så ho måtte ta rikaste garguten – tvi hunden rett kor rått det var å minnst slikt noko! Ein skulde ikkje ha foreldre.

Ho vart eit troll, fortalde dei, ei eiterheks. Fekk ikkje ein gong ha gutungen da dei skildest. Han var seks år den gongen, – ho vilde ha havt han, når det bar til, sa dei. Ein einaste gong sia såg han henne. Dei fortalde ho tok gift, det kom vel på eitt ut?

Det tykte han i dag i alle fall. – For han far, han er meir enn død, han er alt i pina han, og der *fortener* han å vera, det er det som er helvete, [112] veit du ikkje det? Og der til er han husmann no, og gift med a Storjohanna, rettno kjem han heim og får juling av henne, og heile bygda gleder seg. Slik har det gått. I morgo-tidlig kan det godt hende han drep seg, han har sagt det meir enn ein gong.

Torgeir lest som ingen ting da han hadde tenkt det, men han tok til og gjekk fortare, han var på vegen heim, – no måtte der da snart vera mat å få?

Han fekk mat, det vanta ikkje det, og stymora gav ikkje eit vondt ord frå seg. Småsøskena var sundagsflidd og kom bort til han, dei var storglade for dei hadde han der. Gamla hadde gråte så andlete var kopar-raudt; da vart det enda større enn elles. Slikt eit snildt og vettlaust dyr. – Det er ikkje eg som har skapt henne, sa han til einkvan framfor seg. Han torde seie kva han vilde i dag, han var visst konfirmert for lenge sia.

Han klara ikkje å vera inne lenger enn til han så vidt var mett. Småkarane hengte seg på han og vart med ut, og så lo dei og sjaua og velta seg i grase. Dei var vakre same kor stygge dei var, desse breie andleta, dei lo så trygt mot han og ropa: – Torgeir, sjå på meg du! – nei sjå på *meg!* Han måtte sjå på alle kunstene deira.

Da hørte han det skaut frami bygda. Tynne kvasse smellar: det var skyttarlage. Han visste det elles, der var premieskyting, og etterpå skulde der vera fest med dans, og dit skulde den gjenta [113] han tenkte på no; ho nemnte det så han hørte det sist dei var på overhøringa hoss presten. Ho var ikkje ansles enn andre gjenter. Visst ikkje nei, det var berre noko han hadde funne på. Men da ho nemnte festen, da var ho det. Og da såg ho som all snarast på han.

Nei at ho skulde dit i kveld det kunde ikkje ha narra han i veg, tvert om, for slike klæa synte ein seg ikkje i utan når ein måtte for presten. Hadde dei enda vore gråe, men der var lysgrått og blågrått spuns om spuns, dei hadde slege seg range i farginga for a stymor, og slik veft da, berre knopp og trådgli, dei var så heimvevd at det ropa lang veg. Ikkje i gamle dagar heller synte ein seg for folk i slikt.

Når han la i veg like vel, så var det for det at han hørte til i lag med dei andre og ikkje *her*. Han fekk ta på seg hardhuda og vera i lage, elles vart det fjellsau av han. – Og er 'n far der, da har eg erend, sa han; *ho* skal i alle fall ikkje få sjå korles han ser ut i dag.

Han snakka inn i kjøkene til stymora: – Eg sleng ned til skyttarlag-huse og dreg heim 'n far. Han er der vel snart, kan eg tru.

Det kom så dått på henne, ho fekk ikkje opp ord, for slik hadde han aldri våga seg til å snakke før. Han hadde elles set ho stod på sprange sjøl og skulde nedover, så han fekk svinte seg no; så stal han seg om nova utan at småungane ansa det og var snart inni lauvskogen.

[114] – Så har eg da *erend*, mumla han. Tvi!

Det var så pass langt utpå ettermiddagen da han kom fram til flatbygda, at der hadde samla seg ei mengd med folk kring skyttarlag-huse, ungdom som venta på festen og dansen, eldre folk og ungar som kom rekande og vilde sjå. Det var storveges kor dei hadde stasa opp seg, og slik som der var pynta kring huse! Han gjekk beint fram til fjølden, det fekk vera det same med korles ein såg ut, det var fest nok å vera i lag med folk ein slik kveld. Eit par gonger fór det i han: – Eg kan da ikkje tru han far er her? Og med det same tenkte han: – Berre ikkje ho er her og ser han – lat det ikkje skje i kveld!

Han fekk auga på faren og henne i same blinken å kalle. Der var nokon som skrattlo, og han hørte på låta det var far hans det gjaldt. Han gjekk nærmare, og da såg han faren sat på ei kasse og lest spela trekkspel, klemte og drog og fingra i lause lufta, aksla seg og stirde og trødde takten, lea til med på kjakane attåt, det hadde ingen set ein fullskjenkt spelmann så livs levande på ei kasse. To unggapar var fram og skjenkte han, og så ropa dei hurra for han alle som kring stod. Torgeir snudde seg unda. Det var ti gonger vondare å sjå enn han hadde trudd. Da såg han henne. Ho lest som ho ikkje vart vår kallkroken på kassa, ho snakka ivrig med ei veninne eller to. Som all snarast møtte ho auga hans, og da forandrast ho lite grand. Han stod rolig og let det vera som [115] det vilde. Alt sammen fekk få lov å vera som det vilde.

Ho heitte *Freydis*. Freydis? undra han seg. Han sa det på fleire måtar. Der var ein draum i det, om noko ho skulde vera eller bli; der var slikt mot i det. Enno hadde dei ikkje ansa kor vakker ho var.

Men no stod faren oppå kassa og bles i eit usynlig horn og fingra og tuta til, det var ein marsj. Og rett nok, no kom skyttarane marsjerande frå skytinga. Musikken deira spela opp og døyvde han på kassa, enda han sette i med ny makt. Torgeir fór bort og fekk han ned, stod og tviheldt han. Kallen stirde skjemt på han.

Da òg fór ho over han med auga. – Kven er ho som ser på ein slik ein som eg? Som gjer det *no*? Han måtte vita det, han vilde gå bort til henne og sjå etter, kvifor ikkje? Han gjorde det, utan å blunke, enda hjarte arbeidde som det vilde stogge han. Ja visst gjekk han.

Ho hadde smale auga, dei var mørkblå på let. Dei veik ikkje unda, men munnen vart uviss. Da smilte ho liksom ingenting var. – Jaså, du er ikkje med og skyt? seier ho.

Så langt unda var ho. Ho fekk vera kven ho vilde.

Skyttarane kom marsjerande inn på plassen, i kringføtt takt, eitt, to, eitt to, hit og ikkje lenger, stå! og der stod dei heile fylkingen dørg still framfor talarstolen. I det same steig ein mann opp på ^[116]den. Kapteinen, vart det sagt, der er han! og alle steig nærmare, og mange tøyde seg og stod på tå. Kapteinen tala. Det var ein ungvoren mann i gråe hærklæa, rak og mjuk som ein hærmann skal vera; hærmanns-røsta hans hadde slik makt at ikkje ein lea på hovudet, ho vart einaste lyden i lufta. Han tala om at våpen skaper fred.

Den mannen, såg Torgeir, han er av det nye slage, – du er av same slage sjøl –, han der skjemdest ikkje og vart til likesæling om han laut skille seg med ei kone eller to. Far din er skamstrekt han, millom det som er for gammalt og det som er for nytt, tru om ingen her veit kor umulig det er for han å leva? Nei da, dei er to slag folk sjøl, dei som ligg att og dei som heng med, dei veit ikkje meir enn det dei er skapt til å vita.

Han stod så nær henne at han kleip i kjoletye hennes, og heile tida visste ho han var der. Elles visste folk berre om kapteinen i denne stunda, der var mang ein som stod og svor på han vilde bli kaptein eller òg døy, ja og så var det dem som endelig såg den manns-skapnaen som var verd å sjå på, der stod han.

Han ansa at godvêrskvelden hang over dem enno, over all bygda hang han og darra, fuglen song ikkje lenger, slik helg var det. Og heggen dåma. Heggen ja, og elles var det ein vev med ange i lufta, jamvel åkeren kunde ein kjenne. Forunderlig at det kom hit!

^[117]Men kor vart det av 'n far? Stod han der enno og såg etter ein, like nedskjemt? Nei, han var ikkje å sjå. Nei vel. Nei vel san. Men det hjelppte ikkje å seie slikt, han visste han måtte sjå etter faren, han måtte finne han og få han heim. Han steig stilt

att-ende, så ikkje ho merka det, og luska der i frå. Sjøl visste krypen kor han hadde gjort av seg no. Det var ikkje hans vis å gjømme seg når han var full?

Bakom smia på nærmaste garen fann han faren. Der sat ein mann av same ulla og vakta på ein sekk, og Oliver stod og andøvde framfor han og tinga og tagg: – ein liten styrkar til no, her var pengar, så var han edru mann og gjekk sin veg! Eg har så lang ein veg heim at det veit du ikkje, det veit ingen av dykk!

Torgeir gjekk i millom. Da sa faren til han:

– Du har synd på deg for at du kjem her i kveld. Eg ser da det eg ser, Torgeir, om ikkje du kjem og syner meg det.

– Kom og bli med heim no! bad Torgeir.

– Heim til a mor, skal du seie! Oliver skrattlo og slo seg på knea.

– Ja berre ho ikkje kjem snart.

– Ho kjem, ho kjem, ban. Du skal ha deg utor vegen til den tida. Eg, ser du, eg har *rusta* meg eg!

Han banka seg på panna og for bryste, så lo han innbitande lurt og svangla bort over vollen. Kom så att og bad på nytt om skjenk, stod og dingla [118] og var livs elendig. Det var føtene under Oliver som først slo feil i fylla; han kunde snakke like greit om han så ikkje var mann for å sette fot i bakken.

– Ein til, hører du, så er eg rusta til å ta i mot både bokk og bjønn. Men snart, din pinar!

No ropa dei hurra kring talarstolen. Først kom det taktfast slik dei marsjerte, men så tok folkmengda i, og da vart det eit syttandemai-læte, det løfta take av heile sundagskvelden. Jamenn ropa dei! Torgeir kunde ha ropa med; han dreiv borttil og blanda seg i fjølden att, fann nokre prestkammeratar og tulla og snakka med dem. Dei var overlag unge enno dei, og fulle av moro.

Han vart så rolig at han undrast over seg sjøl. Faren var dømt til spott og elende, og her stod han, sonen hans, midt i festlyden og visste det, – her står du, Torgeir Haugen, ein gutladd i bygda, slik og slik er det med deg. – Ja, men eg hører heller på musikken eg, eg som dei andre, hør no der! Musikken klang, folk spreidde seg og samla seg, musikken tagna og tok til att, og tromma gjekk! Han kunde kjenne kor det sokk i folk. Festen var i full gang.

Sola seig inn i store stille kveldskyer. Ho skjein fram gjennom dem stund for stund. Det vart det mildaste lyse nokon såg.

Da kom Stor Johanna settande. Ho var logeraud i andlete og gjekk med harde steg, slik framlutt som når ein ikkje let seg hefte. Eine handa i stakklomma, den andre rodde ho med. Folk gjorde [119] veg for henne. Ho ansa dem ikkje, men no løfta ho hovude og såg seg i kring; auga fór på leiting frå flokk til flokk og med kvart inn i tettaste hopen. Det var berre Torgeir som såg kor redde dei var, men han visste at da var dei på det farligaste.

Jaha, tenkte han, no var det best om du slura deg unda, kar. Og så er det småkarane heime, kven ser etter dem? Ja. Men det er uvisst om eg gjer det. Om eg rømmer. Skam og slikt, det kan ein legge i frå seg; det gjer vi, san. Og borna dei hører Vakkermannen til.

Så, no *har* ho han der.

Måle hennes skar i lufta, det vart ikkje stort meir enn eit fugleskrik. Og så hørtes måle til Oliver, han lo i kåtaste lykka:

– Der kjem ho pinade sjøl-seg, gitar! Nei no blir her fest! Her kjem ho *berrserkande!*

Folk heldt på og manna seg fram til benkene, der var lange rader med bord, og der var det kaffe og brus å få, ja like til sjokolade, og dei finaste brødvarene. Formannen i lage gjekk og såg til, liten men streng, at der ikkje kom fram farligare ting. Nei, der kom ikkje fram slikt, men mange var alt tålig bra blankøygde, og blankare vart dei. Enno kom der bilar med folk, lystige lag som slo seg ned der det høvde dem og heldt seg sjøl med alt som trongs. Og så sat kapteinen på langskankhesten sin, helsa til formannen og helsa til heile lyden, slik skal ein mann sitte ja, og slik skal ein hest vera, – så fór han i høg fint tráv bortetter [120] vegen. Alle såg etter han. Slik såg dei etter krigaren før òg, i gammal tid, – dei som snur seg vekk dei lyg.

Men festgleda rann i hop att, liksom vatn som vart kløvd. Torgeir tykte det var rart han ikkje kunde få ned sjokolade i kveld; *det* var ikkje langt frå skam det. Ja ja, lat meg heller sjå etter foreldrepåre mitt, tenkte han og smilte.

Da han fann dem, sat dei i breidd på ein benkende og var med i festen dei som andre; og ho Storjohanna ho fekk ned sjokolade! Faren hadde kaffe eller kva det var i koppen sin, han smilte både innfult og lei seg til Torgeir. Ho var blid som

lauvliá i solskine, spurte enda om ikkje han òg skulde ha noko til livs. Han sette seg ned i lag med dem. Kvifor ikkje?

Litt var det, så reiste ho seg og vilde heim. – Kom no! bad ho. Oliver sat og småjatta, at rettno bar det heim ja, jøss ja da, det var ikkje lang vegen i kveld san! Men først skulde ho drikke når folk baud henne, he? Der stod ein kjenning og halvt gjømte på ei flaske. Storjohanna var ikkje seg sjøl lik i kveld, ho drakk. Lo og drakk, og grein og takka og sette seg ned att; og så still som ho heldt seg! Ho sveitta leiheit, gjorde ho. Ho var snart på eit mot, ho som mange andre. Men så reiste ho seg for ålvor.

– Kom no! Ho sa det i ein ny tone. Dei var i kring henne og godsnakka og baud skjenk og hadde moro, og ho drakk og hadde moro med. Som snarast [121] hadde Torgeir vondt av henne; det hadde han aldri merka før. Han syntes han opendaga eit stygt sår inni seg. Ikkje ein gong Vårherre veit kva som bur i oss. Ikkje er der vel nokon skilna på oss heller.

I det same spela musikken opp til dans i lokale, horna klang og tromma gjekk, det var radt som stilla brast så verda kunde hørast. Folksurren var tvert borte.

– Ja så var det akkortten min da! sette Storjohanna i, ho tok mannen sin etter armen og leidde han med seg.

Han danglar med. Men best det er sett han føtene i mot og nektar. – Vent no, vent no! let han. No ber det i dansen med oss, kan du ikkje høre!

– Det blir *ein* dans det, snakk ikkje synda, ban! Ho tok i og drog i gjen.

Nei, da slo han seg vill. – Eg blir her til i morgotidlig! song han ut, eg rikkar meg ikkje, det sitt dregga fast det.

Ho stana og strauk seg over panna, såg ein gong hit og ein gong dit. Torgeir steig bortåt, han tok andre handa til faren og vilde hjelpe til å frakte han heim. Lat dem sjå det som vil, Freydis òg, ein er herre over alt som skal hende seg, – han tykte han visste noko nytt, om lyst og pine, at det er å vera til, at det er slett ikkje så at alle er til. No seier stymora:

– Kanskje du at vi skulde ha oss ein kaffedrope? Vil du ikkje ha kaffe, Oliver?

[122] – Nei, ropa han, eg er ikkje svin heller!

– Nei det vises for det. Men hysjt da, hysjt da! Eg kjøper kaffe, det gjer deg godt, skal du kjenne.

– Ho ho! lo han, har ho teke på seg den buksa no!

– Så drikk du fram litt folkvett i deg, godsnakka ho, – huff eg er tørst sjøl eg!

Oliver brårykte seg laus, men han snåva og datt i det same, sat der og slo ut armane og ropa: – Eg går sjøl! Eg går sjøl!

– Du går sjøl du stakar! Ho tok og reiste han opp: – Ti still med deg!

– Nei, godtfolk, hør meg her, de: Den kjerringa eg ikkje vil ha lenger, den skipar eg i land!

Torgeir kraup i hop der han stod, han vilde ikkje høre svare. Men han måtte. Dei måtte høre det over all bygda, tykte han:

– Aktar du ikkje kjeften din no, da tek eg og *held deg fram!* For resten –

Der med tok ho og snara i hop trøyeflake hans og slengte han på ryggen og gjekk.

– No tek eg spele mitt og reiser på ein annan markna, lo ho.

Ein skroll med ung-gap og anna folk hadde samlast attåt. Det vart eit uvêr med moro og ståk. Dei følgde etter. Storjohanna ropa til dem:

– Her er det Vårherre har gitt meg! Eg må vel takke for låne når eg gir det i frå meg att?

Torgeir undrast om ikkje dette var eit eventyr. Men nei, gut, det var råde sanne live. Oliver gjorde ^[123] nokre rykk i førstninga, men sia gav han seg og hang still. Han stirde langt ut i vêre, hadde vel funne seg einkvart å tenke på. Torgeir gjekk bort og bad henne sette faren ned. Var det likt, ho hørte ikkje lyd av det han sa, berre snakka med seg sjøl og skjente på folk som narra ein tulling til å drikke; – jagu narra dei meg òg! klaga ho seg.

Ho tok av frå ålmannvegen, for vintervegen over åsen var mykje knapare, og der fór ein da ikkje midt i folkauga med skamma si. Men der kom ho for nær ei bjørk med det same ho skulde bytte han over på andre aksla. Oliver rømte med seg og slo armane kring bjørkleggen. Han ropa i høgste gleda:

– No, kjerring, no blir det *ny akkort!*

Ho reiv og sleit så bjørka svaga, men kalldevelen sat fast som igla: ho kunde da ikkje slite armane frå kroppen på han heller? Oliver vart vår Torgeir. Da folna han all med seg. Først var det liksom fylla var av han stryki, han stirde på han og rista på hovude; men så seig ho inn på han att, og han stod og tulla noko om rettferd, – du er rettferda du! snufsa han og smått gret.

Før dei vardest var han på ryggen av kona si i gjen.

– Hurra, no ber det i veg att! sette han i.

Opp åsen bar det, og dei som følgde dei ropa hurra så det ljoma over bygda. Da dei kom opp brattaste kneiken slengte Stor Johanna børa i bakken, [124] ho vann ikkje meir i ein gong, men kva gjorde ho så? Ho sette seg på børa. – Så er han forvara den stunda, let ho.

Oliver var ved godt mot, han lo og ropa til gapherke, bad dem fara til helvetes eller der i kring, heile skreia. Han let så han var over både dem og meininga deira, i morgo den dag skulde dei bli vår einkvart. – Og der står 'n Torgeir, han legg tauglykkja kring halsen på meg. Idiotar! skreik han.

Da søkte dei nærmare innpå. Torgeir såg dei var ikkje folk lenger, dei var for mange til det, og der til så hadde dei retten. Han steig til i mot dem og huta:

– Ha dykk vekk! *Vekk!* seier eg, eller så –

Sinne fór i han, det gjorde reint godt i kroppen, han sette på dem og jaga dem, han kjente han kom til å bruke handfeng snart. Ein i mot alle, da er det inga sak. Han kom til seg att da han hørte faren song om gutknekten sin, – det er hardved i han der, ho ho, folk! han skal hemne meg! Torgeir stakk hendene i lomma. Dei gjøydde mot han, illgjøydde og var grovt til karar. Underlig, tenkte han, at det ikkje kunde vera som i bøkene, for da hadde Freydis vore her no, hadde vore her ja, stått og set på han og komme fram til han og sagt einkvart, same kva det var, det var ikkje like eins i alle bøker. Folk måtte klare seg slikt for utan, – han hadde aldri trudd på det. Men til i morgo tidlig måtte han vita ei råd. Før faren [125] vakna ja. Elles kunde det vera for seint. Helst trudde han faren rømte sin veg.

Da dei skulde i veg att tok han i armen på faren, og så leidde dei han i millom seg. Oliver vart tam etter kvart, gjorde ikkje minste motstand, han skjangla som ein sveittlausning og vilde sige ned alt i eitt. Der let ikkje ord i han no. Gud sjøl måtte vita kva han da tenkte, for faren tenkte støtt, plagdes og tenkte i staden for å sova somtid. Ein gammaldagsing, ein fekk kalle han slik.

No bar det fint i veg. Dei som følgde hadde snudd, det var ikkje å få til meir moro av dette. Kveldsola glødde under skyene, skogen stod som han var blinda av det. Der vart så stilt at det var pinsamt å gå tre i lag slik. Men så tok fuglen i, nattvaka og alle dei andre kvittrarane. Ein mintes kveldar da ein stod og lydde på dem og vart rar til motes, vart eit anna menneske eller kva det var; eller ein leika seg berre med det og fekk til at fuglen spann sølvtråd og slyngte ut i vêre. Det var da. Vil du snakke med fuglen no, da er det øksskaft! til svar, øksskaft! og ikkje det grand anna.

Det verste var det at faren vakna så tidlig, så urimelig tidlig morgonen etter ein sjau i bygda, før sola rann var han oppe og fór og vasa, og da var han så i nedbakken at det visste ingen. Ingen hefta seg heller bort med å tenke på korles han hadde det. Torgeir hadde ikkje gjort det han heller, før no i kveld, no da faren hadde skjemt seg ut til gagns. I morgotidlig vakna han og var dubbelt [126] vanæra mot før – kva gjorde han da? Enn om han tok live av seg?

Kvifor ikkje seie tok live av seg? Når det var det ein meinte? Om det så var nattvaka, talatrusten, så sa han da det han meinte, hør berre etter.

Og *kva* skulde ein trive til? Ein gutvott som ikkje var ferdig for presten enno?

Endelig ein gong kom dei så langt at dei såg grinda heime. Eit tak til, og så var dei inni stua. Småkarane hadde mora stengt inne da ho fór, og der var dei. Dei hadde knapt nok gråte, og no var dei oppi vêre av berre gleder. Dei var enda til glade over at faren kom heim.

– He? sa ho, har de ikkje brent opp dykk heller, småtrolla? Ikkje rive auga utor kvarandre heller? Sjå der, sjå der san! Ein får fegnast for det som er.

Oliver var bort i vassbøtta og drakk. Mat vilde han ikkje sjå. Han sat og stirde framover golve. Gong og annan smilte han, på full manns vis. Somtid såg han på borna og gav ein rar liten lyd frå seg, eit kvink. Så ranga han av seg ytterklæane og stomla til sengs. Han sov med ein gong!

– Ja no søv du, mumla kona. No søv du ja. Den rettferdiges sømn, står det i boka. Ein vakker dag plagar du meg vel til å skamslå deg – gud nåde deg visst det hender, det skal du få svara for. Skal det *aldri* bli ansles? sukka ho med seg sjøl.

Det var likt til brennvine fór i hovude på henne andre gongen, ho lo og snakka:

[127] – Det var den tida det. Eg giftar meg *ikkje*, sa eg. Nei så gu! For ikkje vilde karfolka ha meg, og ikkje vilde eg ha dem. Men så kom der ein, og kva skulde så ein vantrivning som eg gjera?

Ho strauk seg over panna i einingen og lo og sukka. Så lik eit menneske som ho var no, det hadde ho aldri vore, det var halvvore nivst å sjå.

– Nei drikkar er han ikkje, sa ho. Men de veit korles det er med kalven: får han hovude ned i bøtta, da drikk han med der *er*. Hø! eg visste da vel han var for uhendtlig for ekteskape, men. Det skulde vel frestast.

Torgeir vilde be henne tie still med dette, men halsen var i ulag på han. Ho heldt ved:

– Sjå berre kor strihårut han er i nakken, busta står på kne på trøyekvaren når ho blir lang; raud er ho òg. Men eg meinte eg skulde få folk av han. Men det blir meg eit langt lerret å bleike, det. Det er den her fordømte *sorga* som kjem over han! Det er ei sott og ei skam, han skal dyrede få anna å vita her etter!

Ho bråreiste seg, og glad var Torgeir. Han gjekk sin veg. Han var tung all igjenom, kunde ha hivd seg ned å tvert utfor dørstokken og aldri reist seg meir, men det var just det han måtte akte seg for, – du får beskede halde deg på føtene i kveld kar, sa han.

Eg står her i lyse kvelden, tenkte han. Jorda er braddfull av fred. Eg står og ser på det.

[128] Men så hørte han det faren sa ein dagen, det var berre nokre veker sia: – Jaså no, folk som ulykka fører i hop, dei hører i hop. Ja slik står det her, og så slengte han boka bort i hylla og gjekk ut, så hjartans like sæl. Det var sant nok alt den gongen, men kva sanning var der i det da i mot no? For *dei* hører i hop ja, så det kjennes. Men slik kunde 'n far snakke somtid, og andre tider snakka han slett ikkje.

Sundagskvelden, her og alle stader; lysgrønne lykksaligheita. Så spelar dei og syng dei, så spelar dei og dansar og hører i hop, men det er i lykka det, det varar med den varar.

– Så djevlesk store ting det kan bli krevd av ein! sa han best han stod. Han syntes så halvt det var kvelden som krevde det av han. Mya syng det finaste ho veit, fuglen syng, hegg og rogn kjem til ein, all vide verda kjem, og alt ein hører i hop med der ute, men her står du, og ei råd får du vita!

Faren måtte ikkje få lov å gjera noko gale i morgo-tidlig, same kva det var, nei for den straffa hadde ikkje kjerringhelvete hans fortent, og kva skulde der bli av småkarane? Ja ja, så kunde ein henge seg sjøl. – Eg kan det, veit du, og da kom 'n far på andre tankar, det har du rett i. Men den råda kan du ha sjøl, Satan, ho er arti å ha om der skulde komma eit menneske.

Han styggfraus nedetter ryggen enda det var varme gode sommaren i kring han. Han hadde set [129] han var ein sjølmordar. Svarte vanskapningen. Ja det fekk vera som det var, men han skulde ha vore her all tida i lag med 'n far og ho stymor og ungkravle deira, midt i skamma og ulykka i lag med dem. Han skulde ha vore framtida deira. Slik og slik ser live ut for 'n far, for ein gammal og skjeggut mann, slik er det å vera Storjohanna – kven har lagt på oss at vi endelig skal vera menneske? Kva tenker eit ting som Freydis, inst inne hoss seg sjøl? Kva ser ho med auga sine?

Hald no kjeften din og tenk deg om! Kva vil du gjera? Du må vita det fort no.

Ja. Han gjekk inn i kjøkene, stod litt og lya om alle sov, og så leita han fram papir og blyant og skreiv. Han fortalde faren at no såg dei han aldri meir, no bad han, med foten på dørstokken, at faren skulde vera snild og ikkje rømme heimen, men gjera det han *kunde* for folka sine, han forplikta han til det, det sterkaste han vann, – kom i hug borna, ho Theodora og 'n Willy og Litla, kom i hug meg òg som har sagt dykk farvel, men leit ikkje etter meg! Så takka han faren for alt, slik han hadde lese det, og bad han helse dei andre; så namne under! Han la papire på kjøkenbenken, slik at det fall i auga på den som først kom den vegen, og det var faren. Der låg det. Der etter stilte han seg opp på loftet, ruska med seg nokre småting, så mykje som rømtes i skoleveska, og kom seg ned att og ut.

[130] No var det gjort. Han hadde stryke ut seg sjøl. Litt rart var det, – det var hundig vondt, når ein skulde vera ærlig! og i morgo vart det mykje verre, men da var han langt vekk. Han hadde tenkt det før òg at han vilde gå sin veg, men aldri hadde han tenkt han skulde ut av bygda og bli borte, ja han hadde mest ikkje set åt ein annan kant enn der *ho* var. No såg han vekk i frå alt i hop. – At han rømte! vilde dei seie. Ja det skilde han ikkje.

Men først gjekk han på låven og la seg i noko høyrusk, han var så for trøytt, måtte sova ein stubb før han fór, for i førnatt sov han mest ingen ting, da låg han berre og kom i hug at faren var ute. Ein to-tre timars sømn her heime enno, det kunde han unne seg. Sovna han av, så vakna han i alle fall først faren trødde på låvebrua. Da skulde han snakke med han, for ålvor.

Ei stund etter ser han faren kjem, han går og knepper av seg buksesælane og smått murrar og ankar seg, han gjer seg ei rennsnare av dem, og no knyter han enden fast i åsen, – at eg ikkje visste det før! tenker Torgeir. Det er umulig å få fram ein lyd og umulig å røre ein finger, for dette er noko som skal gå for seg, det er slik skrive frå evig tid, han kan einast røre litt på augelokka, og kven hører det? Og no, *no!*

Da bråvakna han og fór opp, og sola lyste inn gjennom veggssprungene og gluggen, og fuglen var i full song borti skogen. Han stomla fram, [131] såg i kring seg alle stader og såg gudskjelov ikkje anna enn det som vera skulde, kom seg så ut og møtte heile morgonen. Det var måndagen etter ein galen sundag, blåe måndagen ja, dess vondare var det at han kom så fin. Så doggvått gras skulde du aldri ha set maken til, slikt sølv! og over myra der låg det ein blågrå sjø med doggskodde, så furuhaugane hadde vorte til små holmar der utpå. Garane bortanfor hadde komme så nær hit, dei synte fram kvart byskje innpå jordene og veiter og vegar, det var utrulig så nytt og vakkert. Det visste ikkje noko om kva han hadde drømt.

No skulde han gå i frå det og aldri komma att meir. Kanskje aldri nei; det var i alle fall så ubergelig lenge til det. Først måtte han sjå inn som snarast, om dei sov alle samene. Han fór stilt som tjuven, og hjarte dulpa så det var mest uråd å få puste. Døra gleid villig opp. Der låg søskena hans, låg på kvar sitt vis og sov. Borti andre senga låg ho stymor, ho låg i ein krok, med knea mest opp under haka, og armane strekt frå seg slik hesten rettar frå seg føtene somtid. Det skulde ikkje bli stort romme til sengkammeraten der nei. Men kor låg så han far? På loftet, i mi seng! sa han seg, for slik *måtte* det vera, og så kleiv han opp og såg etter. Langt i frå, der var ingen far. Han hadde rømt. Ja visst, – du vart for sein du.

Han kom seg ut att og bort på låven. Nei, der var all ting som det hadde vore. Han gjekk [132] rundt husa, stod still eit tak og stridde med seg sjøl og var på sprange til å rømme, men så vann han med seg og gjekk åt fjøssvala. Der hang far hans.

Han kom seg der i frå. Han tok vegen inn. Heile tida visste han tydelig til seg. Han ruska i stymora til ho vakna. Ho stirde sømnblindt på han, – *ho* hadde aldri visst til seg nokon gong.

– Kor har du 'n far? spurte han.

– He? Ho skjønna ingen ting. Han far – kva er det du forteler no? Men endelig beit det på henne, og opp spratt ho og glåmte i kring seg. – He? klaga ho seg, ho stirde på han og tagg om hjelp: Finn du han ikkje da?

– Nei, han er borte no.

– Å den helgameess tullingen! Ja men kor har han teke vegen da?

– Du får stå opp.

Han snudde seg frå henne og gjekk åt kjøkene. Der låg papirlappen hans; der hadde ingen rørt ved den, san. Eller vent no: han låg da ikkje slik i gårkveld?

Så dømt til å gå åt fjøssvala var han far. Så åleine stomla han i veg. Og så han da, som ikkje visste seg veg utanom helvete etter ein slik gjerning? Ja men fy fan, fy fan! Det bar i gråten med han, det gjorde for resten ingen ting det no, – eg spring i frå det! kviskra han.

Stymora kom kavande: – Ser du slett ikkje likt til han?

[133] Han svara ikkje, og ikkje var han godfor å sjå henne. Det bar ut med dem, og Torgeir gjekk åt fjøssvala i gjen. Ho kom etter, like still som han. Han stana i døra, og ho tøyde seg og såg over han, såg korles det stod til, like vendte andlete mot dem, ho gav nokre barnekvink frå seg og fór inn, tok like og løfta det opp. Ho snudde seg rasande mot Torgeir:

– Har du ikkje kvast på deg da, gutdevel? Vi må få han ned, elles døyr han!

Det fór gjennom Torgeir at han hadde vore fåne, han hadde ikkje ein gong tenkt på om der var liv i faren, no visste han det var for seint, men like vel gjekk han bort og kjente etter. Like var kaldt. Der fanns ikkje vona av liv.

– For seint for lenge sia, sa han.

– Ja herregud, eg veit det da, eg veit det da. Å gud hjelpe oss no, Torgeir!

Enno ein gong måtte han rømme for syne av like, det kunde ha jaga han på sjøen, han kom i hug i same stunda at no var han da fri mann. Ho kom etter, men ho var vill på nytt, ho svor og snakka stygt meste ho vann over slik ein mannsskarv.

– Ja no blir det ny akkort, sa Torgeir, for noko måtte seiast.

Ho slo hendene for andlete og storgret; det var dyre i skogen som klaga seg. Han venta til det gav seg noko, så tok han i handa hennes og fekk henne til å høre på seg.

[134] – Vi skal all tid komma over det her, sa han. Vi skal da klore oss fram!

Han sa mangt anna som fall han inn, dumme ting, men dei var sanne som dagen kring han. Han stod ved dem, her framfor Gud sjøl. Han venta ikkje ho hørte det, ho var så langt unda.

Men ho tagna og kom til seg, som barne, og da ho hadde stått ei stund og set på han, suttra ho:

- Rømmer du ikkje frå meg da, Torgeir?
- Er du galen du! Nei det visste han òg at eg ikkje gjorde.
- Ja men kan eg tru det da? Da får eg prøve å – –

Enno gret ho, rykk for rykk. Så gjekk dei inn. Klokka viste seks. Sola hadde alt klive høgt på himmelen, stod og skjein inn gjennom rutene i stua, same sola som i går. Småkarane sov borti senga si, sparka og kava litt tak og anna, men sov gjorde dei. Torgeir sa at no måtte han i veg til lensmannen. Stymora jamra seg berre og seig ned på ein stol, ho bad han vera snar. Ho kom etter han ut om døra da han gjekk. Det siste han såg av henne var at ho stod og stødde seg til husnova. Han stana som snarast, han skulde ha gått til bake og sagt henne einkvart, men det fekk vera til han kom att. Det var gjerne mangt han måtte seie henne; det vart vel ei råd med det.

*

Ut på føremiddagen kjørte presten heim frå annekse, han hadde vorte heftande til da. [135] I dalbakken der han morgonen før møtte Oliver, møtte han no lensmannen, som kom kjørande andre vegen.

- Nå? spurte presten.
- Ja, svara den andre. Eg har vore ute i forretning eg òg ja.
- Da er De ivrig i tenesta.
- Å ja da, eg heng i. Eg var avstad og skar ned ein som hadde hengt opp seg. Han Oliver Haugen, om presten kjente'n. Han fortalde så litt nærmare om tilborden.
- Forferdelig! sa presten. Forferdelig! Og eg som møtte han her i går – at eg ikkje *tala* litt med han!

Lensmannen svara ikkje noko til det.

– Og så den stakars sonen hans, han går for presten i sommar, kva skal det bli av born som veks opp i ein slik heim? Og etter ein slik hending? – Eg trur nærmast det blir folk av han no, sa lensmannen. Før venta eg så halvt at han laupte sin veg. Han hadde eit ulykkelig menneske til mor. Og henne likna han på, ikkje så lite. Men, som sagt –

– Ja ja ja. Det står i Guds hand. Han har ei meining med alt han gjer.

– Vi får da tru det. Han meiner visst å få folk av nokon kvar han; av kvart eit menneskefrø. Han har si fulle hyre med det. Stundom må han gi seg på det.

Så kjørte lensmannen, og så kjørte presten.

På leiting

[139] Vegen gjekk skog og myr sørgjenom lande, bratt og flatt, gar for gar framom, slik han hadde gått frå gammalt av. Septembersola skjein over han dagen lang, skjein over land og strand så ein måtte undrast, – eit gammalvore kvinnfolk som følgde vegen sør etter, stana gong for gong og undra seg: Er det meg dei gjer slikt godvêr for?

Ho skygde med handa og såg: Ja visst var det garar her san! Og slike hus, dei grommaste var jamgode med lensmannsstua heime. Og åkeren gulna, og skogen gulna, det lyste vakrare for auga dess lenger sør i lande ho kom. Dei låg i det med skuronna, såg ho. Ja herre gud, det var synd ein ikkje var med. Men no tok ho staven og gjekk att, ingen visste kor lang vegen kunde bli.

Det visste ingen utan Han. Og Han, han hadde pekt sørover for henne, hadde så gjort frå første stund ho slapp laus. – Har du sloppe laus utor lensmannsarresten no Lisbet? sa dei med henne folk heime, den dagen ho flytta utor tenesta; ho hadde tent hoss lensmannen i jamt 40 år. Dei visste godt ho var oppsagt for det [140] ho var for gammal. Men alt stod i sol den dagen, slik som no. – Ja, eg er fri, sa ho. Og vegen låg der og viste sør etter som no, det var berre å gi seg på ferda. Det var Han som gav henne staven i hand.

Og staven og ho dei gjekk, sør og sør etter, det var snart til endes med første veka. I armlykkja på andre handa bar ho ei lita grønmåla korg som ho hadde kjale sitt i, klæplagg og niste og så nokre sølvdalar på botnen, dei var så mange som dei var. På hovude hadde ho svarttørklæ, og i svart kjole var ho, nett som ho skulde til kirka eller kjøpstaden, men ho hadde søfta han skikkelig opp. Alt i eitt tørka ho seg over andlete med lommeduken, det var så for godt eit vêr. Andlete var brunt og skrukkut; merke etter småpoka synt seg no det vart heitt. Håre heldt på og kvitna. Men auga gjekk ungt og vake over alt dei såg.

Gong og annan møtte ho folk på vegen, det var sjelden, no i onna. Ho helsa, slik eit kristenmenneske lyt gjera, men ho gav seg ikkje i snakk med nokon. For kva skulde ho svara om dei spurte kor *ho* tenkte seg? Lyge brukte ho ikkje, og ikkje kunde ho seie som det var heller. At ho var ute og leita etter dotter si som ho hadde sett bort

til frammandfolk ein gong? Nei. For så spurte dei om ho ikkje hadde havt vitring frå henne nyst, og da måtte ho ut med at ho hadde ikkje hørt ord om henne sia ho gjætte på ein gar her sør, og der var det ingen som mintes gjentungen ^[141] no lenger, lensmannen sjøl hadde skrive for henne og spurt. Og Jonetta ho vart 35 no til Mikkelsmess, kanskje ho kunde finnast til den tid? Kanskje det var det Han vilde?

Om kvelden søkte ho ikkje hus. Ei og anna stua kika ho på, men nei, ho såg ikkje ut som ho vilde hyse veglaupande folk.

– Godvêre eg har fått
må vel vera for einkvart godt,

sa ho, og så stava ho seg inn på låven og låg i høye, eller òg la ho seg på flate marka under eit byskje, med barkvistar under seg.

– Så, no ligg eg på barseng i gjen, smilte ho; og så las ho kveldbønna.

Stjerna blinka til henne, så kom der fram ei til og enda ei, ho hadde fått mange kjenningar der oppe etter kvart. Nattvinden kom i lauv og gras og snakka med henne. Mørkre tok med gode hender kring henne. Og sola ho kom kvar einaste morgon over fjell og skog og beinast til henne: No fekk ho Lisbet stå opp og gi seg på veg att. Du har langt å gå enno, det sa både sola og han. Så kosta ho på seg ein matbit, ho var ikkje snau i korga enda, og ein drope vatn, og så gav ho seg på gonga. Rettno så skulde ho Lisbet finne gjentungen sin.

Jonetta heitte ho ja, og vart 35 no til Mikkéli, armod's litle tinge! Ho såg henne gjerne for seg som ei smågjente, både fillut og berrføtt, men når ^[142] ho tenkte over det, vart Jonetta til eit stort og ført kvinnfolk som ein mest ikkje torde snakke til, slik og slik såg ho ut. Men herre gud, så var det lensmannsfrua ho såg for seg, frå den tida ho var ung. Nei, slik såg ikkje Jonetta ut, gud bedre, det kjentes heller som ho låg og sjukna bort eller svalt i hel i ei hytte.

– Ja ja, men her kjem eg, sa ho, eg har da det eg har, her i korga mi, berre vent, skal du sjå. Berre vent, Jonetta!

No var ho så langt ut i verda, det stod visst ikkje til å komma heim meir, vart mindre von om det for kvar dagen. Men slikt land da, så flatt og vakkert! Slike garar, og slike hus, jagu var dei måla òg, – der hadde ho så nær banna! No kom ho til ei ny grend, og enda grommare: Kjem ein radt til Himmerike på den her vegen tru? Ho måtte undrast på noko av kvart ja.

Så ein dagen vara ikkje godvêre lenger. Himmelen himast over med ein kaldvoren gråe, det slokna det gule oppi lia og gulle over åkeren. Enno kom sola fram ein gong, men så gjekk ho sin veg; haugane smilte tankefattig etter henne, ein måtte tenke på barne dei glømmer og går i frå. Det seig i hop til regn utpå kvelden. Lisbet tykte ho laut snu heimatt. Ja, men det vilde ikkje Han. Så gjekk ho til det vart mørkt. –

Langvarig vêr er ikkje godt vêr, trøsta ho seg. Da såg ho eit vindauge med lys som blunka til henne, eit godhjarta eit, og inn gjekk ho.

[143] – Om eg så skræmer dem på skogen, mumla ho.

Det var rarare å sitte i hus enn ho hadde trudd. Der var berre ei enke og to gutar inne, dei var ikkje fleir der i garen. Dei tok mildt i mot henne, sette fram det dei hadde og reidde seng for henne, spurte mest ikkje om nokon ting. Kan hende dei såg på henne at det kunde dei spare seg.

Men om morgonen da ho stod på gonga, seier mora i huse:

– De skal lang veg De?

Da visste ikkje Lisbet av før ho stod der med klinka i handa og hadde sagt:

– Eg er ute og leitar etter dotter mi.

Dum hadde ho vore all sin dag, elles var det vel ikkje gått henne som det hadde gjort, men det verste var at ho kunde ikkje tie med resten heller, ho fortalde alt sammen:

Ho hadde havt dette barne med ho tente i lensmannsgaren. Ho gjekk utor tenesta eit års tid og var hos søster si, som budde langt unda, for lensmannsfrua måtte ikkje få nysn i det som hendte. Barne vart bortsett til snildt folk, det var så hjartans god ein gjentunge, og Jonetta heitte ho, etter faren. Kven han var, det visste berre ho Lisbet sjøl og så presten der sør. Sia hadde ho tent hoss lensmannen så lenge ho dugde.

– Og no er eg fri, og no lyt eg finne henne, sa ho. Han viser meg sør og lenger sør.

– Ja ja, meinte kona, det står ikkje på når ein har Herren til vegvisar.

[144] – Vårherre ja, svara ho, han er over oss alle, men det er ikkje han eg snakkar om. Ja nei, kven som er med meg, det veit eg ikkje, det er berre ein som kviskrar til

meg og vil meg vel; eg kallar 'n no berre Han eg. Nei, Vårherre han har anna å gjera enn å leite opp lausungane, det får syndaren gjera sjøl. Slik kjem det for meg.

– De skulde vera for gammal til slikt styggsnakk De, sa kona. Ho for sin part hadde nyst vore med gjentungen sin til kirkegaren. Det gjekk slik streng sjukdom millom borna her i kring, dei døde fort vekk. Og da trong ein Vårherre, tykte ho.

– Det skil seg no både born og foreldre, sukka Lisbet, – så takka ho for seg, og så gjekk ho.

Lisbet var innom hoss folk rett som det var etter den dag. Og mest kor ho kom låg der ein liten ein og stridde og skulde døy. Dei hadde det i halsen, låg og peip og pintes, og pintes i hel for det vissaste; dei fekk ikkje luft. Ho visste ikkje ho meir enn dei andre kva slag sjuke det var, men etter kvart hadde ho set eitt og anna, og ho var ikkje ansles godtil, ho stana for og gav dei rådene ho visste. Gav seg så i vandringa att. Men ho var ikkje viss på vegen meir, ho vart ståande på vegskile somtid og undrast: kor vart det av han som skulde syne henne leia? Da kunde ho seie med seg sjøl, det var nær på ho både lo og gret:

– Det vanta berre at han glømte meg, at eg skulde bli ståande vegvill her, ei toskut tauskjerring i eit frammandt land!

[145] Ein by og enda ein hadde ho alt fare framom, Vårherre måtte vita kor ho no var.

Møtte ho folk da stana ho og gav seg i snakk med dem, og var det eit kvinnfolk så spurte ho best det var:

– Kva heiter du? – – Nei *du* heiter ikkje Jonetta, eg visste det mest. Så sa ho farvel og fór, ho skulde lenger. Med kvart kunde ho seie: – Det bur da ei som heiter så, her i nærheita?

Hørte ho da om ei med det namne, da gjekk ho med styng for bringa vegen fram og til gars, enda ho visste det var fåfengt, for ho gjekk *åleine* liksom.

Ho tørka sveitten i einingen, for no venta ho Jonetta på henne, vesle såltinge, ho hadde vore morlaus lenge nok; ho kunde ikkje vera langt unda, det kjentes slik. – Eg kjem da, eg kjem da! gjekk ho og sa med ho stinta seg opp bakken, ho vona det var den siste dette, for kvar ein. Ho snakka som til ein unge, men synte Jonetta seg for henne, da var det støtt som ei fin frue, ho kunde reint bli arg, for Jonetta, kroken, ho tente vel for tausløn ho og såg ut der etter, og ovmod står for fall, lyt ein komma i hug.

Elles var Lisbet den ho hadde vore all sin dag, og såg ho einkvart å gråte over, så gret ho, og såg ho noko å le til, så lo ho, – ho såg ein mann framfor seg på veggen ein kvelden, og han lo ho godt til:

[146] – Kan du fortele meg kven det er som står og spaserer frami veggen der? Må vera rettelig ein storkar det, han kjem ikkje utor den tverre flekken. Eg er no ingen stashest, men deg skal eg tråve for bi lel.

Ho helsa god kveld og gjekk framom han, ho fór fort, tykte ho; tok så av veggen og opp til nærmaste garen, utan ho tenkte større over det.

– Unge karmannen og ikkje få føtene med seg! bles ho, så tok ho i klinka og gjekk inn.

Inn i stua kommi heldt ho på å gå att-å-bak utgjenom døra, for der sat lensmannsfrua livs levande framfor henne. Der sat ho, gud hjelpe ein syndar. Ja nei det var ikkje henne, vanta mykje på det, ho var ikkje lik henne ein gong, når ein såg litt velare etter; nei. Men det var same slag menneske, ei storfin frue, og same måten¹⁴⁴ å sjå på ein, så rolig ovan i frå og ned, – same gulldangle i øyra.

Lisbet bad for seg, det var ikkje hennes vis å tulle seg inn i slike fine hus. Men eit kleint barn var det her òg, ein liten gut, og han måtte ho sjå til. Det bar så til at den her kunde ho ikkje gå i frå. Ikkje var det nokon som vilde dra henne bort heller no, ho syntes heller at einkvan bad henne bli: Det skulde vel aldri vera Vakkermannen sjøl? At han følgde med henne like vel, og at han hadde bruk for ei gammal sål? Ja ja, ho skulde ikkje vera tunghørd. Rådene sine fekk ho fram med.

[147] Mora var ikkje høgare menneske enn at ho var reint ute av det for barne sitt, ho let frammandkjerringa stelle med det som ho vilde, visste ikkje anna å trive til enn å vente seg berginga av henne. Hadde vel sitte døgne rundt og venta på vidundere.

Midt på natta vart Lisbet vår mannen ho hadde gått om nedpå veggen, han stod attmed henne og såg på barne. Da var han mann i huse her, ventelig. Han var enda meir storkar enn ho hadde trudd; men han var bleik og fortenkt og tok ikkje auga frå guten i senga. Lisbet glømte han, og sia var han borte. Lenger utpå natta stod han der att, kom og stod der tak for tak. Mora hadde sovna der ho sat. At han ikkje gjekk bort og strauk henne på kinne!

Da sola rann kom det over Lisbet at ho skulde av stad. Ho sat og heldt barne over eit fat med rykande varmt vatn, det var einaste råda der var noko hjelp i, og det pusta virkelig lettare da; rettno anda det som eit menneske. Da sa ho høgt:

– Nei kar! du får meg ikkje herifrå før eg er ferdig, du kan vera kven du vera vil.

Ved dei orda vakna mora. Ho såg forvilla på Lisbet, og Lisbet på henne; Lisbet vart sittande stukk stiv og stirre på henne.

– Sitt du der enno du? sa kona. Spurte så kven Lisbet var og kva som førte henne hit.

Endelig fekk Lisbet att måle sitt.

– Heiter du Jonetta du kanskje? spurte ho.

[148] Det kvakk i den andre. Dei sat og såg på einannan; sat og vart vår einannan. Auga deira rann i mot einannan som to vassdropar, gleid unda og kom att.

– Har du aldri spurt etter mora di? sa Lisbet.

Den andre hadde vorte grå. No vart ho kvit. Munnen vart som kniven å sjå.

– Eg har ikkje noko mor, svara ho. Alle her veit at mor mi er død for lenge sia.

– Men visst ho kom? spurte Lisbet. Ho trudde ho måtte døy med ho venta på svare.

Den andre kaldlo: – Da vart det min tur. Til å vise bort *henne*. Om ho så kom her og berga barne mitt! Der med reiste ho seg gjekk ut.

Lisbet sat med barne. Ho slepte det ikkje ned. Jonetta hadde jaga henne på dør, og kva anna hadde ho venta seg? Ho smilte der ho sat, visste ikkje anna å gjera:

– Det var godt, Lisbet, at ikkje det her kom for deg før!

Enno smilte ho ein gong, men det var på ein annan måte:

– Ei rik og fin frue! Jamenn er ho det! Kven kunde ha drømt noko så bort i hør og heim? Eg *trur* det mest ikkje!

Men ho gav frå seg barne til barnetausa, måtte sjå å komma seg der i frå. Gutungen kvinka og vilde ikkje sleppe henne, det var ei nød. Og hennes eige barn det hadde komme bort for henne, – alt ho hadde elska det i desse åra!

[149] Husfaren kom inn og såg til, og mora med. Lisbet vann seg ikkje laus, ho såg ein gong på kvar av dem, og sette seg på senggavlen.

– Eg lyt bli her til ut på dagen, sa ho. Eg ser det skal så vera.

I kveldinga gjekk ho inn i andre stua, der ho visste Jonetta var. Jonetta snudde seg frå henne.

– Ja ja, sa Lisbet, men du ser kva veg det ber med barne ditt. Det fer i frå deg! Ho venta litt. Så sa ho: – Vil du eg skal gjera det friskt, Jonetta?

– Kan du det da? spurte Jonetta, men ho snudde seg ikkje.

– Eg kan ei bøn som både bind og løyser. Les eg den, Jonetta, da er vesleguten din berga. Men da har eg sagt i frå meg Gudsrike, eg, og seld meg til den andre mannen. Og det får eg gjera. Eg er ikkje anna til. Eg tenkte ei tid å lesa den bønna for å finne deg, visst det kneip.

Jonetta snudde seg ikkje og svara ikkje.

Nei nei. Så fekk Lisbet gå ut og gjera det like vel. Men før ho gjekk sa ho:

– Du vil ikkje vita da, kven som er far din? Og så sa ho: – Det er sjølve lensmannen det.

– Det veit alle der nord, svara Jonetta. Og dei flirer til deg som ikkje veit *det*.

Lisbet gjekk ut og bortom uthusnova. Ho las bønna, slik ho hadde lært henne av taterkjerringa. Hellig ord på hellig ord. Så var det gjort. Gjort og kunde ikkje gjerast om att.

[150] Gustne avdagen stod og folna bort vest i fjella. Ho lya av gammal vane. Da mumla ho ut i vêre:

– Ja no tier du no! Eg visste da det før. At du rømte i frå meg når *det* var gjort. Å ja, eg får ta meg fram så godt eg kan, åleine. Eg var no herre i mitt eige hovud!

Ho gjekk inn att til barne. Ho sette seg til og heldt det over eimande vassfate som før. Det var lettare slik for kroken, med ein venta.

Og sjuka ho måtte ut. Han hosta opp små kvite filler, tak for tak, hosta alt det vonde opp, sovna i millom, vakna og var litt kvikkare for kvar gong; og for kvar gong kjente Lisbet at ho vart litt veikare, det kunde ikkje ansles gå. Ut på ettermidnatta sov han så godt at ho lurte seg frå han, fann kjeppen og korga og stal seg ut.

Skodda tok bort stjernene for henne da ho kom utom døra. Ho var ikkje verdig å sjå dem heller no lenger. Nei nei, born, det er så det. Men straks det var tenkt, så var

dei der att, heile fjølden og yr vakne, og som dei blunka til henne! Dersom dei berre kunde sagt henne kor heimvegen var!

Så rånkte ho med seg og smilte, kva anna skulde ein toskut ein ta seg til? og mumla til seg sjøl som vise hennes var:

– Det der det var hardt det, sa mannen, dei slo han i hel med flintstein. Kom no, staven min, så går vi.

[151] Men ho var så rar i hovude, ho vart ståande og sjå hit og dit.

– Nei, eg drøymmer *ikkjé*, sa ho. Det er gjort som gjort er, no.

Ho ansa ikkje på at Jonetta kom og stod attmed henne,¹⁵ ho visste knapt kva som hendte da ho tok i kring henne og kviskra *mor*. Etterpå hørte ho det, men da var alt Jonetta inne att:

– Far vel, mor! Og takk for du kom! Og takk for barne mitt!

Da sutra Lisbet: – Å nei nei lel! *No* drøymmer eg da vel! Men ho visste det var ikkje drømt. – Ja *da*, da kan eg snu heim att!

Siste orda song ho ut, men det vart berre ein liten tynn og sprukken lyd, han døde bort i mørkre millom dei frammande husveggene.

Men ho gjekk ikkje åt den leia der heimen skulde vera. Ho tok den andre vegen, og det pekte mot sør, etter det stjernerne fortalde. For det vilde Han, ho merka det så tydelig; der var i alle fall ein som vilde det. – Skal eg virkelig til sjølve Stiftsstadene da? undrast ho.

Ho gjekk og gjekk. Ho gjekk til det svartna for auga. Ho gjekk til det susa i hovude. Men ho syntes tvert om at det klårna for henne, det vart dagen inni henne som det vart dagen i kring henne, rettno stod alle åsane i lykkelige dagslyse, og kva fortalde dei? At Han og Vårherre er same mannen, dei er det som vil deg vel. At det var [152] ingen mindre nei som hadde vore med henne dei siste åra.

– Skal eg virkelig *tru* det? kviskra ho.

Nei, tru det kunde ho ikkje, ho fekk berre gi på og gå. Gudlausingen var vel den som måtte gå beinast på Gud. Slik fyk motten mot lyse, og slik går stuten mot slegga; og vi alle mot lagnaen vår. Slik er det.

Da ho sansa seg, var ho på ein stig i skogen, og midt framfor seg ned i djupe hadde ho ville fossen, gud hjelpe deg kor stygg han var! Ho sette staven i jorda og tverstana.

– Er det *du?* sa ho

For dette var Dauen. Var det den karen som hadde leidd henne hit? Hjarde vilde ikkje røre seg i henne. Det måtte vera lenge ho stod der.

Men så gjekk det opp for henne, eit godt og gammalt ord ho hadde havt i tankane så ofte, men aldri fått meining i:

– «Disse tre ere ett.»

No såg ho det: det var Han og Vårherre og så Dauen, dei tre ho hadde havt slik age for. Ein og same mannen var dei, og han hadde vore med henne all hennes veg. Det var som når solauge renn over fjelle. Og rann gjorde det verkeleg i same stunda, beint i mot henne så vidunders stort og mildt; så fagert er det å leva!

Fossen han dura og dreiv på at ho skulde komma.

– Ja ja, sukka ho. Er tida kommi, så er eg.

[153] – Men nei! sa ho best ho stod. Ho Lisbet får du hente, ho kjem ikkje sjøl.

Ho snudde seg og gjekk til bake. «Disse tre ere ett,» mumla ho. Og med deg har dei vore, Lisbet, enten du trur det eller ei. Dei leita enda opp a Jonetta for deg. Herre Gud kor vakkert det kan laga seg for ein, kva godt skal eg gjera i staden, ei gammal kjerring?

I det same minnes ho bønna ho las for barne. Ho stivnar og stanar i same blinken. Ho vil snu seg til fossen, men kjenner ho styp.

– Du eig slett ikkje bidlund da? fer det gjennom henne.

Dei fann henne dagen etter, folk som fór i skogen. Ingen i bygda kjente henne, men ho vart førd til jorda på sømmelig vis, og der var enda dei som gret.

Hemna er søt

[157] Blind-Anders på Håberg sa ein kvelden, det var siste vinteren han levde:

– Dei seier for eit gammalt ord at hemna er søt. Eg er ikkje viss på han hadde røynt det orde, han som fann opp det. Eg har hørt om ein som røynte det; men eg veit ikkje kva han sa da han var kommen til endes med det.

Mannen heitte Raffel. Dei fortalde om han, at var det ein som heldt orde sitt så var det han Raffel Jensa på Grønset. Han sa elles ikkje mange orda, han var ikkje så lite stor i seg. Han hadde lagt hugen sin til ei gjente på andre sida fjorden, ho heitte Barbro. Det namne var ikkje i hevda den tid, etter Barbro Hasfjord sine dagar, ho som vart brent for trollkonstene sine. Men denne her høvde det urimelig fint på. Av bra folk var ho, og slik ei andletsvakker og staut gjente, det lyste reint *godt* av henne, sa folk. Raffel var der og fria, og ja fekk han, og så forgjord etter henne var han, han rodde over og såg til henne kvar einaste helg mest. Og Barbro ho var ikkje mindre fortulla etter han. Foreldra deira sa at dei kunde vel komma til å nyte lykka si for det, ein hadde set så gale før.

[158] Raffel skulde på Lofot-ferd om vinteren, og til våren skulde bryllope stå. Men føre jul skulde Barbro komma til Grønset og hjelpe til, og sia vera der med han var ute, foreldra hennes hadde sagt ja til det, og mor hans med. Faren var død før den tida.

Sjøl fór han i veg og henta henne. Han tenkte seg til Berg og låne båt, men da han kom fram til Bergsvågen, såg han det rauk frå ei husmannsstue som hadde stått øde i mange herrens år. Han hadde hørt det, og glømt det, at der var komme folk dit siste hausten; det skulde vera utabygdingar, og meir visste ingen å fortele om dem. Fór det så i han at der stod båten deira i fjæra, og at den høvde som han var tinga og gjort til ferda hans, – den bekkseiva han elles kunde få låne var ikkje å hente heim ei brur i. Raffel gjekk ikkje innom hoss ukjent folk, det vanta mykje på det. Men i dag var det ansles. Båten vilde han låne, og der til vilde han vel sjå om det var tater eller folk i stua.

Han fann to ungdommar, ein gut og ei gjente på alder med han sjøl. Guten var lang, og mørk av seg, men ingen tater for det; gjenta såg han ikkje større på, men han skjønta ho var søster hans.

Dei bad han sitte. Raffel spurte etter mannen sjøl. Guten svara at det var han det. No skulde 'n Raffel ha sett seg og snakka nokre ord med dem, om vêre eller slikt, men han var så ihuga for erende sitt, han spurte berre om båten. Det var ja med [159] første ord, og karen var med ned i støa og sette han ut. Der sa Raffel, sjøl veit kva som fór i han:

- Kor helst er du kommen i frå du da?
- Heimant. svara den andre.
- Kva gale har du gjort, ettersom du ikkje vil nemne heimstaden din? sa Raffel.
- Du har ikkje nemnt din du heller, sa den andre karen.

Så fortalde Raffel kven han var for ein, så snakkarglad var han den dagen, og frammandkaren fortalde han heitte Jo og søster hans heitte Lisa; – vi er sunnan-ifrå, og meir skil deg ikkje for det første, sa han.

Det var eit par auga i han som Raffel ikkje hadde set maken til, men taterauga var det ikkje. Han kom i hug dem heile tida med han rodde over, det fortalde han sia. Han fortalde alt samem sia.

Det var ein utleita godvêrsdag. Det vart kveldsleite før Barbro og han kom seg i veg, og folk spådde snø, men sjøen var blank som glasruta, og når Raffel hadde sagt mor si at han kom heim om kvelden, så var ikkje det meir å snakke om, han la i veg.

Dei rakk ikkje midfjords før uvêre var over dem, nordavinds storm og snøfokk. Å snu var for seint, eller det kom ikkje Raffel i tankane, han rodde mest i hel seg. Ja ja, han fekk kjenning tå land ein staden, og gissa på det var Bergsodden. Og det var rett nok. Men midt i vågkjeften gjekk båten full, og kvelva. Det raraste var at dei stod [160] botn der. Dei hadde råkt på det skarve skjære; og der stod dei. Opp på grunnaste skjærskolten føta dei seg, men enda stod dei kleint nok, det var berre så vidt ikkje båra tok dem. Raffel ropa på hjelp, han ropa for to, men kven skulde høre i slikt vêr? Der fanns ikkje von i det.

Frammandkaren, han Jo, hadde hørt det like vel, han hadde gått og lya etter dem. Han og søstra sprang til Bergs-nauste, braut seg inn og fekk ut båt, baska seg ut

vågen og fann dei to på skjære, straks før det var for seint.

Raffel var det ikkje farlig med, han hadde fått seg ei våt trøye før på sjøen. Barbro var det låkare med. Dei *bar* henne opp i stua. Men ho kom seg vonoms fortare, og da Raffel såg ho sov som eit friskt menneske, tok han ut og fór heim: han hadde sagt han kom heim om kvelden.

Før det vart morgonen kom han att, han hadde ikkje ro på seg. Han kom med hest. Barbro sov, og Lisa sov, og dei to karane sat der og heldt varmen ved lag. Ingen sa noko større, dei hadde det ikkje med det nokon av dem. Men utpå dagen, da Raffel og Barbro skulde kjøre, retta Raffel handa til Jo og sa:

– Eg kan aldri forskylde deg dette. Men det skulde berast rart til om eg glømte det.

I vegen snakka Raffel om frammandkaren, han tykte det var omframt til menneske; – det bur meir godt i han enn i nokon annan mann eg har råkt på, sa han.

[161] Barbro svara at ho likte han ikkje; – eg tykkjer snarare der bur einkvart vondt i han, sa ho.

Dei snakkast ved oftare om dette – dei vart ikkje einige.

I jula var Raffel i veg og bad Jo og søster hans heim til Grønset. Han henta dem med hest og skyssa dem heim med hest. Raffel sa til Jo da dei skildest:

– Eg bed deg om at du gløymer den morgonen vi først råktes. Eg visste ikkje kven du var. Eg visste ikkje ein gong kven eg sjøl var: eg trudde eg var fanken til kar der eg kom. Du veit eg skulde etter brura mi. Ho er så mykje for meg ho Barbro, at det kan eg ikkje seie.

– Det har eg set, svara den andre.

– Gir du meg handa, Jo? spurte Raffel.

Og Jo gav han handa. Raffel sa til dem, og mor hans med, at var det einkvart dei trong utover vinteren, så måtte dei finne vegen til Grønset.

Til Barbro sa han at ho burde sjå åt dem når han var borte. Ho lova ikkje det, – ho visste ikkje kva slag folk dei var. Raffel var nær på å bli arg for det, og Barbro lo til han.

Men ho gret den dagen han fór heimafrå.

Om vinteren kom Lisa over myrane til Grønset fleire vendingar, ho tok heim ull og karda og spann for dem. På slutten følgde Barbro henne nedover att; dei vart så godt forlikte.

Ein kvelden utpå vårparten kom ho ikkje heim.

[162] Værmora la i veg dagen etter, ho tenkte å snakke ålvor med gjenta. Ho fann Lisa sittande og gråte. Ho fortalde at Jo og Barbro hadde rømt; ho fortalde det vesle ho visste: Jo skulde gå med Barbro eit stykke på heimvegen, det hadde vorte noko-lite seint. Om natta tyktest ho høre at Jo kom ikkje att åleine, men gå ned og sjå etter fall henne ikkje inn, ho sovna i frå det før ho fekk tenkt på det. Om morgonen var han ikkje å finne. Og båten var borte; og nedmed støa kunde ho sjå far etter kvinnfolkfot. Og kista hans var borte, og klæane med. Da vart det svart for henne. – Og eg som kjente han så vel! gret gjenta. Han var *ærlig*!

Værmora fór over fjorden, spurte seg for i heimen til Barbro. Der hadde ho ikkje synt seg. Det var ei ulykke!

Raffel vilde ikkje tru mor si da ho fortalde han det. Han trudde det knapt da han hadde vore i Bergsvågen og snakka med Lisa. – For slikt hender da ikkje? sa han. Og det måtte dei gi han rett i: det var uhendt der i bygda, så langt att i tida dei visste. Han fór over fjorden og til heimen hennes, sveiv rundt og leita der. Han såg ut som han leita kor han gjekk.

Ingen venta han skulde snakke til folk om dette, men det gjorde han. – Eg har mista det som var å miste, sa han, det er berre hemna att. Men det er òg einkvart å leva for. Det fór kaldt i dem når han sa slik; for dei visste det var orde og mannen [163] der. Dei kunde sjå det på han at han snakka sant; det var stygg-sant!

Om sommaren fór han ei ferd sørretter, lest som han såg etter sild. Han kom att, og han fór nordetter, i same erende. Han spurte ut alle han kom i snakk med. Ingen hadde noko å fortele han.

– Ja ja, sa han ein gong, det er ikkje ho Barbro eg leitar etter. Det er hemna. Og den får eg vel. Eg får ikkje fred før eg har set blod; det er eidsvore visst!

Ein gammal mann sa med han: – Du skulde ikkje tala slik, det kunde fara ålvor i det. Verre ord kunde han ikkje ha gitt Raffel. For det *var* ålvor med han. Han tagde, men han vart grå. Og grå vart han gåande dag etter den dag.

I jula manna han seg opp og bad heim folk til julelag som vanlig. Best dei sat og åt og drakk, sa han:

– Det kjem vel mi tid òg. De flirer åt meg nokon kvar; men eg er stygt redd for at eg tek fliren utor tennene på dykk ein vakker dag.

Lenger utpå kvelden kom Lisa dit. Ho kom inn og stod nedmed døra. Sitte skulde ho ikkje, ho bad om å få snakke med n' Raffel. Han avletast i andlete, og sat og såg på henne ei god stund. Så reiste han seg og gjekk ut med henne.

Utom døra stod Jo. Lisa sprang sin veg. Der stod dei.

Endelig fekk Jo opp måle og sa så mykje som så:

[164] – Du kan slå meg i hel. Det var derfor eg kom hit.

– Vent med eg hentar handfeng, svarar Raffel; han gjekk inn.

Han kom inn og bad karane drikke. Dei måtte sjå på han, om dette var han, så ulik seg var han. Straks etter kom drengen inn og sa der stod ein utanfor døra.

– Eg veit om han, det er 'n Jo, sa Raffel. men no drikk vi *først*, sa han.

Og drikke måtte dei. Men det tok hardt på dem. Det tok så hardt på ein at han ropte reint i frå seg:

– «Det du gjør det gjør snart!»

– Ja ha, mumla Raffel, han tok oppå hylla, fann ein hammar og gjekk ut.

Ingen ein var godtil å røre seg av flekken med det same. Sprang dei så opp alle mann, men gamle mor hans hysjta dem ned. *Ho* gjekk ut.

Ho møter han i svala. Han tek henne med seg inn; han bed henne gå og legge seg.

Alle stirrer på han, og han på dem. Dei kom i hug den stunda. Raffel seier:

– De kom ikkje ut de da, karar?

– Du gjorde han vel ikkje noko *større*? spør dei, dei som får ord for seg.

– Eg gav han det han fortente. Ferdig med det. Så ler han til dem: – Er det slik de sitt og koper når dei slær i hel folk utom døra? – Ut med dykk! ropar han, – ut!

[165] Dei måtte ta huva si og gå. Da sa Raffel til mora:

– Nei, han bad meg drepa seg. Han steig på kne. Da let eg det vera. For det var hemn eg skulde ha. Og den får eg vel. Men det var underlig å stå der med hammaren.

Mora spurte etter Barbro.

– Henne fråga eg ikkje etter, svara han.

Og Jo han levde. Dei spurte det bygda rundt. Dagen etter kom han i vegen for Raffel, og neste dag og alle dagane. Raffel han såg han ikkje; og Jo fekk ikkje ord for seg.

Men så kom dei og fortalde om Barbro. Ho hadde komme heim til foreldra ein kvelden, hadde sitte der og set i golve og tagd som muren. Endelig fekk mora i henne litt mat, og gjorde i stand seng til henne. Ingen mælte eit hardt ord til såla. Morgonen etter var ho borte, og dei såg henne ikkje meir. Ein gong meinte dei dei hadde funne får etter henne oppi marka, det var alt, enda dei var mann av hus alle stader og gjorde rund-leit. Det hadde vore ei lindvêrs-ri, så enno var der kanskje liv i henne.

Raffel tok på seg og la i veg. Først var han innom Bergsvågen og fekk Jo med seg; – og finn vi henne som lik, da skal de få ligge i lag enno ein gong, lova han.

Dei var ute og leita; dei var ute dag og natt så der var ikkje vett i det. Til slut seier Raffel til Jo, ute i marka:

[166] – Kva skulde vi gjera om ho kom i mot oss no?

– Det gjer ho aldri, forsikra Jo.

– Når du veit det, sa Raffel, da veit du òg ein måte å få henne hit. Ut med det! sa han.

– Ja skal eg det? undrast Jo.

Raffel nikka at det stod fast. Da sa Jo:

– Gjekk du åleine opp på ein haug her og ropa Barbro, så trur eg ho kom.

– Enn du da? spurte Raffel.

– Det er meg ho er mest redd, svara Jo.

Og Raffel gjekk opp på høgste haugen og ropa. Han ropa for to. Så venta han – han hadde gjerne venta til dommedags.

Da kom ho. Ho kom så godt ho kunde.

Ja, og så måtte Raffel ta ei avgjerd. Han dømte slik, det fall av seg sjøl: Når ho kom da han ropa, da var det han ho kom til. Han måtte ta henne.

Han ropa Jo til seg, og Jo måtte fortelle alt som det var og hadde tilgått, med han såg Raffel i auga og Barbro hørte på. – Eg måtte tenke på henne, og ho på meg, sa han. Men det var med makt eg tok henne, tilstod han. Og da det var hendt, da kom der sju redsler over oss, – da rømte vi. Men, sa han, kor skulde vi rømme når det var meg ho var redd?

Raffel leidde henne og bar henne, heim til foreldra hennes. Tok henne så med seg dagen etter. Og vigd vart dei, og bryllup stod der, og [167] folk undrast kor det hadde vorte av 'n Raffel og hemna hans. Dei likte han ikkje meir enn så høvelig no, for dei skjønta han ikkje.

Raffel fortalde det ikkje til nokon, han gjekk der os tagde til han vart svart, men dei visste det snart bygda rundt: Han levde ikkje som gift mann med Barbro. Ho vart gåande der still og stum, ein skugge frammed veggen berre. Han såg henne ikkje. Det var hemna hans.

Leid ut på sommaren tok tenestfolka til og snakka i at rettno vilde dei ikkje vera der lenger. Så ille var det å sjå på.

Så var det ein kvelden i slåttonna, dei på Grønset var i ut-engane og slo. Det var eit under til fin kveld; det var slik sol i lufta og så vakkert rundan i kring, ein måtte stane og undrast over slik høgtid. Raffel gjekk føre i slåtten som vanlig, og ord eller eid var der ikkje i han. Gong og annan stana han og glåmte i kring seg. Og ein gong da han hadde heina ljåen sin, vart han ståande og gløyme seg bort. Henger han så ljåen i ei bjørk og ser på karane.

– Dette går ikkje lenger det, let han. Eg står ikkje ut med det.

– Nei nei, husbond kjenner no det sjøl, ymta dei, for dei skjønta ikkje kva han meinte.

– Ein slik kveld må vera for einkvart skapt, trur de ikkje det?

Jau jau, dei fekk da det tru.

– Og i morgo kan det vera for seint, sa han.

[168] Der med gjekk han i frå dem. Han tok vegen heimover.

Dei såg etter han. Dei meinte han vilde gjera ei ulykke enten på seg eller henne. Men slik var det ikkje. Han hadde set *det rette* for seg.

Han kom åt kjøkene og bad Barbro inn i stua. Det gjekk tid og stund.

Mor hans kom inn, og da sat Raffel med kona si på fange. Der kom eit frammandmenneske, og dei sat der på same vise, liksom det skulde så vera. – De kan få flire åt meg ein gong til, sa han.

Raffel gjekk til slåttefolke att – det har ikkje komme så lykkelig ein mann heimafrå som han.

– Det er for vakker ein kveld til å arbeide i, sa han, vi går heim og held litt helg no.

– He! sa han best han stod: Eg visste ikkje at mygga hadde slik fin ein song eller at skogen hadde så vakker ein let; eg skjemmest reint. Kom no, alle i hop!

Mor hans sa med Barbro: – Eg er så glad eg kjenner knapt føtene under meg.

– Eg kjenner dem slett ikkje eg, svara Barbro.

Ho gjekk åt sommarfjose den kvelden som ein annan kveld.

Men ho kom ikkje att. Mjølkespanna stod fulle utanfor sommarfjøs døra. Barbro sågs ikkje. Værmora var der først og såg spanna. Sia kom Raffel og såg dem.

[169] Da han hadde stått der ei lang øve, tok han vegen til Bergsvågen og fann Jo. Der hadde ho ikkje vore å sjå.

– No har du hemna deg, sa Jo

– Ser så ut ja, sa Raffel.

Han såg litt på Jo. Der var ikkje noko att av han; berre ein tust for Vårherre.

Raffel gjekk heim. Han var ikkje med og leita.

– Hemna er søt, men ho hemnar seg, mumla folk.

Barbro fann dei aldri. Lenger ut på sommaren vart Jo òg borte, og heller ikkje han spurtes meir. Dei hadde ventelig slege seg i hop att, dei to armingane, meinte folk.

– Raffel veit eg ikkje noko meir å fortelle om, sa Anders.

Rivemeg

[174] Bygda hadde ein mann som vart kalla *Rivemeg*. Han heitte Henrik, men dei kalla han slik, for det var orde hans, og slik var mannen. Dei hadde venta seg så ymse av den kroppen, det var eit vålig menneske til å rive og slite og til å legge i veg med utrulige ting, men aldri hadde dei venta seg noko hjelp av han, tvert om; ei ubøn eller ein skamdåd var meir ventande frå den kanten.

Noko slikt meinte han sjøl òg. Da han var vaksen kom han ikkje i hug han hadde havt stort anna for seg enn slikt som folk held for dumt og gale.

Det første han kunde minnst av seg sjøl var just noko av det slage. Det var ein sundags morgon langt nedi svarte barndommen, kanskje han var åtte år og kanskje ikkje. Det var om hausten i den tida auren går opp i bekkene, og far hans var i utferda som han støtt var. Opp stal han seg i otta, sju otter føre dag brukte vaksefolke å kalle det, og så stal han bord og kløvde, og så stal han verkty, han rana sjølve helligdommen hans far, så snekra han seg to grinder, var oppe [174] i haugen og leita seg einer og kvesste til tenner og sette inn, og der med hadde han to glupe grinder til aureteine. Meir vart det ikkje tid til, for rettno kom ho mor eller tause opp, og teina skulde i bekken før han måtte ut med krøtera. At det var sundagsmorgonen og synd å arbeide kom han vel i hug, men vaksefolke arbeidde med helga dei òg når dei var nøydd til det. Han fór åt bekken, leita seg høveligaste romme og sette ei grind for oppgåande og ei for nedgåande, ei lita manns leng i millom, det var teinelengda. Den fisken som vasa seg inn gjennom eine grinda kunde han ta med neven. Sia skulde her komma ei skikkelig teine.

Ja da, der stod dei, og der stod han og såg på verke sitt; og regne det hølja ned, det var eit vêr for auren, i kveld vart her fisk! Da ser han det blinkar millom grindene, det kom inn nedanfrå. Der står det ein aure og kjem ingen veg, han berre stikk seg mot tennene i grinda, – gutfarken må storflire. Han over ende på bekkbradden og i vatne med handa, han er i vatne heilt oppunder aksla, finn seg tak og slenger fisken i land, der ligg no den san, og slik ein aure, det er laks! Slik såg det ut for han. – Rive meg! sa han, og det var første gongen Styggmannen narra han til å bruke det orde. Det verste var at da han skal sjå til så kjem der enda ein aure gjennom nedre

grinda, og enda større! Han fekk den òg på land, men det var eit våtvore bask, [175] og no tok han fangsten og fór, no visste han det var i seinaste lage.

Han kom heim til løysingstid og slengte fiskbøra på svalgolve midt framfor føtene til mora, som kom ut i det same. Han kom i skade for å seie rive meg i gjen. Gleda var stor, men ho vara ikkje noko stund. Mora tagde først, og sia las ho opp ei lekse som var vond, reiv så av han både fothyre og bukka, og der med fekk han det kring øyra dask om dask, og måtte ta det på seg att så vått det var og gå i gjætleskogen. Det *kjentes*.

Det gjekk over, det, men om kvelden da han kom heim, stod grannekjerringa og la ut for mor hans: det var på deira vald han hadde sett fiskedoninga, kom og sjå etter! det var tjuvri og stulder, det sa ho! Mora klaga seg, det vart visst ikkje folk av den her gutungen, og den andre kjerringa sanna med, at det skulde eit lite under til ja. Så måtte han i bekken og ta opp konstene sine, men først tok granneungane fisken som var der, ein fire fem digre aurar, og kor skulde han så sette grindene sine? Det svara mor hans på: ho tok og braut dem i betar, – han drap seg vel tidsnok om han ikkje fór med slikt, let ho.

Han tykte han var eit dyr da han sette til skogs etter troll-sauen sin, som ikkje var heimkommen i lag med dei andre. Mora ropa etter han, det var ikkje farlig med sauen for ei natt. Han berre sprang. Sauen fann han, men å få han [176] heim stod ikkje til. Henrik sprang og rasa, han vilde renne live utor enten sauen eller seg sjøl, han sprang og banna. Han banna seg redd, og i det same hørte han noko stygt bakom seg, det kom hov-trampande og snøsande etter han. Han gaut inn på ein snarveg og kuta med ny fart, det var ikkje så langt heim! – Rive meg! kvæste han, sparka av seg ein tresko om senn og kjente seg godt som berga. Men nei, så hadde han styggmakta i hælane på seg, det tok han! Så redd var han at han vart vilt rasande, han hivde seg om og fór beint på Styggmannen med eit yl av all si makt, hang kring halsen på han og *las* over han, både rive meg og grovare ord, for no gjekk det gale kor som var. Og gamlingen bråstogga, han hadde hovud som ein hest!

Det var unghesten deira, temmingen, dei kalla han vargtemmingen, for ikkje ein gong ho mor torde ta han. Heile månaen hadde han gått ute no, og det fekk han gjera til 'n far kom heim. Enno stod han og var fjetra av yle og åtake, og med det same han sansar seg og vil slå gutkvelpen under seg, har han òg sansa seg og har tak i nasebrusken på han og held sinne av han for det første. Det vart ein styggsjau. Henrik vart slengt og klemt mot byskje og tre, var opp i lufta og nedpå att, og

sleppe kunde han ikkje. – Du må ikkje *tru* eg slepper deg! skreik han. Enden vart at han kom leiande heim med hesten just som mor og tausa var ute ved låvenova og såg etter han.

[177] Da fer fanken i gutfarken, han slepper hesten og seier: – Her er hestungen dykkar, ta og sett 'n inn sjøl.

Mor hans var stor og sterk, og uforfæld som nokon karmann, det fanns ikkje mor som kom opp mot henne. Men unghesten visste ho inga råd med, han kom med gapande kjeft først ho nærma seg. Ho fekk høre bort til ein av grannane om hjelp.

– Krake! seier Henrik, for det hadde ho sagt til han ein gong, og gjekk bort og tok hesten. Midt framfor andlete på henne. Hestskarven var tukta for i kveld og måtte til stalls. Henrik gjekk inn utan eit ord.

No skjønna han det var sant som dei sa, at av han vart det ikkje folk. Litt skræmt vart han, men enda meir glad og stor i seg: det var sant, og det skulde vera sant; det stemte med både hjarte og lunga i han og med alt i hop. Om kvelden sa han det med tausa, han låg på same lofte som henne:

– Det vart ikkje folk av meg om dei så døypte meg i sju vatn. Det seier ho mor, og det seier dei alle i hop; det står i katekisma òg.

Sia hørte han det sagt ofte nok, og Rivemeg vart han heitande. Og fram reiv han seg, både gjennom barndommen og ungdommen, det vanta ikkje det. Han syntes, da han vart vaksen, at han hadde vada seg gjennom all den ulenda som til er og vore i krig med alt som ein ikkje bør [178] komma i krig med. Fram kom han i alle fall, og på slutten var det lystig nok. Da foreldra fall i frå, tok han garen og var velstands mann å rekne for, og da han fria til den gjenta han likte, fekk han ja som eit anna menneske. Da tykte han òg han var det; det hadde vorte folk av han¹⁶ like vel. Han var på same veggen som dei andre.

Men ikkje før var han der, så skjeina det ut i veita for han. Det skulde slik vera.

Der kom ein stortjyv i bygda, ein namnspurt ein, han braut seg inn der han vilde inn, og der var ingen som sov trygt med sølv i huse. Kom dei i veggen for han, da slo han dem i svime eller kva det kunde bli; rettelig ein farlig ein var han. Endelig ein gong ringa dei han inn og tok han, og no vart han sett i lensmanns- bure til så lenge, og 4 mann med ladde børser til å halde vakt. Dei vakta, og 4 nye kom og skifta med dem, men ein natta rømte skarven frå dem. Ein av vaktkarane kom til å sjå opp, og da var tjyven på take, der i frå hoppa han ned i snøskavlen og fór. Han

sprang ikkje Kleinare for det om dei skaut etter han, og i skogen kom han bort som skuggen i svarte kjellaren. Folk leita og leita, dei fann einast fare etter seg sjøl.

Henrik Rivemeg hadde sett av stad først han hørte om det, og han fór sine vegar. Børja tok han ikkje med, så skulde ingen devel narre han til å bruke uverja på syndaren; han rusta seg med ein laglig tung kjepp.

[179] Best han kjem rennande og skal framom ein liten berghellar, der står rømlingen midt for auga på han. Der stod dei baa to. Men i same blunken tok tjuven etter handfeng. – Rivemeg! sa Rivemeg og slo han i skallen med kjeppen, det var som han slo med ei klubbe, fortalde han. Tjuven låg der. Han bar han til bygds, men skallen var knustra, og live hadde leke ut.

Og der stod Rivemeg. Folk stima til og var glade, dei ønska både han og seg sjøl lykka til, for no var dei da kvitt illgjerningsmannen. Dei trudde Henrik òg var glad. Nei, han var mykje mindre enn glad.

– Eg bar meg åt som ein svimling, sa han. Der var ein som narra meg.

Og til lensmannen sa han

– No lyt du ta meg og gjera som rett er. Du ser kva eg har gjort.

Men han vart ikkje teken. Det vart berre skrift av det: den eine øvrigheitsmannen etter den andre tala for han og la ut at han hadde ikkje noko gale gjort, og så til å skrive og skrive i bøkene sine. Bad han så gå heim og vera nøgd med velgjort gjerning. Ikkje orde hørte dei av det han sa. Så hørte heller ikkje han på dem. – Du *vilde* da ikkje ha slege i hel han, let dei. – Fan veit no det, svara han, hadde eg først fått litt tid for meg. Men no spørst det ikkje om det; det blir når eg skal fram for Vårherre det. Som sagt, eg har slege i hel eit menneske. Han er dau.

[180] Ja ja. Både ja og nei for resten. Kjerringa som hadde teke seg av tjuvkroppen, ho påstod der var liv i han. Sia såg fleir det: der vart dogg på glase når dei heldt det framfor munnen på han. Dei stelte så vel med han som det skulde vera om å gjera for dem å berge live i han.

For Henrik var ikkje det så om å gjera. Slege i hel han det hadde han så godt han var mann for. Enno kunde han ikkje tru han skulde bli gåande ustraffa manndrepar, dei kunde da ikkje ha dømt han til å gå med eit berg på nakken av synd og skam, heile levedagen lang og enda lenger?

Han gjekk på ein og han gjekk på alle som han vona der var litt vett i, dei skulde ut med kva dei meinte med dette. Dei berre snakka han frå seg og gjekk sin veg; dei hadde fått så utrulig viktige ting å tenke på i det siste.

Da vart han still. Han hadde hørt seie at jorda sveiv rundt. No kjente han endelig det var sant. Han kjente enda det var rangsøles ho fór. Rett skal ikkje vera rett, det krevde han ikkje, for så store er ikkje vi menneske at vi skal sikte så høgt. Men eit liv er eit liv, og loven skal vera loven. Fann dei ut noko anna, da tvila han på heile stelle.

Folk var blide i mot han, og det var ingen uting, men han kom til å undrast: Var det meininga deira at dei òg skulde få slå folk i hel og så luske seg i frå det? Han måtte til å sjå på dem. Da såg han at det hadde dei ikkje fortent, rive [181] meg om dei hadde fortent det nei, ein einaste ein av dem. – Eg vil ti-gong heller lide tukthuse, sa han til presten, så kan *dei* vera velkomne etter!

Han spurte presten om det òg, for han hadde det hundig vondt: – Såg dei ikkje det var 'n Sotmeisk sjøl som rådde no og at dei hjalppte han? Skulde ingen ta ei hand med på andre sida? – Og kva kan ein som eg gjera? sa han. For meg har dei sett utanfor.

Nå ja, noko svar fekk han ikkje, berre ei lekse med ord, og den kunde han no snart. Men ikkje vilde han gjera nokon fred med *den andre mannen!*

Kven som heldt liv i tjuvstakaren det visste ikkje han, og heller ikkje visste han meininga med det. Men ein dagen han hørte innom, fortalde kjerringa at der var meir liv i han i det siste, rettno visste han til seg. – Og det er eit feigdamerke, så no *fer* han snart, let ho, og så snakka ho i at han burde havt sakramente, for korles skulde det gå ein som han utan det?

Det var Henrik med på. Men presten budde på andre sida fjorden, og uvêre var det. Han hørte seg for hoss prestskyssen og hoss andre, men ingen vilde fara fjorden i slikt vêr, ikkje ein gong i sakramentskyss nei. Slik hadde den andre mannen laga det i stand. Men han burde ikkje glise for tidlig. Der kunde snart vera ei djupare meining i dette enn den mannen såg.

Henrik la i veg åleine. Det var slik det var meint ovanfrå.

[182] Å komma over fjorden vart eit bask og eit vask. Det vart ikkje lettare å få presten ut. Sjøredd var han ikkje, det hadde han synt ofte nok, og ikkje var han den mannen at han nekta tjuven det han unte andre. Han rista på hovude og tala

vettugt til Henrik: – Ja visst hjelper Gud, du har rett i det, men i *all slag* vêr? Nei, min gode mann. Men Henrik snakka godt for seg denne gongen, han visste ikkje kor han fekk det i frå, han plaga presten til å sjå det han skulde sjå, så klårt at han sette alt i Guds hand og gav seg med. Han kommanderte ut to av husmennene sine og skyssbåten.

Det gjekk vel og bra til dei var over fjorden komne, dei hadde berre ein odde å klare seg framom, da gjekk båten full og kvelva. Alle fire karane hang i ripa og trødde sjøen, og land var der straks i le; så med Guds hjelp kom dei levande i frå det.

Henrik stridde som den han var før han fekk presten i land, dragsua tok han gong etter gong, for berge var skamsleipt og dei to andre karane hadde nok med seg. Så var det prestskrine, det heldt på og fór om odden og til fjords; det var like viktig det som presten i dag, og Henrik la uti att og berga det. Men da han så kom opp utor sjøen, da var det smått med han, det kjentes som det var slut. Han mumla nokre ord med han låg der på berge, at no vart det kanskje så det gjekk opp i opp, – så var det liv for liv.

[183] Men han skulde ikkje døy den gongen, og det same kunde det vera, for *han*. Sjuklingen var så vidt med seg at presten kunde gi han sakramente, og fór i freden.

– Og det eg gjorde, det måtte no vel Vårherre sjå? sa Henrik til presten.

Presten såg på han, og drog litt i eine munnvika, gav seg så til å kneppe att hundskinnpelsen han hadde lånt til heimferda.

– Eg trur no det, sa Henrik med ein sukk, baud så farvel og gjekk.

Han levde i den trua til det gjekk opp for han ein dagen, at den mannen hadde ikkje ansa det. Så godt som ikkje ansa det nei, Henrik såg det som ein ser dagen i kring seg. Nei nei, det var no så. Litt kald i klæane vart han, og han måtte pinast og tenke i mange døgn før han fekk det til å rime. Men da rima det òg. For den mannen, ser du han står ikkje i beit for verkty, han får sitt gjort utan di hjelp. Du gjer det vesle du kan; mindre har han ikkje venta av deg. Du får gjera det her etter òg.

Det argaste var at han kunde ikkje late vera å sjå folke i kring seg. Det var ei plage. Kva var det dei vilde han?

Dei vilde berre syne han at han fór og tulla breiddmed vegen, han tok live for tungt; da han slo i hel ein mann, da gjorde han rett, men da han henta sakramente til han og sette live på spel, da gjorde han det som gale var.

[184] Han snudde seg frå dem, for han hadde set meir enn han skulde. Dei var han for kloke. Så kloke var dei at dei heldt seg til vens med svartmakta, med Styggen sjøl! Ja. Han tvila ikkje på at det lønte seg for dem. Lykka til! Han snudde seg frå dem og til borna, til dyra og dei ting. Der vart han vår mangt som var hugnasamt. Så var ein da ikkje mo åleine i verda.

Folk sa der var ingen Rivemeg etter den tida.

Han skjønna dei sa det, og det undra han, for det var *sant*. Elles var der ikkje stort som undra han lenger. Ikkje det ein gong at der sette inn ei rad med vonde år. Ein hørte om krig og sveltihel støtt, så sant ein spurte nokon ting utanfrå, og da det leid om ei tid bar det i sveltinga med folk der i bygda òg. Så kom stor-uåre, og da vart det ålvor; da var det mange som budde seg på å svelte i hel. Det gjorde dei rett i, tykte Henrik. Men han tykte det var vondt at borna skulde lide for foreldra si skyld, og beiste på båsen kva gale hadde det gjort? Hans ungar, dei naua ikkje, dei kunde ha levd på borkbrød og fisk åre rundt, men dei andre?

Når einkvan klaga seg for han og vona på bedring, da gav han seg til og stikka tennene sine. Han spytta og tagde. Snudde seg så og gjekk sin veg, og da murra han med seg sjøl at no har 'n det trøysamt, Gamlingen, han steller det til for borna sine no, dei får *løn*!

[185] Kva kunde det nytte om han, uverdige syndaren, såg kva dei hadde å vente seg? Ein slik ein som han, han har spilt retten sin til å seie noko. Han fekk hjelpe dei få han kunde hjelpe.

Det vart verre og verre. Og midt i nødåre synte der seg noko uhuglig, til eit tegn på at dei burde vente seg meir vondt. Ein morgonen midvinters låg der ei skute og dreiv utpå fjorden, ho var stygg som synda, som svolten, og seglfillene hang under rærne som hengt folk, og skrove var svart som du såg likkista di. Folk fanns ikkje der om bord, det såg ein straks, – der hadde aldri vore folkmenneske der om bord! Og enda var der einkvan, det kjente ein på seg.

– Brigg, sa dei som skjønna seg på farty. Somme sa det var berre ein engelskmann, andre gissa på sjørøvar, det kunde no bli slikt lag etter det dei hadde hørt, men flestparten meinte det var ti gonger verre enn slik, dei sa ikkje meir. Ikkje vilde *dei* borde den skuta der. Det vilde ingen.

Utpå dagen, da der kom ei vindgræle, såg dei skuta seglde, på eit vis. Ho stod sør over fjorden, men luffa til vinds før ho tok land, låg bakk og dreiv som før, – når dei

skulde til å sjå så kom ho slarkande nordover, luffa opp og fall unda og gjorde mange konster; ho fór tett frammed skjæra og grunnane liksom der skulde stå ein naukjent kar til rors. Lensmannen såg i kikkerten sin: Der stod ingen til rors, han trudde ikkje ein gong [186] der var noko ror. Og korles hadde ho komme inn utant have, over heile grunn-rekka? Å nei san.

Ikkje var ho lasta, og ikkje var ho tom – ho var lasta med pest og ulykke!

Dagen etter var same skuta der, på same staden. Tredje dagen: dei var ikkje fri henne da heller. Ho låg og seglde, låg og dreiv. Det var nivst. Folk glømte reint dei svalt. Somtid var ho halvt borte i skodda, dei skymta henne som ein grå trollfugl; da var ho på det styggaste. Andre stunder låg ho i klårvere og synte seg, så nært og tydelig, ein måtte sjå kvar flekken i skrove og kor øde der var om bord; da var ho enda styggare. Dei sa kors og dei sa tvi.

Da sa Henrik, slik han snakka i ungdommen og den tida: – Det er rive meg Styggen sjøl som er der om bord! Ja berre sjå, så skal de sjå! Han veit kor han har oss.

Folk grøssa over slikt uvettig snakk, for dei hadde just tenkt det same sjøl.

Henrik hadde alt set kva han laut gjera. Styggmakta skulde ikkje få ligge der og glise åt folk på denne måten, ikkje så reint i fred og ro nei. Eit kristenmenneske skulde gå om bord og møtast med han som rådde der, så fekk det syne seg kven som måtte rømme. Han kjente seg dømt til å gjera det, og han bad seg ikkje unda.

Da det vart kvelden fortalde han kona kva han hadde for seg, at han vilde om bord i denne [187] nå-seglaren og høre kva dei fordreiv tida med der. Ho trudde han hadde mist vette, men ho vilde vera med han. Det nekta han; – det er einmanns arbeid, og det skal vi ikkje vera to om, sa han. Til det tagde ho, for ho såg han måtte vera åleine på denne ferda.

Det er stille kvelden. Kråka flaksar og skrik før ho nattar seg, ho tagnar og ho tek til att. Ho veit mangt ho. Svarte skyer og klår himmel; fjorden så blank han er mest borte. Seglaren skymtar dei midt utpå, han syner seg lenge etter at det er mørkt. – Ja vel, seier Henrik.

Han åt kveldverden sin den kvelden som ein annan kveld, tok så på seg stortrøya og gjekk åt døra. – Sitt i mak du, sa han til kona, ho kom og vilde vera med ut. – Eg fer ikkje så reint åleine like vel kanskje, la han til, og så gjekk han. Han stelte hesten for natta, såg til at dørene var stengt og la så i veg. Færingen sette han ut åleine, for det òg var berre eit ein-manns arbeid.

Kvifor han måtte vera åleine, og kvifor det skulde gå for seg nattens tid, det brydde han seg ikkje med å tenke over. Det var slik pålagt han. Ein ting stod fast, at vilde 'n Tykje syne han var herre i verda, da kom her ein einamann roande i eit lite båtskal og var ikkje det spytt redd han, for han var sendt i veg av ein sterkare mann. Den ringaste av alle, manndreparen i bygda, han vart sendt i veg – menneske kjem ikkje langt med å tenke.

[188] Henrik rodde. Det gleid så fint i veg, over svarte vass-spegelen og ut i svartblanke mørkre. Han måtte undrast, eit par gonger, om det var ut vågen han rodde no, om dette her virkelig var fjorden? Over han var det òg svart, reint vanhellig svart kom det for han. Berre ut i yttaste nord øygna han himmelsyne som ei forvilla lysrand; ho fekk stå der som ei von om at der fanns von til.

Henrik rodde. Han visste no der han sat på tofta og nærma seg seglaren, at dette var første gongen han var redd. Det var vel meininga òg, at han det skulde vera, sjølv styringa i det. Han rodde inn i skuggen av gaste, han skynta segla som noko overhendig stort og svart i lufta over seg; han rodde borttil, la inn årane og huka seg fast. Han venta litt, så banka han i skipssida. Han banka og lya tak om tak, men der kom ikkje svar. Da reiste han seg opp i båten og ropa, tre spørsmål, med god tid i millom kvart:

– Kven er du for ein? Kva er det du vil oss? Tør du ikkje svara eit kristna menneske?

Det hørtes ikkje likt til det nei. Det riksa og smått let oppi riggen, i blekker og stenger, og segla dei hang og rasla, alt hørtes som det hadde så gjort og skulde så gjera frå evig og til evig tid; skuta låg og vogga, enda der ikkje fanns dønning, så fredlaus var ho.

Henrik hadde rusta seg med båtshake. Den huka han fast i røyste, og fór oppetter skipssida [189] og om bord, med festa millom tennene. Stod så på dekke og trampa i det. Skuta svara, som ei anna skute, med ein tom og død lyd.

– He? ropar han med all si makt, for redsla vil ikkje sleppe han. – Eg står her og ropar på deg, eg vil vita kva du *skal* her? Svarar du ikkje, da tek eg skipe og fer med det, sitt ikkje der og klå deg i skjegge, kar!

Svarande lyd fanns ikkje. Ikkje var der noko å sjå heller. Ja han syntes han såg både eitt og anna, men når han augefesta det så var det ingen ting. Han gav seg til å gå rundt og sjå litt på stelle om bord. Alt var gammalt og vêrslite, ikkje ein

taugende såg ut til å ha vore teke i av folkhender noko tid. Men der såg han noko rart, einkvart levande, tykte han: der var hol etter ei kanonkule i rekka, ho hadde flisa opp dekke og fare ut gjennom rekka på andre sida. Han såg vel etter, og vart viss på det. Ja så gu!

Da smilte han, til folke i bygda og enda meir til seg sjøl, som stod her og brukte munn mot eit folktomt skip. Folktomt ja, og det vilde seie så mykje som at her hadde vore folk om bord, levande menneskap i alle dei år. Kanskje dei låg daue her nedunder, det var det same, ei vanlig skute var det like vel. – Visste eg det før? tenkte han etter. Men lat meg sjå i ruffen deira korles der ser ut. Han så gjorde, famla fram eldtye han hadde med og slo varme og lyste med spik. Der var tomt. Der sågs ikkje ei rotte ein gong. [190] Han gjekk atter-ut, åt kahytta. Ulæst og tomt der òg. Ja ja, det var straks triveligare at ikkje skuta låg full av dauing.

Så var det romme. Han plagdes noko-lite før han kom dit, men endelig lyste han over det, og romme det var fullt av korn, – ja *der* var det rotter òg. Fullt av korn ja, og slikt korn! Nei fullt var det no ikkje da, der vanta mykje på det, men aldri hadde han set slik ein vål med korn, heile haugen med kvitgule gudslåne. Dei hadde ikkje ein gong umaka seg med å ha det i sekker, nei da, korn var som sand i somme land.

Han kom seg ut att og opp på dekke. Det hadde laga seg nokre rift i skya, og der ein staden synte månen seg, liksom no våga han seg fram han òg. Han var halvsliten og låg på hald og stirde til vêrs. Han var no ikkje så ulik eit dumt menneske han heller.

– Ja, vi er dumme alle i hop, sa Henrik. Og eg ikkje minst. Det vart til at han sa det enno ein gong, det var halvvore som han song det: – Og eg ikkje minst ja. Men når de får sjå dette her, de som no ligg og søv, da blir de dummare enn eg er no. Og sia i gjen er de klokare enn eg nokon gong var. Fred på jorda!

Han gjekk i færingen, tok taug i tryne på fartye og til å båtsro. Han rodde smått, og han rodde hardt, rodde tålmodig og rodde seg rasande, rodde seg tålmodig att. Men beiste vilde ikkje med. Det hadde lagt seg til her for natta. Og [191] vind fanns ikkje. Og fanns han, så bles han galne vegen, ein gust, eit par andedrag. Var skuta fortrolla likevel da? Nei, den trua hivde han frå seg att; huka seg så om bord på nytt. No vilde han vera der til vinden kom, om det vart aldri så lenge.

Det vart ei lang natt, men ho laut gi seg for tålmode, og da dagen kom i lufta, da kom vinden òg. Beine vestavindskjøla var det. Henrik var ikkje nokon sjømann, han rekna seg for fjellfinn på eit skip, men såpass kunde han at han fekk brasa til

dei seglfillene som var att. Rore var i stand, og litt om senn tok gamla til å kjenne det og lystre. Så bar det i slarkinga, inn vågen. Det gjekk liksom det skulde så vera.

Han trudde det ikkje, han vart mykje for veik til det. Han fekk ikkje laus denne taggen inni tankane, at det var vondskapen som rådde i verda no ei tid. Det fekk snart syne seg om det var ansles. Han sprang fram og til å regjere med eine ankere. Skuta gjekk til vinds av seg sjøl, det kunde ikkje bedre gå, og så fór jarne, det rente i veg så der lukta svidd etter det, og i høvelig tid fór det andre òg, – der stod dei! Da lo han.

Stod og lo som ein gutunge ja. No låg skipe her, med korne sitt. Hamnen var ikkje god i vestavêre, og det vêre var i lufta no, men der var ei ny makt i han, som sa han at all ting går vel i dag, no skal borna snart få metta si! Han ^[192]hoa og veifta til karane innpå stranda, dei stirde så forgapa hit, rettno la dei visst i rømminga, krokane:

– Det er eg, hallo! Det er 'n Henrik Rivemeg, hal-lo!

Han rodde ikkje i land. Dei fekk våge seg om bord. Tre mann sterk var dei, og dei kom ned til støa og snakka med han. Han fortalde skuta var ladd med korn, og *da* trudde dei han og kom.

Dei fór beinast til romme og såg at der var korn. Dei let over seg på kvar sitt vis. Og korles skulde dei få med seg noko heim, *fanns* her sekkfille om bord? Men no hadde 'n Rivemeg fare i Henrik, dei skulde til vêrs og gjera fast segl før vestavinden rauk opp, elles dreiv skuta i land, så pass skjønna dei vel? – opp med dykk! Dei var mange om bord no, og somme var for gamle, dei skulde av stad og mane hit sekker og folk, all bygda laut hit med posane sine. Dei andre måtte opp, elles kom han med tampen. – Vi får så det da, let dei; *vi* skal ikkje plaga han til å slå i hel oss. Der fekk han no den, tenkte dei.

Det vart ein stordag i bygda. Lensmannen kom til stades, og han tok skuta i kongens namn, han kalla det slik. Han lova Henrik den lønna som tilkom han. Korne var han òg meint på å ta, på same vis, men han trudde seg ikkje til det, dei var for mange og for svoltne dei som hadde møtt opp. Henrik var den som styrde med at ^[193]alle fekk, og dei mest som mest trong, i dag var det hans dag. Dei gav på og førde korn i land til langt på natt, tenkte ikkje å slutte. Men så måtte dei slutte, for vestavêre søkte for hardt åt. Der var korn nok i land for bygda heilt til neste år. Henrik sa at no fekk lensmannen og Vårherre styre med resten, og slik vart det.

Om natta rauk han opp frå nordvest, eit overhendig vêr, og briggen gjekk på land og vart spildra mot bergoddar og storstein. Det var ei gammal norsk kasse, og engelskmannen måtte vita kor han hadde gjort av mannskape. Det fekk no vera som det var, men det var så folk kunde gråte når dei tenkte på korne som spiltet i sjøen: der låg heile digre haugen av det utfor marbakken.

Henrik lo og spurte dem: Kva vilde dei med meir enn dei trong?

Dei svara han så grovt dei fekk det til.

Han var fornøgd. Han hadde gjort gjerningen sin.

Etterpå lo han ein lått til, for seg sjøl, og det var åt ingen mindre mann enn Develen. – Der fekk du! flirte han, – no kan du sitte der no. Ikkje ein barnsunge ein gong svelt i hel i år. Han kunde ikkje anna, han sa det med lensmannen da han kom og takka han og roste han for det han hadde gjort:

– Det er arti når ein kan gjera Develen eit pek, ikkje sant? Han må no vel bli spakare etter dette her, ei tid i alle fall?

[194] Lensmannen vart ålvorsam som presten. Dei sa det som visste det, at han var meir *læst og lært* enn nokon prest. Han sa mange ting, og djupare var det ikkje enn at Henrik følgde med i det, kvar tingen slik, men han skjønta det ikkje like vel, for meininga i det var den, at den mannen finns ikkje, han er berre det vonde samvete vårt. Han stod lenge, han tykte ikkje det var lønt å snakke meir. Men orda kom av seg sjøl, som i vonløysa reint:

– Sei du det, lensmann!

Ja, lensmannen sa det. Han sa det på mange vis, og han sa det slik at Henrik såg det var sant.

Så fattig hadde han ikkje trudd han skulde bli. Han var dummare enn alt folk, og det tykte han var ei dryg bør å ta på nakken. Dei fekk tenke dei som var til det.

Han var tung å få svar av etter den dag. Han kunde ikkje få til kva folk vilde *han*? For han skjønta mindre og mindre av slugheita deira. Men han vart ein mild mann. Om der var einkvan som fór litt hardhendt med eit dyr eller eit gammalmenneske, så kom han aldri med kjeppen meir, han rista berre på hovude og gav seg til å hjelpe stakarstinge. Han hjelpte alle som trong det, så sant han nådde til. – Det er berre det at det er triveligare gjort enn ugjort, slikt noko, pla han seie. – Og resten har ikkje eg noko med, hørte dei han sa stundom.

[195] Åre snudde seg rundt. Da hendte der han noko ein dagen. Der kom ein gammal kall stavande til gars, ein liten tussling som var så reint utlevd og tenkte på å døy; han vilde tala med 'n Henrik på tomannshand. Ja det fekk han. Han stod der og såg opp på han og bad at Henrik måtte vera mild i mot han. Og så var det det, at han hadde ei sølvklokke, og den vilde han at Henrik skulde ha. Han stod med henne og fomla og såg på Henrik. – Skire sølve, sa han, ho er så god som gull. Namne hans far min står inni henne, sjå her skal du sjå! og han retta henne fram til Henrik; – eg vil du skal ha henne etter meg, eg har ikkje anna å gi deg, eg.

Henrik spurte kvifor *han* skulde ha henne?

Gammelen svara: – Vi skulde ha gitt deg ein ting kvar. Det likaste vi eig. Du hjelpte oss frå meir enn svolten den gongen du rodde ut. Du fridde oss frå Styggmakta. Kva dei andre kjem til å gjera det veit ikkje eg. Eg står no her eg. Du må ta i mot a, Henrik.

Ja der stod kall-tusten. Henrik kom i hug det var ein gnikar, og no vilde han gi bort det likaste han åtte. Auga i han var reint gode, han hadde set maken i mangt slag verjelaust kryp. Henrik var ingen hund på å ta i mot av folk, same enten det var vondt eller godt. Og klokke var ein ting han slett ikkje brydde seg om. Kva skal ein med slikt dangel når ein har både sol og stjerner å sjå etter? Men han gjorde [196] det, han tok i mot og takka og var mest glad. Og gladare var kallen.

Og klokka gjømte han, slik ein gjømmer det dyrverdigaste i huse. Mang ein gong tok han henne fram, heldt henne i handa og såg på henne, drog henne opp og lya på ho gjekk. For kvar gong vart det ansles. Ho snakka til han, vesle kreke, lenge etter han hadde gjømt henne. Ho plaga han til å sjå på folk i kring seg og høre på dem, litt meir for kvar tida. Han måtte sjå det enten han vilde eller ei, at dei og han var av same tye, og at verjelausingar var dei nokon kvar. Da vona han der vart bedre tider snart, for bygda og for heile lande. Både for born og vaksne ja, la han til.

Denne klokka vart det einaste han fekk, og bra var det.

Folk sakna 'n gamle Rivemeg, for det var ein med litt vêt i kring. At han fekk i land kornskuta det var no så; det kunde nokon kvar ha gjort, hadde dei visst der var korn om bord, og der til så var det dumt å renne i veg åleine slik. Nei men før, den tida da han virkelig var til, da gjorde han mangt. Dei fortalde den eine historia friskare enn den andre om det.

Sia, da han var i jorda, da sakna dei han slik han var på slutten òg. Hadde *han* levd, sa dei, da var aldri det og det vorte slik. Folk skjemdest for slikt i den tida, vart det sagt.

Lykke-Per

[199] Der var ein mann i bygda dei kalla *Lykke-Per*, enda han heitte Petter, det var for di det gjekk han så godt all tida; lykka hang i hælane på han, sa folk, – visst ho da ikkje fór i førevegen og drog han etter seg, sa dei. Stort meir enn husmannsungen var han ikkje, men no sat han med likaste garen i grenda og åtte nøgda av alt som eigast kan, det hadde komme sjøl til han, kunde ein seie, og kven veit om han ikkje trudde han hadde fortent det. Ein annan mann heitte Per, men han vart heitande *Per Devel*, han fortente ikkje likare namn. Det var eit uting til menneske. Når det gjekk så reint andre vegen med *han*, så visste dei i alle fall det var fortent, kva han no sjøl meinte eller ei. Han var snild nok, frå først av, og av bra folk, vanta ikkje det, men så fort nokon ting bar i mot da skapte han seg til villtyrk, og dess verre det gjekk, dess verre stelte han seg. No sat 'n Lykke-Per med odelsgaren hans, og sjøl sat han på ein flekk oppi lia, i lag med steinura og haren, og kappsvalt med gjeitene sine. Folk var redd han på slutten. Han trivdes ved namne sitt. No hadde han vore bortkommen [200] i fleire veker; så fann dei han dau langt sytten i vald austi bygdene her om dagen.

Ja slik var no det, og slik kan det gå.

Det var i kveldseta dei sat og snakka om dette, huslyden på ein gar. Det var halvveges som nytt for dem, dei hadde ikkje komme til å snakke om det før. Dei tagde og tenkte på det, og for resten så leid det til den tida at dei fekk tende lys og ta seg til med einkvart.

Den kvelden var det ei frammandkjerring der. Ho kom årvisst, vinters tid, og gargjekk bygda og selde massingkammar og giktringar og anna småveges, og her i huse hadde ho nattlega si når ho var på denne kanten.

– Ja, sa ho. Det har seg gjernast slik at der er ein Per tå kvart slage i ei bygd. Om dei no ikkje heiter Per. Eg har ikkje fare så vidt i kring, men eg har da spurt eitt og anna. Men i den bygda eg er i frå, der var 'n Lykke-Per og den andre Per'n ein og same kroppen. Same kroppen ja, om det ikkje var same sjæla. Han *heitte* Per han. Han kom bort han òg ja. Å ja san.

Dei andre tagde og venta, men ho sa ikkje meir. Døtterne i huse manna seg opp og bad henne fortelle om den mannen, – gjekk det ikkje bra med han da som dei kalla Lykke-Per?

– Han hadde da lykka med seg i alle fall, svara ho.

Så sukka ho litt, og så tok ho til.

[201] – Herregud san, ein blir gammal: Eg kjente 'n Per frå han var småguten eg; eg kjente mor hans så vel som mi eiga mor. Ja det var gromt til kone, ein laut tørke av føtene sine før ein steig inn der i huse. Det var ho som rådde på garen, for mannen var berre ein tust, sjøl veit kva som vanta han. Sju born var der, og lyse og vakre var dei alle, som foreldra hadde vore. Den vakraste var no han Per like vel, enda han hadde svart hår, eg har aldri set så blåe auga i nokon skapning, og ikkje får eg sjå det heller. Og når han lo til meg, da var det reint vondt at eg ikkje hadde einkvart skikkelig å gi han. Slik var han. Men mora likte han ikkje, – eg veit ikkje kva faren gjorde –, det var mest som ho bar agg til han for det svarte håre. Slik kan det vera, forteler dei som veit det.

Det gjorde ikkje Per noko, han var lystigperen den same han. Fanns ikkje vondt i han, han var så god av seg som småfuglen i skogen, som blomsteren på vollen, men spør om kva han ikkje fann på! – kva finn ikkje småguten på? Da fekk han bank ja – au, au, au, san! Søskena hans dei var lyshærde og dumme, han var som ein vaksen ein i mot dem, enda dei var eldre enn han somme av dem. Per han forsvara dem, når dei var ute i lag med andre ungar, ja da! Heime skylda dei på han når dei hadde for-rent seg med strekene sine, så måtte Per ta støyten. Per han lo.

[202] Ja det var ein unge! Han vart meir lystig dess hardare dei var med han. Eg må fortelle om da han kom på skolen. Det var da det liksom tok til.

Da han fekk sjå skolemeisteren, da sette han i og skrattlo, galningen, for Hall skolemeister var kulrygga så det var ei synd å sjå på; skarvungane kalla han enda Pukkeloksen, han hadde vist dem billete ein gong av eit slikt u-dyr. Elles var han mykje til mann, i lærdommen og all ting, dei var jamenn så redd han at det var ein lyst. Men Per, armingen, han hadde aldri vore redd nokon gong, han åtte ikkje det vette han san. Så det første han fekk i skolen det var ris på fingrane så skinnfillene fauk. Så mintes han da det, til han glømte det.

Skikken var at når skolemeisteren las fadervåre morgon og kveld, da sat ungane med panna mot bordkanten og knepte i hop hendene og var stille som mus – eg

kjem i *hug* kor still vi sat! Men det var no vi og ikkje han Per. Da skolemeisteren var midt ut i fadervåre, der sett gutgapan i eit kvæs så dei skvett: – Pæh! seier revtikja, kvæste han. Gamle Hall stakar horte ikkje så vel lenger, men han merka der *var* noko, og han skugra 'n Per for det. Seinare på dagen las dei største borna opp utor bibelhistoria si, og læraren la det ut for dem, både om *markens dyr og kvæget* og alt det der, og så bad han minstekarane høre etter så dei kunde svara når han [203] spurte dem. Per måtte opp og svara for kva Gud skapte den sjette dagen. – Og no kan du det, det seier eg deg! varskudde han Hall. Der stod 'n Per. *Han* hadde ikkje hørt etter. – Nå, kva skapte han? sette skolemeisteren i. – Markens dyr og Pukkeloksen, svara gutdevelen, – har de hørt maken til gap? Hall skolemeister var den som kunde slå, han slo så dei datt, ja, og no hadde han grunn til å slå, for orde Pukkeloksen det tålte han ikkje høre, kan de vita. Dei venta gutgapan stupte, men trur de ikkje han stod? Jaugu stod han lel, det var ei skam; skolemeisteren trudde ikkje auga sine. Legg han så til andre gongen, gud hjelpe oss når vi blir så forarga! men da skvatt 'n Per unda så arme kallkroken slo i lause lufta og hadde så nær kanta. Gut-tjyven på dør, og ta han der igjen!

Han fekk det som påfeila da mor hans hørte om det. Det spring vi over. Men de treng ikkje tru han Per tok seg nær av det. Eller kanskje han gjorde det? Vi har ikkje fresta å vera Per nokon av oss.

Den kvelden var der kommi ei fattigkjerring til gars med gutungen sin. Det var ei dei måtte hyse om dei ikkje var huga på det, ho hørte til farkane og hadde ord for at ho kunde mangt. *Ho* sa ikkje noko til styre deira. Men da Per hadde komme seg etter dengsla vilde han gi bort kattungen sin til taterguten. Han var ikkje ansles, han vilde gjerne gi bort det likaste han hadde. [204] Det fekk han ikkje lov til denne gongen, men farkmora sa dei orda både til han og mor hans:

– Det bur meir av all slag i deg enn i anna folk. Og *du* får viljen din fram, gruv ikkje for det. Resten lyt du be om, stakar.

Slik sa ho ja. Per bad ikkje om nokon ting, veit de. Han hørte vel ikkje ein gong kva kjerringa sa. Men den gaven hadde han sia, at det han vilde det måtte dei andre ville. Det synte seg det, san. Ein skulde tru han trong ikkje stort meir da, han hadde lykka i lomma.

Eg vil seie det slik eg, at den lykka ho var tvilingsøster til ulykka hans.

Han trivdes og voks, og same spelfuglen det var han. Rettelig ein gutknekt etter godt folks hjarte ja, eg tør seie eg minns han. Det kunde vore mangt arti å fortele

om han frå den tida han grodde opp, både godt og gale; men enda hadde det liksom ikkje bore i veg med han.

Så døde den broren som skulde havt garen, og der med var det Per som hadde odelsretten. Men da han var vaksen og skulde ta over garen, da vilde han ikkje. Han måtte ut, let han. Og denne gongen brukte han makta si, og det mot si eiga mor.

Han hadde fått for seg han måtte ut på storfiske, heilt nord til Lofoten. Det var langt dit den tida, og ein gargut sette ikkje av på slik ferd, og slett ikkje ein frå den garen. Men han vilde det så heitt at til slut vilde mora det òg. Ho [205] rusta han ut det grommaste ho visste, ja ho måtte enda avstad og tinge båtsrom for han. Men så var det det at ingen vilde ha han med. Ingen nei, for slik ein galning tek dei ikkje med i *båten*, ikkje godviljes da. Nei der vart mor hans for veik. Men kven kunde seie nei til 'n Per når *han* kom og bad? Eg var til stades eg. Eg ser det for meg som det skulde vera i går; eg ser kor det lyste av auga hans med han sat der og snakka for seg, og måle hans hører eg så vel, så vel. Ja ja, høvesmannen hadde eit båtsrom ledig, det kunde han ikkje nekte, så tver han var, og på slutten hørtes det som det just var Per han vilde ha med seg, ja da.

Per var lykkelig. – Slik ein Lykke-Per, tenkte eg; den som hadde slik ein bør med seg framgjenom live, tenkte eg.

Slik kan ein sitte og tenke. Ja dei fekk da børen på ferda nordetter, dei fekk for mykje av han, og på Vestfjorden kollsegldede dei. Per var den einaste som vart berga. Og trur de ikkje han tagg seg rom som leigekar med ein mann i være! Han hadde ikkje vore Per utan det. Lykka si hadde han ikkje mista, slik. Nei men som sagt, lykka hans hadde ei tvilingsøster, – kan hende lykka er fødd tviling kor ein råker henne? Arme gutladden, han åtte knapt det han gjekk og stod i, og båtlage hans og heile bulage dei dreiv og spela kort; dei spela om blanke pengane. Kva anna skulde han gjera? Han laut freste det. Han spela og vann, han spela og tapte. Han spela [206] bort heile leiga si før våren kom. Han var så snau han vilde ikkje syne seg heime.

Han var borte i fleire år, og den broren som var næst han i alder, han fekk garen. Per kom att som skreppekar. Da var det så tålig med han; han var innom heime og spurte korles der stod til, fortalde så med det same at dei trong ikkje slakte gjøkalven sin for hans skyld, så sa han farvel og fór i gjen. Sia råkete dei han på marknaen, somtid nordafor og somtid sørafor, og med kvart var han høgt oppi velstand og alt, og andre gonger var det berre idelig kortspel og fark med han, dei

kalla han ikkje anna enn Kort-Per. Sjøl var han lystig nok, same korles det gjekk; – eg har ikkje gått i gang enno, pla han seie.

Og det sa han sant i. Men ein gong han fór gjennom heimbygda, da såg han ei gjente, og det var eit syn som sette han i gang. Ja gjente seier eg! det var ei jomfru, det var ikkje mindre enn dotra til storhandelsmannen. Ho var så fager og fin at Per kunde ikkje få henne utor hovude, utor hjarte, som dei seier. Han vart så fortapt i henne, stakars guten, eg er viss på knirken i skone hennes var hellig for han, eg vil ikkje snakke om måle hennes! Han såg ikkje slik ut i klæane at han kunde syne seg for henne, ein lyt komma i hug kven ho var. Eg såg henne og selde til henne mang ein gong eg. Ho heitte *Elfrida*; eg får vel ikkje sjå så fin og overnaturlig ein skapning, dei finns ikkje lenger.

[207] Eg råkete til å snakke med 'n Per òg i den tida. Han var så viss på at henne skulde han få, – for det *må* eg! let han. Herre min dag, eg kunde ha gråte over han. Om han så fekk henne? Ja det er no den ting. Han kunde like snart ha tenkt på kongsdotra.

Det var ein stormann i nærheita, eg vil kalle han *kapteinen*, så har eg ikkje sagt for mykje, for han var høgt i gradene i kongenstenesta. Rik var han, og ungar og vakker, og slik ein mann all i gjenom. Han var den jomfru Elfrida skulde ha, og glad var ho, takk henne for det! Han var ein lystig herremann, som det var no alle slike den tida, å jøss ja da. Og dit kom Per. Dit kom han ja, for der skulde lykka hans ta til. Korles det bar til visste ingen å fortele, men slik gjekk det i alle fall, at dei sat natta lang dei to og spela kort, dei sat dagen etter og enda ei natt, dei var seld til vondskapen bae to, til ulykka, derfor sat dei og vona så sterkt på lykka. Det var synd, og det var skam, men det nytta ikkje å blande seg borti det. Da Per fór sin veg, da var gjerningen gjort: kapteinen var blank for pengar, eg veit ikkje om han åtte det han gjekk og stod i, men han skulde etter Per og vinne att det han tapte. Han løfta handa og storsvor på det. Ja kva anna skulde han ta til? For det var ikkje berre pengane som var tapt, kan de skjønne, ja det skjønner de sjøl. Han fann opp Per og spela til seg mynta si, så godt som, men kva nytta [208] det? Det nytta ingen ting. Per vilde ikkje slutte, og den andre han laut føye han, og så spela Per til han hadde vunne alt samem på nytt, – så fór han.

Kapteinen hadde einast den vona no, at han skulde få jomfru Elfrida like vel.

Men det var henne Per vilde ha, som sagt. Han kom seglande stormann dit, med sjøleigande farty og fullt stell, og vart vel motteken. Og med jomfru Elfrida gjekk det ikkje ansles enn at ho vilde ha han; og *eg* undres ikkje på henne: de skulde set

'n Per den gongen! Så hjartans blå var auga hans, enda der var tusen leter i dem, og så gild og høgmodig som han var, som ein prins, born! De kunde ikkje ha set vekk frå han. Det kunde ikkje ho heller nei. Søster hennes sa med henne, at han der ser du da vel er berre ein landlaupar og ein Lykke-Per, ho brukte just det orde, og sia sa ho at han var berre gråe bondeguten og det her frå bygda, ho hadde aldri hørt så gale. Foreldra hennes sa det same da det kom så langt, men da det kom lenger, da Per hadde *snakka* med dem, da var han så bra ein kar som dei kunde ønske seg, kva var ein avkvista kaptein i mot han?

Kjærleiken tåler alt, forteler dei. Alt som han ikkje ser ja. Og han er steinblind og stokkdøv, det er alt eg veit om den ting. Herre gud kor glad jomfru Elfrida gjekk der!

Slikt eit menneske ho var! Ho hadde det lysaste silkehåre de har hørt om frå eventyra, og [209] såg de nokon gong eit godt menneske, da var det henne. De skulde set når ho smilte til den ho hadde vondt av. Å ja, men ho kunde smile i berre ungdommen og kjæta òg, ho var ikkje lettare å ta auga i frå da. Gud signe *henne!* Og Gud hjelpe kapteinen. Han var ikkje ein gong mann til å flytte vekk.

Bryllope stod. Det var ei høgtid, skulde de ha set, – eg var med eg òg, sa hunden, for dei trong all den folkhjelp dei kunde få tak i; eg pussa massing og eg pussa sølv! Mora og søskena hans dei var der som gjester, det kunde ingen nekte Per. Ja slikt velstand og slik stas! Og så lykkelig eit brurpar!

Og kleinare vart det ikkje, for einaste sonen til kjøpmannen han hadde vorte så harm og forhatig, han fór heimafrå og radt til Bergen, til morfolke sitt, og der slo han seg for. Det vart Per og frua hans som tok over heile herligheita.

Eg kom dit åre etter; eg kjem allstads åre etter, veit de. Enda stod det berre vel til. Eg hørte ikkje anna. Eg hørte til med at kapteinen hadde reist seg opp att, og no var det von om han fekk andre dotra i handelsgaren. Ho heitte *Stefania*. Ho var vakker nok ho, på sitt vis, ho hadde så vidunders brune auga, og eit hår så mørkbrunt og stort at det var namngjete. At ho kunde bera det! sa vi. Eg skal seie ho bar det, ho gjekk så høgreist som ei dronning. Ikkje var ho så lite stormodig av seg heller, ho drog gjernast på smilen i staden for å snakke. Ho hadde eit [210] mål å synge med! Og song og spela det gjorde ho helst. Det var inkje under at kapteinen vilde ha henne, det var mange som vilde det san. Ho hadde berre ein smil til dem, og så eit kast med høgnakken sin. Men kapteinen var ho nådig i mot, i det siste.

Næste åre eg kom dit, da var det smått med lykka i garen. Eg vil nødvendig komma ein staden og sjå slikt. Jomfru Stefania og kapteinen var langt i frå gift enno. Dei vart det ikkje heller. Per hadde mista lykka si ein gong i gjen: Han såg han hadde teke i mist på kjærleiksvegen, så reint òg! Det var jomfru Stefania han skulde havt. Ho som ikkje snakka eit ord med han, som ikkje hadde ein halvdregen smil til han. Ja.

Det verste var ho stod seg ikkje i mot han ho heller. Ho stod seg lenge i mot han, såltinge, så lenge som ho kunde og enda ei tid. Tenestgjentene kunde fortale om det: dei hørte ho gret natta lang, djupt nedi dynene. Og når *ho* gret, da veit vi. Å ja, det er mange som gret, vi får springe over det. Fru Elfrida sat ikkje og song ho heller. Nei, men slik var han Per, den makta hadde einkvan gitt han, kven det no var, at når han såg på henne og snakka med henne, og alt slikt, da gav ho seg og vilde det same som han. Søstra skulde få han, dei to skulde få einannan og bli lykkelige. Få einannan ja, det fekk vera så stor ei synd det vera vilde. Slikt var uhuglig til synd den tida.

[211] Ja så gale tykte folk det var, at da dei fekk nysn i det, da samla dei seg alle som på garen var, dei vilde jaga pare med fork utor bygda, dei to skulde rømme med vanæra. For elles kunde straffa for uferda deira komma over dem alle i hop. Båt eller farty fekk dei ikkje, nei da, dei skulde i veg som dei gjekk og stod, i snøvatne og vegløysa. Eg såg det ikkje, eg hadde fare straks eg skjønna kor gale det vilde gå. Dei fortalde det dei som var med.

Ja, der stod dei to syndemenneska. Ingen ting fekk dei med seg, utan snaue lykka si. Men folk kom ikkje i hug kven han Per var. Han lo og var lystig han som han pla vera, men best det var så stod han der og såg på dem og bad for seg. Kor skulde dei så av? Dei slakna alle mann, den eine såg hit og den andre dit, så slepte den handfenge sitt, og så den sitt. Det vart som Per vilde, at han og brura hans fekk stor båtskyss til byen. – Jomfru Stefania tok han og fór med han, sa folk, ho var så glad det lyste av henne langan lei. – Andre sa ho var bleikare enn dei såg henne nokon gong, ein skulde tru det var rettarstaden han førte henne til, let dei. Folk seier det, og folk seier det. Men kan hende dei hadde rett alle i hop den gongen.

Tida gjekk. Dei fortalde at frua trøsta seg vonoms fortare. Ho hadde barne sitt, det var vel det. Eg veit ikkje slikt. Bryd meg ikkje om det heller, så vitansjuk eg er, – nei før stal eg [212] i kirka før eg kika inn i hjarte på eit menneske som henne, lat oss vera folk den litle stunda vi er til. Ho skal ha sagt til mor si at no var *ho* ved fullt vett og forstand att, no var det andre som drømte, og Gud han gi at dei aldri vakna,

for korles skulde det da bli? Det var søstra ho tenkte på. Ho sakna ikkje han Per, vart det sagt. Lat oss ikkje snakke om *det*.

Tida gjekk ja, ho har det med det; og den som rek nord og sør han einkvart spør, om det ikkje er så lystelig alt sammen. Eg var der i bygda eit åre, heime får eg kalle det; det var lysaste sommars tid, og blomstrande vakkert; eg hørte ikkje anna enn det som vel var. Det einaste folk hadde å syte over og krosse seg for, det var at kapteinen drakk så for gale, så reint udømmelig vilt at, og banna og svor som ein giktplaga skipper. Der sat frammandfolk hoss han natt og dagandes dag, og spela kort og drakk, nokre reiste og andre kom, og *han* drakk! Ja ja, tenkte eg, dei har mindre å skylde på, mange av dem som tørste er. Men den kvelden eg var ferdig på dei kantane, da kom nokon og fortalde at midt i gildaste gilde den dagen hadde der komme eit frammandmenneske til kapteingaren, og kunde vi gisse på kven det var for ein gjest? Kan *de* gisse på kven det var? Det var ingen mindre nei, det var Per. Han var på leiting etter lykka si ein gong att.

Der sat dei, kapteinen og drikkebrørne hans, fulle og rangsøvde og galne på alle vis, og der [213] kom han, sjølv fienden vil eg kalle han, og helsa og slo seg ned i lag med dem. Ja eg tenkte eg som de, at dei drep han, tenkte eg. Dei vart ventelig sittande og tenke noko slikt dei òg, den eine om dei andre, ja tenarane hørte kapteinen ropa over seg, dei hørte på måle hans han vilde sjå blod. Anna kunde ikkje Per vente seg. Anna venta han seg nok ikkje heller nei. Kan eg tru da.

Nei, dei drap han ikkje, slett ikkje, dei sessa han i millom seg, og der sat han dagen til endes og natta ut. Men det han hadde komme for, det var så mykje som det at no skulde kapteinen fara sørover og sjå til Stefania. Per bad han så han lova det, ja så gu! – forlate meg synda!

Eg slo meg for til så lenge. Det hastar aldri med ei slik som eg, og vitansjuk det er eg fødd, ja og dette var no han Per da. Eg fekk vita det som var å vita.

– Lykka, sa Per til kapteinen, lykka den ludra ho har fare i frå meg att. Han fortalde det som det var. Det var ikkje lang tida lide, da såg han det var gale det han hadde gjort: det finns ikkje glede ved eit menneske som ein har røva til seg. Kvar time i lag med henne vart ei plage, han sleit seg ut med det. For han kunde aldri vita kva stund ho vakna, – eg venta støtt at ho skulde bli *vår* meg! sa han. På sluten så ønska han det. Og da skjedde det. Ho vart i frå seg, arme menneske, ho jaga han ut, han skulde fara heim att, ho visste ikkje sjøl kva ho sa.

[214] Kunde nokon berge henne no, da var det kapteinen. Slik var det med det.

Kapteinen vart edru vonoms fortare, og tok ut på ferd.

Og Per, ja han gjekk beint opp i kjøpmannsgaren, til kona si. For kona hans det var ho, veit vi. Eg vart huga på å rømme, da eg hørte kva som stod på, men eg var ikkje den som kom meg av stad. – Ho kjører han på dør, sa vi, ho hissar hundane på han. – Å nei, Gud hjelpe frua, ho gjer ikkje det, sa vi, det er da mannen hennes, korles det så er eller går til.

Korles det gjekk ja? Slikt går ikkje så hastig.

Det gjekk slett ikkje hastig denne gongen. Frua hissa ikkje hund på han, ho var ikkje av dem, nei Gud signe henne for det. Men ho snudde seg frå han da ho såg kven det var, og nekta å sjå og høre på han, ho stappa med foten i golve og bad han komma seg ut, og da han enda ikkje gjekk, da opna ho vindauge og ropa ut i garen at to mann skulde komma opp til henne. Ho måtte vente til dei kom, så ho fekk seie dem kva ho vilde, men ikkje såg ho på han og ikkje hørte ho på han. Ho bad dem få han ut. Dei tok han, og ut måtte han, det var mest som han var bortvisna. Folka på garen vart ståande still; dei visste ikkje kva veg dei skulde sjå, dei visste ikkje kva dei skulde ønske.

Da ropa han namne hennes. Han ropa på henne eit par gonger, eg stod i borgstudøra og [215] hørte det. Og da opna stakarstinge vindauge i gjen og såg ut. Der stod ho, og der nedanfor stod han. Vi såg det alle som på garen var, og ingen av oss visste anna å ønske enn at der måtte skje noko som var til lykke for frua. Det var henne vi tenkte på. Eg håtta meg så pass at eg tenkte, dette lyt vi sette i Guds hand. Vi gjorde det.

Ho såg ut sterk og myndig da ho opna vindauge, ho var så høgt ovanfor han, ja eg kan ikkje seie det ansles eg. Men ho kjente ikkje seg sjøl, ho meir enn vi andre kjenner oss. Ja ja, herre gud, der stod dei. Ei lang historie kan òg vera stutt. Det vart til det at han gjekk opp til henne att, og der vart han verande. Da visste vi alle sammen, at det hadde vi visst heile tida. Vi bad så godt vi kunde, kvar med seg, at no måtte der bli fred og lykke i huse.

Det vart det òg. Reint utrulig. Per tok over styringa av handelen både på land og sjø, han skikka fartya dit dei skulde, og henta heim varer og sendte ut varer og stod i det som ein storhandelsmann skal gjera. Dei andre storingane, både i sør og nord, dei måtte gjera handel med han så sant han vilde det, og det var synd å seie det vart han som tapte på det. Og han og frua dei levde så det var ein lyst, som dei skulde ha fått einannan den dag i går. – Berre det varar no da! det sukka vi nokon kvar.

Det vara reint storveges. Det var ei gledesid, sa folk. Ja da, slik går det òg; det er trøysamt [216] å fortele om slikt. Der var sol over huse åre rundt, eg veit ikkje bedre ord for det. Eg kom der det eine åre, og eg kom der det andre, og for kvar gong undrast eg korles det no såg ut. Men frua ho smilte til folk som lykka smilte til henne. Ho syntte meg borna sine ein gong; eg tykte ho syntte meg all verdsens rikdommar berre ho såg på meg.

Men menneskelykka kan ikkje vara til evig tid, nei gudskjelov, hadde eg så nær sagt, for korles skulde *det* bli? For somme blir ho ei bør og eit slit om ho gir seg for god tid i huse, mein det er deira eiga skyld. For Per var det visst på den måten. Einkvart hørte eg fortele; eitt og anna lite såg eg når eg møtte han. Han dreiv så reint overhendig, så blodig hardt, og borte på handelsferd det var han fjerdingsåre langt.

Frua må vel ha set og skjønna noko ho òg, for det er usant at kjærleiken er blind, om eg så sjøl har sagt det, og *eg* trur ho las i auga hans kvar gong han kom heim til henne. Korles det no var eller ikkje: Ved den tida kom kapteinen heim, men han kom åleine. Fru Elfrida var ned og snakka med han. Jomfru Stefania såg vi ikkje meir. Dei fortalde eller dei gissa på at ho var i Bergen, og somtid heittest det ho var i utlande. Ein kan tenke kva ein vil om det. Eg hadde set henne med ho var heime, ho var ikkje av dem som kan bera skam, og sjøl visste ho kor ho hadde gjømt seg no. Kva kapteinen fortalde frua det [217] veit vi ikkje, og kva som vart sagt eller usagt millom henne og mannen hennes det veit vi heller ikkje, ein har ikkje godt av å vita alt, men frua ho sjukna bort og døde. Det var likt til ho hadde sagt live farvel og vilde ikkje snu; ho torde ikkje sjå seg att-ende meir. Kanskje ingen bad henne heller, før det var for seint. Da bed vi, det er så.

Sia spurtes det, både sunnanfrå og nordanfrå, korles Per hadde fare, og kva slag folk det var han hadde gitt seg i lag med. Ein burde ikkje tru slikt, og sæle er alle dei som slepp å tru det. Ikkje skulde ein sitte og fortele det heller nei, de kan ha rett i det.

Det var slut med 'n Lykke-Per etter den tid. Det var berre 'n Per Devel att, og det vara ikkje lenge før han bar namne. Ingen hadde venta han tok seg så nær av at frua døde. Først gjekk han og svartørge, dei trudde han fór etter. Så gav han seg drykken og develskapen i vald, han flådde somme og let andre flå han sjøl dess meir, han skynda berre på at det bar rette vegen, og så sat han og kaldflirte og såg på det ramla. Ja, og så laupte han fant i frå det. Folk sa tvi! etter han.

Værbror hans kom heim, skulde freste å få huse på føtene att. Han slit med det enno.

Somme meinte Per skulde avstad og finne opp jomfru Stefania. Andre trudde han vilde ut og leite seg ei ny lykke. Eitt er visst, og det er at [218] han fann ingen ting meir. Ikkje trur eg han leita heller. Han vilde vera den han var.

For slik såg det ut og hørtes det da han kom att. Han kom att ja, som mordaren til gjerningsstaden.

Eg vart heime i bygda eit års tid, eg hadde forderva eine foten min og var lite og ikkje flakkefør. Da kom han Per att. Han kom til kapteinsgaren ein gong enno. Han bad kapteinen skyte han eller gjera ende på han på anna vis. Dei vart sittande og talast ved, dei to fiendsmennene. Kanskje dei skulde sjå å komma etter kven som var mest ulykkelig av dem. Per var i alle fall ikkje den som nekta skylda si. Kapteinen var heller ikkje den lenger som spurte etter skyld.

Per sat og sa mangt. Gamle kapteinstenaren hørte det han vilde, det var verre å få botn i det. Stubb og annan kunde han fortele meg, eg tør seie eg spurte han ut. Ein gong sa Per til kapteinen:

– Du spør meg, og eg spør deg, men ingen av oss kan svara: visste vi to nokon gong kvifor vi var til? Nei. Og den som ikkje det veit, han *er* ikkje til. Og da kjem develen og tek han.

Ein annan gong sa han: – Eg har vore så lykkelig *glømsk*. Det var derfor eg fekk det eg vilde støtt, for alt anna glømte eg. Men kva hjelp var der i det? spurte han, – eg glømte bort på vegen kva eg la i veg for; om det var aldri så store ting.

[219] Slik sat han og tulla, fortalde gamle kapteinstenaren meg.

Lange stunder sat dei og tagde, dei to herrane. Stilla gjekk att og fram millom dem, som vonde ord.

Men så seier Per: – Nei no sitt eg og gløymer bort det eg kom hit for. Kan *du* seie meg kva det var? Nei, eg er ikkje ute og bed om tilgiving, let han, eg vil døy det forutan. Ja det var sant! lo han, det var døy eg vilde. Ja ha, det var det.

Han reiste seg da det var sagt, og gjekk åt døra. Der stod han og sa: – Nei lykka ho trivdest ikkje hoss meg, eg var ikkje slik. Henne skal eg ikkje hefte meg med å leite

etter. Du får sitte att her du da, kaptein, eg går no, eg for min part. Du får helse borna mine.

Kapteinen svara ikkje. Men Per gjekk heller ikkje enda. Han stod der nedved døra. Langt om lenge så kremta han seg opp og sa:

– Nei borna mine skal du ikkje helse. Den skamma har dei ikkje fortent av meg. Nei men no ser eg ein ting, og det ein underlig ting, gut! Eg har ikkje lov å henge meg enno. Veit du korles det står til med småkarane mine? spurte han. Nei eg vil ikkje vita det – eg vil ut og slåss for dem! Så sant eg her står ja. Ja, og så er det ho mor, ho sitt der halvvore som ei fattigkjerring, og i same skamma for mi skyld ho som dei. Eg tek 'n Per Devel på nakken og legg ut att. Det [220] skal endelig ein gong bli årti å sjå korles det går. For born og gamle folk, ropa han, *dei* – –

Han var ikkje godtil meir, han seig ned på ein sess og vart sittande med hovude i hendene. Det var vel jamgodt med at han gret. Men endelig manna han seg opp og sa farvel og gjekk.

Det var da at eg min stakar møtte han. Nede på sjøvegen, i skinande sommarkveldsstunda, – der kom eg krykkjande, og han kom i mot meg! Eg såg straks at det var han, ja da, ja da! eg kunde ha kjent 'n Per om eg gjekk meg på han i villaste utlande. Men eg kunde ikkje tru det var han like vel. Nei, born. Eg har set mang ein forkommen ein eg, i mi tid, men nokon så *ødelagt*, det råkete eg aldri ut for, og gud gi de slapp det, de som her sitt!

Han kjente meg da eg stana og snakka til han. Jamenn smilte han da òg; han spurte enda, for berre sælebot, kva eg hadde å by fram i dag, og så tok han etter pungen og vilde kjøpe, slik vanen hans var, – eg vonar Herren har vore miskunnsam mot han! Så stod vi der og talast ved, att og fram slik, og best han stod så såg han oppover til handelsgaren, og så sa han:

– Eg kom her og skulde seie som eit farvel eg. Så skulde eg henge meg, var meininga; eg tykte tida var kommi. Men så synte der seg noko rart for meg. Eg såg her fanns noko som eg burde gjera først. Det finns her støtt, berre ein ser det, la han til, og så smilte han. No skal [221] eg ut og røyne verda ein gong til, sa han. De skal enno ein gong få høre frå 'n Per. For no endelig har han det som styrer han. Eg kan da ikkje anna tru enn at eg må få lykke til å gjera det? sa han og stirde på meg. Eg er så glad eg er mest redd, sa han.

Og slik såg han ut der han stod. Eg ønska han lykka all vegen, og det takka han for. Og der med skildest vi.

Sia hørte eg om han der han fór: Han hadde framgongen millom hendene på nytt. Han dreiv store forretningar og gjorde det bra, han sleit og streva med hand og hovud; det var meir enn live det gjaldt. Borna skulde det bli ei råd for, og mor hans med – eg vart så glad eg kan ikkje seie det, for så var da verda ikkje så svart, ikkje sant?

Men så hørte vi ikkje meir frå han. Kapteinen var den som tok seg for og spurte, i nord og sør. Ja, og svare var at han hadde fare ei uferd. Eg trur dei snakka om ein takstein i hovude, men *det* var kan hende ein annan gong og ein annan mann. Men eitt var visst, at alt det han hadde baska til og berga åt seg, det fór sin veg. Dei tok det dei som klokare var, han hadde trudd folk så alt for godt. Ingen ting var att etter han nei, så nær som namne; det var det einaste som fortalde at han òg hadde vore til. Så fåfengt kan det vera å leva, – han skulde med retten ha heitt Per Fåfengt. Men kva namn skulde så vi andre ha?

[222] – Å ja! sa kjerringa og sukka. – No sukka kjerringa, lo ho. – Det her det var inga god forteling å høre. Å nei. Og andre folk dei tier om 'n Per. Men når dei tier om *han*, da er det ansles enn når dei tier om ein annan mann. Ein kan reint høre kor dei tier, og kva dei tier om. Eg, ser de, eg snakkar eg.

Men så snakka ho ikkje meir, og så vart lyse tendt.

Millom røvarar og rettferdsmenneske

[225] Han var berre ein fattig-gut i bygda, men han kom til å bli ein stor mann. Han heitte *Dave*.

Mektigaste mannen der i kring var *Arnfinn på Mo*. Han vægde ikkje for sjølve futen. Han hadde ei dotter, ho heitte *Eli*, og andre born åtte han ikkje. Dei var mange og gjæve som bela til henne, men faren tykte ingen var god nok, og det same tykte ho kanskje sjøl. Så fager, og så rik, dei undrast ikkje på henne. Men der var dei som spådde ho vart gåande ungmøy all sin dag, og da nemnte dei gulle som gnikaren gjømmer.

Ein var der som heldt av henne meir enn nokon annan kunde gjera, ja over både von og vett, for kva var han i mot henne? Det var *Dave*. Der ho var der var han aldri langt unda, men om ho ansa på han nokon gong det visste han knapt nok sjøl. Far hennes ansa på han, for han ansa alt som kom dotra ved, og han let så, at heldt ikkje denne gutglisen seg unda vegen, da kom det til å bli synd i han, og *Arnfinn på Mo* var mann som heldt orde sitt.

Men det hender det som hende skal, sa folk, om dei ikkje sa det før etter-på. *Dave* sa det [226] same. Han var så glad og modig ein gut, og han hadde fått den vissa i seg at ein gong vilde det hende: *Eli* kom til å sjå han og bli vår kva han var verd. Og kva gjer ikkje den som ventar seg slikt, sa dei, for det var noko stort når ho såg på ein. Dei kunde ha unt han det, var det ikkje for det at det var så umulig; der var ingen som unte *Dave* anna enn godt.

Så tok soga deira til.

Ein kvelden var *Eli* på vegen heim frå mormor si, ho var ofte avstad og vitja henne. Ho var åleine, det fall seg slik, over marka var det, og kvelden vart det, men *Eli* var ikkje den manns dotter som gav seg for småting. Ho var riande, ho hadde sin eigen hest, og han var så stø og han var så fløt at ho trong ikkje ottast.

Da kom *Dave* frå ein annan kant og skulde same vegen. Ho spurte, og det var høgt ovan or skyom, kva *han* var ute og gjekk etter.

Han svara så spakt han kunde: han hadde ikkje visst noko om at ho var på denne leia i kveld. – Du nektar meg da ikkje å gå etter vegen? sa han.

Det svara ho ikkje noko på.

– Og så er det over svarte skogen, meinte han.

Ho let så ho var ikkje mørkredd.

Men her var utrygt, kunde han fortele, ho hadde vel hørt om røvarane, kor dei regjorde i grannegrenda? Dei kunde vera her før ein vardest.

[227] Eli var ikkje redd dem heller, ho tenkte dei akta seg; – dei må no vel vita kven far min er? sa ho. Og kven tek meg når eg sitt på Kviten? la ho til.

Dave hadde teke Kviten i beisle og leidde han; slik har det i veg, over mo og dal. Det var svarte villmarka der den tida. Det var vinters tid, men ingen snø, og månemørkt var det og ikkje ei stjerne over dem. Eli kunde vera glad ho ikkje fór. der så reint åleine, og kan hende var ho det òg. I alle fall var Dave det. Men da dei kom lenger fram og skogen lysna kring dem, sa ho:

– No skal du enten gi deg i førevegen eller så bli etter her, for det kan hende einkvan kjem og møter meg; det kan hende at far min kjem sjøl seg. Eg vil ikkje bli funni her i gangar-lag med deg.

– Berre eit lite stykke til! bad han.

Og det nekta ho han ikkje. Ho var i grunnen så god av seg som ho var vakker. Men best det var tverstana hesten, og da kviskra ho og halvt ropa til han: – Kom deg vekk, der *er* han! Ho trudde det var faren som stod frami vegen og venta henne.

Før ho meir fekk set eller sagt steig der ein mann fram frå kvar sida av vegen, og ein tok hesten og ein tok henne, ho vart løfta ned og fekk ei hand over munnen så ho ikkje kunde skrike, og han som stod frami vegen kom òg borttil og var ein villframmand kar. Dei tre karane såg på [228] henne og kviskra seg i millom om det *var* henne dei hadde fått tak på. Og var dei i uvissa, så kom Dave og rettleidde dem. Han hadde dei ikkje gitt nokon ans, for han smatt bakom eit byskje da han hørte far hennes møtte opp. No, da han såg tilborden, sprang han på dem med det handfenge han fann og lova dem dauen og sju slag ulykke, dei måtte vel vita at dette var ho Eli, dotra til Mo-gubben sjøl? Da visste dei det i alle fall. Striden vart

kvass men ikkje lang, Dave gjekk på dem så vilt og lykkelig at han såg ikkje, og dei var tre om han; så låg han der, og ein mann sette foten på nakken hans til så lenge.

Røvarane mumla og rådslo litt. Eli la dei bind over munnen på og sette henne opp på hesten att. Dave snakka dei om å *svæve*, men så kom dei på noko anna. Dei bakbatt han, tok reip i han og let hesten leie han. Der med bar det i veg, over stokk og stein og radt til fjells. Ein mann leidde hesten, og ein gjekk og stødde Eli, og der lende var for krunglut til å ri, tok han og leidde henne eller bar henne; sia tok dei tørklæe frå munnen på henne. Ho hadde det tålig. Det var meir umildt å vera Dave. Hesten rykte og reiv han med seg, reiv han tvert gjennom byskja somme-stads, og han kunde ikkje verje andlete ein gong, han som bakbunden var, så han vart flådd både på klæa og skinn. Snåva han så vart han dregen med liggande, for fort skulde det gå.

[229] Ut på natta kom halvmånen fram. Da var Dave mest klælaus, og blodgrimut i andlete, og så uttrøytta at han fall i einingen. Da såg Eli på han, og så smilte ho. Det skulde ingen ha venta ho kunde smile slik til ein som han. Det sa så mykje som at han var gut som ikkje gav seg, han fekk halde ut same kor ille det vart. Ho såg på dei andre med, og dei skjønna henne og løyste hendene hans. Men dei mumla seg i millom, dei måtte over fjelle og over fjorden før dagen kom på dem.

Dei rakk det òg. Ingen ting stana desse karane, ingen ting kunde stane dem. Hesten slo dei i hel og hivde på sjøen, det var gjort før Eli fekk sukk for seg, båt hadde dei liggande og vente løynt ein staden; dei var over fjorden før dagrauda synte seg. Frå båten bar det til fjells att, langt langt inn i bjønmarka. Endelig ein gong nådde dei fram til ei hytte, ei seterbu, og der fann dei kammeratane sine. Og på dem vart der glede, da dei fekk vita kva fengd dei tre karane kom heim med, for dei visste ei slik stormansdotter var sølv verd.

Eli vart stelt med som ho skulde vera ei prinsesse. Dei sette for henne det gildaste dei hadde, og før andre dagen kom hadde ho ete stolen mat. Dave òg fekk mat og drikke, men han sette dei på bås i fjøse; dei lo godt til det. Da tok Eli til å be for han, og enden vart at dei henta han inn og tina han opp; – vi kan få bruk for han, sa den eine til den andre.

[230] Røvarane var åtte mann sterk. Når ein vart vant til dem og såg litt velare på dem, kunde ein sjå dei var folk dei med, så bustute og råbarka dei var. Høvdingen deira var yngstemannen i lage, og det var han som hadde hjelpt Eli over fjelle om natta. Han var ansles enn dei andre, han var meir menneske – men meir mordar – enn dei var. Ansles klædd var han òg. Mot Eli var han særers høvisk, mest vyrdsam,

ja det hendte han stal seg til og såg på henne. Det same gjorde dei andre, når dei var inne, dei var ikkje ansles godtil.

Ein dagen held dei så ting i bua. Så og så mange sølvdalar sett dei Eli til. Når far hennes har reidd ut dem, da er ho fri, og da skal dei skysse henne sjøveges så der er berre eit lite stykke veg heim for henne. – Men vil gubben prute, seier høvdingen, da har vi heller prinsessa hoss oss. Ho er meir verd enn den prisen vi krev. Og han snudde seg til Eli med ein glis og bøyde seg for henne.

Men så er det det: Kven skal fara og få gubben i tale? For ein og kvar av dem er slik stelt, at han kan bli nedkniva først han syner seg der i bygda, ein kan aldri lite på at bonden brukar vett. Dei ser på Dave. Jamvel Eli ser på han og ventar.

– Ja ha, sa høvdingen til han. Det blir du til det arbeide. Du kan løyse ut deg sjøl òg med det.

[231] Ja ha, han svara ikkje verre på det enn at det kunde han gjera. På eitt vilkår.

Vilkår vilde dei ikkje høre, dei murra og svor mot han, for det var dei som var mennene til å sette *det*. Og det sette dei. Var han ikkje her med pengane til den og den dag, da drap dei henne. Hørte han det?

– Det kan eg ikkje gå med på, let han. Einkvart han hefte meg som ikkje eg rår med.

– Nektar du å gå? spurte føraren, han vart opp i under.

– Ja, på det vilkåre nektar eg. Slik sett eg ikkje live hennes på våg og spel. De skal lova meg at de ikkje gjer henne noko gale om eg så kjem att tomhendt. Da skal de drepa meg og ikkje henne.

Dette gjekk for vidt. Føraren smilte, og det var eit nivst syn, men han heldt seg rolig. – Du skal vera her med pengane til fastsett dag, sa han; du har romt med tid. Og eg lovar og eg svær, at er du ikkje her med dem, da drep eg henne, eg sjøl, med den her handa og med den her kniven! Det same gjer eg om du kjem att med folkemakt mot oss. Trur du meg, eller trur du meg ikkje?

Dave såg frå han og bort i varmen. Dei brente stokkar av fjøse no, og der var digre spikrar i veden. Han tok ein som var gloande raud og heldt han i vêre. – Sjå her! sa han, dette er siste orde mitt om den ting! og så brente han spikaren gjennom handa si, utan så mykje som eit grin.

[232] Da tok røvarhøvdingen til og såg reint lystig ut. Han nikka til karane, og nokre av dem klødde av Dave ovan belte, og andre gav seg til å stelle med varmen og eit jarn. Han skulde få kjenne varmt, visst det var det han fyste på, var meininga deira. Eli vart så forfæld, ho bad Dave føye dem og gå; – elles piner dei i hel deg, sa ho, og slik såg ho aldri på han før: ho løfta han til himmeriks.

– Du veit ikkje kva du bed om, svara han. Far din kunde binde meg og så sette i veg med mannemakt. Da veit du kva som vart din lagna. Nei, vi lyt vera dei vi er no, både to.

Jarne var raudt, og dei let det gå over ryggen hans. Han beit i hop tennene og tålte det. Dei leika att og fram med det, tegna eller skreiv; gjorde det så raudt i gjen, og tok til der dei slutta. Det osa brent, og blode rann nedetter han. Han vart rar i andlete, heilt ukjennelig å sjå til, men tagde gjorde han all tida. Føraren forandrast han med, han skar tenner og syntte kva devel han var.

Eli hadde stått still og set på. Best det var sette ho i eit skrik og fór inn på dem. – Brenn meg òg! ropa ho, brenn meg i staden – *eg elsker han!*

Ho rasa så dei måtte både hand- og munnbinde henne. Føraren knytte neven og løfta armen, men han vann over seg og slo ikkje. Han gliste i staden. Helvete måtte vita kva han tenkte på.

Dave bad henne ta det rolig. – Du ser at for deg tåler eg alt, sa han. Han gret, så lykkelig [233] var han. Ho gjorde det same. Dei hadde brent ei ørn i ryggen hans, all vegen utover og djupt inn. Det var høvdingen sitt merke, for han gjekk under namne Blodørna der han hadde fare. Men den her gongen fekk han lita glede av merke sitt. Dave hadde eitt svar på alt dei pinte og alt dei trua:

– Aldri den dag sol skin gjer eg det.

Dei vart i frå seg; dei frøste og dei ylte i kring han. Føraren deira stod og såg på han eit tak og grunda. Så lenge stod han slik, at dei andre tagna dei med og vart ståande i andslopne ventinga. Endelig tok føraren til ords, han sa det så forunderlig lågt:

– Tåler du all ting du da?

– Det ser du vel, svara Dave, at for henne tåler eg meir enn du kan tenke ut.

Røvaren snudde seg frå han. Det var utanfor veggen dei heldt til. Han gjekk sin veg, dei såg han gjekk setervollen rundt. Men han kom att og stelte seg opp framfor han

på nytt. Han var så bleik som ein røvar kan bli.

– Eg skal ta kjærleiken utor munnen på deg, sa han, eg skal ta han utor hjarte på deg, for eg *hatar* han! skreik han. Kjærleiken tyner eg der eg ser han! Så var han rolig att, og sa med det vanlige måle sitt: – Eg tek dette kvinnfolke ditt og gir bort, til desse karane du ser her. Dei får gjera med henne det dei lystar, her, midt framfor auga på deg. Kva veg trur du så kjærleiken din fer, når det er over?

[234] Han såg på mennene sine, og dei svara med eit murr av glede mot han. Auga skjein i dem.

Dave såg frå dem og til Eli. Ho stod der bakkundi og med eit plagg for munnen. Redsla hadde gjort henne kvit i andlete, og auga hennes hadde mist både leten og live, syntes han; dei stirde på han, men det var uvisst om dei såg han lenger.

Høvdingen gjekk bort til henne, løyste henne og fridde henne for munn-binde. Han smått blistra med han gjorde det. Dei andre tagde som trea i kring, så stygg ei stund var det, men dei monna seg nærmare og nærmare.

Ja ja, så hadde develen vunne for denne gongen. Dave ropa ut at han gav seg, han fekk gå. Verre enn gale kunde det ikkje bli, korles det så bar til.

– Som du vil, sa overrøveren; han gliste ikkje ein gong. – Det er du som har vunne over meg, sa han, men folk plar ikkje tene på at dei det gjer. No skjønner du i alle fall: ho kjem ikkje til å døy så ærefull ein død som ho har fortent, i fall du ikkje er her med sølve i rettan tid. Han vart vill og huta mot både Dave og henne: –

Eg heldt på å bli slave straks eg såg henne – skal eg ikkje få hemn?

Han logna seg og bad Dave komma seg av stad, ja han gjekk enda bort til han, og spurte om dei ikkje skulde stelle litt med ryggen hans før han fór, – elles kunde vegen bli for dryg. Dave tok med det, og dei plastra han så godt [235] som råda var, dei kunde slikt. Så stod han på gonga, og høvdingen ønska han lykka med seg.

Eli sa ingen ting, og Dave sa ingen ting. Men ho seig i kne og retta ut hendene etter han da han gjekk. Ho jamra seg så han laut legge på sprang.

Han syntes han hørte måle hennes etter seg all vegen der han fór. Så kjente han da ikkje ryggen sin fullt så mykje, og dertil gav det han fart. Han stal båt ein staden, hadde ikkje stunder til å spørre om lov, tykte kanskje ikkje han hørte til det folke heller no lenger som spør om slike småting. Å nei, tenkte han vel, meg hefter ingen

og ingenting i natt; berre ho så sant held ut og er i live til eg kjem att. Så lykkelig mann har ikkje fare fjorden i stolen båt, sa han med seg sjøl, – ro på, Dave! du har løn for det!

Og fram kom han, halvt levande og halvt dau, og radt inn til Arnfinn på Mo. Gubben vilde ikkje tru det han såg og langt mindre det han hørte. Da han endelig måtte tru at dotter hans var i live enno, da tok det han så hardt at han gret. Gret så folk såg det, gamle strie mannen. Han måtte høre det om-att og enda ein gong, men han hørte berre det at enno levde Eli.

Han hadde vore ute og leita i lag med dei andre, fjell og fjord og all villmarka rundt, men ikkje ein gong fare etter røvarar fann dei, så nær som ein rekande båt; Eli og hesten hennes måtte vera søkt ned. Dei hadde enda til gissa på at [236] ho og Dave hadde gått på sjøen i lag, dei visste ikkje noko galnare å tenke ut. No hadde han gitt seg, for det var vonlaust, men enno var mannhusingen ute på leit.

Dave sette på at no måtte sølve fram, han fortalde for sjuande gongen korles vilkåra var. Ja visst, der fanns ikkje annan utveg, og no skulde det bli. Men løysingspengane var så dryge at gubben laut på bygda og låne sølv. Han gjekk til futen. Dave var så i uroa, han tok seg ikkje ein gong tid til å sjå heim åt mor si, enda det var eit ord i bygda kor glad i henne han var, han berre sveiv og dreiv kring husa på Mo og tykte tida rente frå han. Mora hørte om han og kom og såg til han. Han ansa lite om ho gret eller gledde seg. Han stod og heldt om kring henne, men dei tvila på han ansa det var henne.

Mo-gubben kom att i lag med futen, og da var han ein annan mann. Da var han seg sjøl, og han takka Gud for det. Ei blind kjerring måtte sjå at Dave var i samband med røvarane. Kva hadde han elles i lag med Eli å gjera den kvelden, og kven hadde vårskudd skarvpakke at ho var ute og fór just da? Futen hadde sagt det først, han sjøl sa det sterkare, og no da folk kom att frå leitinga, sa dei det så det var nagla fast. Dave vart teken og lagt i band. Han skulde på benken og tilstå. Dei klødde av han, men da dei såg ryggen hans vart dei ståande klumsa. Mor hans uvita, og det leita på for fleir.

[237] Mennene rådslo lenge, og da kom dei til det at å pine han meir var nyttelaust, dei fekk i Guds namn tru han, for kven annan kunde fri Eli ut? Dei dømte slik, etter det rettferda sa dem: – Kom han att med Eli fri og frelst, da skulde han òg få gå fri og frelst. Kom han att utan henne, da tok dei liv for liv, reipe skulde henge ferdig og vente han. Kom han ikkje att, da skulde det òg vera liv for liv: da tok dei mor hans. Den og den dagen, mé-dags, sette dei fast som siste stund i ventetida, og reipe

skulde ikkje vera borte, som sagt, det er det aldri i eit rettvist land. – Så, no har du hørt det, sa dei.

– Ja vel.

Fekk han så sølve i ein skinnpose, og der med let dei han fara. Dei skyssa han enda med båt eit stykke.

Enno leid det ikkje lenger enn at han hadde tid nok, visst ingen ting kom i vegen. Så redd mann hadde ikkje teke til skogs som han, for aldri stod der så mykje på spel for nokon, og lykkeligare og reddare vart han dess lenger han fór; det såg meir og meir ut til at han kunde nå fram tids nok, og sølve hadde han, der kom ingen og røva det; det hender ikkje meir gale enn verda tåler. Han kjente kor Eli venta han. Ho venta han så hardt at rettno vann ho ikkje meir, og han sprang og anka seg og svara henne. Det bar gjennom snø og vatn, og mot og med, og stuttare og stuttare vart vegen fram til henne, rettno var [238] der ikkje noko att av den. Han merka alt vaktmennene til røvarane, og enno kunde han gå. Ja, og så sette han i eit sigersrop og storma fram til hytta med sølvposen høgt over hovude.

Dei møtte han utom døra og helsa han velkommen att. Pengane vart overset og ihoplagt, og dei var der kvart eit øre og av rette slag sølv, ein gild dunge. Høvdingen smilte og sa at kjærleiken er det største i verda, han gjer underverk, – Gud signe dumheita! sa han, det er einast den som fortener å leva.

Eli stod der og sa ingen ting. Ikkje synte ho gråt og ikkje glede. Ho stod der fagrare enn sol på himmelen, og så høgt var ho over dem alle. Dei tagna og såg på henne ein om senn etter som dei vart vår henne. Dave våga seg ikkje til å snakke åt henne. Så gjorde høvdingen det.

Han snudde seg til henne og sa henne, som ein stormann til ei stormannskvinne, at no var ho fri og kunde gå. Han had henne tilgi at dei hadde vore nøydd til å plage henne: det skulde vera siste gongen han uroa så gjæv ei gjente. – Ta kjæresten og gå, sa han, og hels far din takk for pengane; det var gildt sølv.

Eli berre stirde på han. Ho tok til å skjelve over andlete, og sia all med seg, og auga hennes skjein mot han som stjerner ei svart natt.

Høvdingen bøyde seg for henne, slo ut med handa, snudde seg frå henne og trudde alt var vel [239] og bra. Det trudde dei alle, enno. Men da han vendte seg og såg etter om dei hadde gått, da fall ho på kne framfor han og bad: Han måtte ikkje jaga

henne frå seg! – Lat meg få vera slaven din! bad ho, drep meg, gjera med meg kva du vil, men vis meg ikkje vekk!

– Er du gal? sa han.

– Ja, eg er gal, eg elsker deg! jamrast ho.

Røvaren tagde. Han stod lenge og tvistirde på henne; dei tykte blikke hans var eit sverd mot henne, eit sverd gjennom hjarte på henne.

Ho klaga seg der ho låg. Ho var berre som eit lite dyr.

Da snakka Dave til henne. Han visste vel ikkje kva han sa, men han snakka til henne og bad henne høre på seg. Ikkje orde hørte ho av det han sa.

– Ta henne og gå! kommanderte høvdingen. Og med seg sjøl sa han: – Vart dette hemna mi? Ho er stor nok, men eg vil ikkje ha henne, tvi fan rett!

Dave tok og reiste Eli opp. Han anka seg og bleikna, for såre i ryggen hans gjekk opp.

Eli snudde seg til han, og gret og naubad at han måtte hjelpe henne, – var han da ikkje det minste glad i henne? – Visst du er det, sa ho, da går du til far min og forteler han korles det er, at endelig har eg funne den eg vil gi meg bort til. Og den mannen er slik, at eg vil vera lykkelig om han så piskar i hel meg, fortel han det.

[240] – Ja, eg skal piske i hel deg, sa høvdingen, og no smilte han smilen sin ein gong att. – Far din har betalt meg for å få deg heim att. Er han ein rettvis mann, så er eg det. Ingen skal seie at Blodørna bryt ord. Her i frå skal du i alle fall, levande eller død, hører du det? Går du, eller går du ikkje?

– Eg går ikkje, svara ho.

– Ja vel. Men: det blir ikkje eg som piskar deg, det gjer dei andre for meg.

Og dei kom og tok henne med bak om veggen.

Det vart ikkje anna råd, Dave laut ta henne med seg med makt. Han hadde ikkje rygg til det, og enda mindre hug til det, men det måtte gjerast. Det vart han ei tung bør.

Ho gret og bad for seg heile tida, at han skulde sleppe henne, og i millom var ho vond mot han og sa at ho både hata og vanakta han. Han gjorde det same sjøl, men

han skulde ha henne med heim til far hennes, retten må leva om alt anna døyr. Heimvegen vart lang på denne måten, for ho gjekk ikkje eit føtt godviljug, og han kunde ikkje fortelle henne kva dom han hadde hengande over seg. Elles hadde han von om å nå tids nok fram. Gud veit om han ikkje hadde von om meir.

Kvile torde han ikkje, for da var sømnen over han med ein gong, han gjekk breiddmed han all vegen og venta. Men ein staden måtte han stane og sjå etter veg, det var ulendt der han fór. Da sovna Eli. Ho seig i hop i snøen og sov. Han såg [241] det, så vidt, og dermed svimra han og vart liggande jamsides med henne, ulykka tok han med seg og fór. Han sleit seg laus med ein rykk, han trudde det var i neste augeblinken.

Eli var borte. Det var kvelden og snøfokke, og alt han rente rundt i marka og ropa og leita, heile natta og dagen etter, han fann henne ikkje. Han heldt på og sette live til sjøl. Noko anna ønska han seg heller ikkje, da han såg ho var tapt.

Da først kom han i hug mor si. I morgo, médags, måtte han vera heime, elles vart det henne dei tok og ikkje han. Han skymta som ei von om å vinne det, og la i veg. Heile natta fór han. Han sprang for meir enn live. Men han forderva eine foten sin, og da han halta seg fram dit fjorden skulde vera, så var der ingen fjord. Han hadde komme langt av lei.

Seinkvelds nådde han heim. Da var det for seint; dei hadde gitt rettferda det ho krevde. Mor hans hang der enda. Han fekk ikkje ein gong lov å ta henne ned. Øvrigheita tok seg for og forhørte han, men dei trudde ikkje orde av det han fortalde. Han var dubbelt mordar: han hadde seld både Eli og mor si til døden. For det skulde han ha vore hengt, og folk samla seg og krevde det med rop og ståk. Men øvrigheita stod fast, og jamvel Arnfinn på Mo laut bøye seg: Dommen var avsagt og sett i verk. Rettferda nekta dem å gjera meir i den saka, det fekk vera så gale det [242] vera vilde. Dei gjorde det einaste dei kunde enno, dei dømte Dave til ærelausing for levetida.

Folk sette mannsterke til fjells og skulde finne Eli og ta røvarane. Dave baud seg til å syne veg. Dei svara han ikkje ein gong. Han hørte dei kom til bygds med like av Eli, men dei nekta han å sjå det. Ingen vilde sjå han, og ingen vilde vera i nærheita med han; ungane kasta ikkje stein etter han, ikkje ei kjerring slengte eit vondt ord etter han. Sia kom røvarane att, mangdubbelt så fjølgmente, og vilde herje bygda for tvert, for bondehopen hadde skote ein og sára to av folka deira. Ålmugen væpna seg og gjekk mot dem, mann av hus. Da Dave òg møtte fram, huta dei han som hunden der i frå.

Han var utstøytt, han var meir enn død.

Til eit anna ulykkesmenneske fortalde han:

Han hadde tenkt da han mista Eli, at no hadde han mista alt. Det same tenkte han da han såg mor si i reipe. No da dei hadde teke æra frå han, da var han så snau som eit menneske kan bli, men da visste han og sa det: – Eit menneske kan aldri miste alt. Dei som seier dei har gitt frå seg siste vona, dei veit ikkje kva dei seier, eller òg lyg dei. Jamvei han som tek live av seg i vonløysa har ei lita von att. *Og vona er like dyr om ho er lita*, sa han.

Han gjekk utan smil, men òg utan synlig sorg, søkte ingen og skydde ingen. Han såg ikkje nokon å bera agg til. Han såg heller ikkje [243] ut som han undra seg, han var for gammal til det.

Røvarhæren fall så kvast inn i bygda at han tok våpenhuse før nokon kunde verje det. Våpen hadde elles bygdefolke nok av, men i kjellaren under våpenhuse låg alt dei åtte av krut, der var i tønnevis av det. Når fienden kom etter det, da rådde han som han lysta over dem. Alle såg det, og mest alle vilde gi seg eller rømme, for kva gjer ein utan kuler og krut mot ein røvarhær? – Og når Vårherre har gitt oss vanlykka i vald? sa dei. For kongensfolke nådde ikkje fram før lenge etter at det var for seint, der fanns ikkje von.

Einast ærelausingen hinka i kring med ei lita von. Han hinka beinast til futen og sa at han skulde frelse bygda: Han vilde stela seg inn i krutkjellaren og sette eld på krute så både hus og røvarar fór til vêrs. For det var i våpenhuse fienden heldt til; det var som ein festning å kalle. Dave hadde tenkt ut korles det skulde gå for seg.

Nøda hang over både fut og folk, så dei laut høre på armingen og tenke over det han sa. Om det så var Arnfinn på Mo måtte han det. Dei fann ut at det var rett å la han ha viljen sin. Folk sa som med ein munn: – Det sjølmorde er ikkje noko synd å snakke om, for rettno svelt han i hel kor som er, det vil ingen gjera seg ærelaus med å hjelpe ein slik ein. Og presten sa at synda trong dei ikkje sute for: Visst Vår Herre vilde det skulde skje, så let han det skje; visst ikkje, [244] så let han det *ikkje* skje.

Kom Dave frå det med live, da var han ikkje så skyldig som han var dømt til; – lat oss sjå, sa han. Ja ja, slik var det. Og slik vart det.

Svarte natta kraup Dave bekken nedetter, i snøvatne, med ein eldbrand i ei krukke, til han var så nær våpenhuse at han nådde det i nokre byks. Da vakta ropa og sprang fram, kjørte han branden inn kjellargluggen. Bygdefolke såg gloa lyste og

kom bort, og da kleip dei att auga. Så kom skrellen. Han tok både syn og hørsel frå folk, dei trudde dei strauk med alle mann, rettfærdsmenneske så vel som røvaren.

Dei stod det over. Gud skje takk!

Huse hadde fare i lufta og låg strødd i betar vidt i kring. Fiendane var der ingen att av, heile røvarbole var tynt. Bygdefolke sanko samene dei sundlemma kroppane og la dem i ei djup grav, og steina dem godt ned, så signa presten kvila for dem og kasta vigd mold på, og sjælene fekk Gud dømme.

Dave fann dei for seg sjøl, og dei la han for seg sjøl. Sjølmordar-døden er vanhellig, det rår ikkje menneske for; *elles* hørte han til røvarane, det hadde synt seg no.

Bygda var berga, og dei samla seg og heldt takkefest for det. Og sia levde folk til dei døde, i fred og ro. Dei aller rettvisaste millom dem spytta på tørva som Dave låg under, når dei gjekk der framom. Dei andre gjorde det same.

[245] Men sia kom nye ætter, med ei ny rettfærd. For dem vart Dave etter kvart til ein stor mann, – ein laut komma i hug kva han hadde gjort! Dei sette ein stein på grava hans, med namne hans på. Sia kom namne til Eli der òg, ved eit under, fortaldes det seinare; han skulde ha henne, vart det sagt.

Da tida kom vart han eit helligmenneske, – ein laut komma i hug kva han hadde lidd og bore! Dei hadde ein dag i åre da dei mintes han. Dei fortalde so ga om han, slik dei *no* visste ho var.

– Det hender det som hende skal, sa dei. – Og all ting skjer til det beste, sa dei.

Utpå stupe

[249] Sommarkvelds tid sat der gjerne ein lysklædd gammal mann på bakkane ute ved sjøen.

Der hadde dei set han i alle dei år, og like frammand for dem var han. Han var ikkje her frå lande, han hadde komme hit langveges frå, og budde i det store huse inni bjørkskogen. Han kunde sitte der timevis, ein skulde mest tru han stirde seg forundra på skjære som hildra opp uti have.

Småguten kom over vollen og i nærheita med han, hoppa litt på ein fot, slo hjul eit par gonger, og så var han tett attmed kvitskjeggen. – Sitt du og ser på sjøfuglen du? spurte han ein gong. – Mannen rista på hovude. – Sitt du berre slik lel da? spurte guten. – Da smilte gamlingen til han. – Eg veit om ein fuglreir her straks nedanfor deg, sa han ein annan gong, vil du sjå han? – Mannen rista på hovude da òg. Men han la da frå seg tankane sine og såg på ein. Han kunde sjå utrolig mildt på ein, og da hendte det han smilte ja. Men småguten vart still og drog seg unda, så rare var auga i denne frammandkaren – guten kasta med nakken og tråva hest nedetter [250] strandvollen, tok tvirenne og knegga høgt da han var langt nok unda. Heile tida kjente han at mannen såg etter han. – Det er meg ein arti tulling, sa småguten; dei sa det alle smågutane som hadde vore bortved han.

Dei som vaksne var sa så ymse om han. – Kva er det han har å minnast, alt i hop? kunde dei seie. Han må ha ei lang saga bakom seg. – Han får ha Guds fred der han sitt, sa dei som eldst var.

Gong og annan kom der eit kvinnemenneske og sat breiddmed han. Ho var like frammand der som han. Der sat dei. Han var lysklædd, og ho var klædd i svart. Det såg ikkje ut som dei hadde stort å snakke om. Somtid gjekk dei heilt ned til sjøen og reika fjæra frammed. Ofte skildest dei og gjekk kvar sin veg.

Ein dagen han reiste seg fall han framover og ned bakken, vart så liggande på vollen nedunder, til kvinna kom og reiste han opp; – det er kvinna sin gjerning, sa gammalt folk. Han var ikkje så død som han såg ut til, han kunde enda sette fot

under seg så ho fekk han heim utan hjelp, bort til det huse *ho* budde i, for dit var stuttaste vegen.

Der vart han liggande til det var slut med han. Ein vêrsliten og draumlaus mann: han hadde set det live kunde syne han, og litt til. Over det andlete hadde der fare mang ei frostnatt, kunde dei sjå; og enda var der som ein liten smil av kveldsol over det, dei visste ikkje rettare å seie [251] det, og den synte seg meir dess lenger det leid med han.

Sistpå låg mannen og tala, der var stunder da dei trudde han var heilt frisk att. Det var i huse hoss ein gammal prest han låg, og presten var det han tala med. Flytt for flytt gjekk han gjennom livssoga si. Det var som eit slag eventyr han fortalde. Den svartklædde kvinna sat still og hørte på.

Der var ein gong to unggutar på kvar sin stor-gar, ein heitte *Arnor* og ein heitte *Hauk*, og dei hadde vore venner frå barndommen av. Dei heldt så av einannan for det dei var så ulike, sa folk: Arnor var lys av andlet, men han hadde ein tung hug; han tagde oftast og tenkte. Hauk var mørklett, men han var dess lysare i hugen; han tala for dem baa, han gjorde både han lo og han song.

Dei fór i lag til kongens stad, skulde bli einkvart stort i verda. Foreldra deira venta seg det av dem, for dei var av stort folk. Arnor gjekk til studeringane, dit stod hans hug, og Hauk til krigsskolen, dit trådde han. Dei møttes og var i lag så ofte det let seg gjera. Arnor måtte sjå det glade andlete til Hauk og høre måle hans, elles vart verda han for grå, ja han kjente seg ikkje rettelig som menneske utan den andre var i nærheita; *han* sat der så lys som barne og fortalde om alt han undra seg over og alt han venta seg, det var ikkje lite, for slik var Hauk. Og Hauk [252] han måtte sjå auga til Arnor, for i dem var vette og vissa, og kven annan skulde han spørre om alt i hop? Han måtte få høre han *tie* om ikkje anna, ein vart med langt på veg når Arnor gjorde det.

Det gjekk fram med dem baa to, dei vart dei fremste på kvar sin kant, og den eine var stolt av den andre.

Når dei var heime hoss foreldra sine møttes dei kvar dagen mest. Det var sol dei somrane, det var lyst og godt å leva. Midt i millom heimane deira budde majoren, og han hadde ei dotter på deira alder. Ho var ven som blomsteren i enge; ho heitte *Sunniva*. Henne tok dei med kvar gong dei var ute og reid seg ein tur, hadde så gjort frå dei var born å kalle, det var like lystig å ride for det. Ho og hadde vore ute i

verda, og ein sommaren ser dei: Ho er vakse menneske ho som ein av dem. Ja, og ho er fin dame; dei såg ingen finare der dei fór.

Da gav Arnor seg til å tale med henne, for no var ho frammand for dem. Det vart hans sak, han syntes sjøl han var eldst av dem, og slik tykte Hauk òg det var og skulde vera.

Dess meir han tala med henne dess meir undren vart han. Så mykje til menneske var ho. Ho kunde spørre eller svara så der rørte seg ei glede i han: er det så djupt til botns i ei menneskesjæl? Og best det var kunde ho sjå på han og smile, midt i lyse dagen, i grønne skogen, liksom ho visste om det han aldri hadde lese seg til og [253] aldri drømt seg. I neste augeblinken var ho barne som visste ingen ting.

Da skjedde der noko med han. Han kjente seg mørkare og einsligare enn før han var. – Kven er ho? undrast han. – Ja kven er du sjøl? det var svare. – Det visste han ikkje, det hadde han aldri tenkt på. Lat meg vera den eg er! sa han, og smått om senn tagna han og heldt seg unda henne. Ho kunde snakke med Hauk. Ho såg eit grand forundra på han, ho skjønna ikkje kva ho hadde gjort han. Somtid såg ho ut som eit barn han hadde gjort urett i mot. Så fint eit strengespel er kvinnesjæla, tenkte han, det er ikkje for meg.

Kor var Hauk i denne tida? Han var der eller var der ikkje, det var visst så ymse med det. Han var krigsmann han, vaksen kar og barn i same tid, han reid kåte hestar og han fór gjennom skogen og drap dyr, i lyse sorglause ungdommen. Var han i lag med dem så ansa dei kanskje ikkje på han, han gjorde ingen ulyd i leiken. Ingen kunde vera ein ven slik som Hauk.

Åre etter fann dei Sunniva att. Da var det enda lysare dag, og enda lenger sommar, og ho er fagrare enn alt dei såg. Solblinde dagen frå morgon til kveld, og midt i den er ho. Så rikt og nær han smiler ho, det kjennes som ein trollbotn som vil ta han. Da forherda han seg mot henne. For alltid var han herren og ikkje trælen, han vil sjøl vera den som tek til fange når dagen [254] kjem; – det er det einaste eg veit om meg, tenkte han. No òg såg ho litt opp i under på han, når ho merka kor kald han var, ho slo ned auga og var ikkje glad.

Da var Hauk der, og så fann ho på einkvart tøv å snakke med han om. Kvar liten smilen hennes fortalde at ho visste ikkje anna råd.

Slik måtte Arnor sjå henne for seg så snart han var åleine og vilde ta tankane fram. Heile tankearbeide hans gjekk seg fast i det. Går han så dit ein kvelden, til major-

garen, – han har tusen gleder å gi bort, og ingen kan leva uten å gjera ein annan glad.

Hauk hadde komme der før han. Det såg enda ut som dei hadde sitte og tala med einannan ei lang stund. Da smilte det i Arnor, ein vond liten smil innant hjarte: Kva kunde ho snakke med Hauk om?

Like vel gjekk han dit kvelden etter; og da fann han henne åleine. Dei gjekk ut og tok vegen frammed sjøen. Han tenkte å seie henne at dei levde i kvar si verd og i kvar sitt liv, det var langt i millom dem, han var bergteken i bøkene, i tankeheimen, og der i frå og til henne kunde der berre byggast *ei* bru: det var venskapen, – ja og visste ho venare ord enn det? Det vilde han spørre henne om.

– Har *du* set det slik i kring oss nokon kveld? sa han.

Ho stana og såg i kring seg. Der var sol og [255] lauvblanke liar, og sjøen blikka i frå yttaste himmelrand og inn i hjarte på dem.

– Ja, det er vakkert, sa ho. Ein kan høre det som ein song, slik høgtid er det. Det er så rart, at eg må fortele deg det som har hendt meg.

Og så fortalde ho at no var Hauk og ho forlova. Arnor stod og såg på henne og drog i hop brunene, han fekk ikkje meining ut av orda hennes.

– Vi vart det i gårkveld, sa ho. Straks før du kom. Viss-at vi da ikkje har vore det lenge, ein veit aldri slikt så visst. Vi tenkte ikkje å fortele det enno, det var nok når vi visste det sjøl. Men er du ikkje glad at det vart han og eg? spurte ho. Eg tenkte du måtte bli det, så gode venner som de to er. For eg skal gjera han lykkelig, eg *veit* det! Og du veit det du òg, ikkje sant? Ja, du skal få sjå! Og så blir det vi tre like vel da. For vi slepper deg ikkje frå oss! sa ho.

Arnor stod som han hadde stått. Han glømte aldri den stunda, ho var lenger enn eit liv. Han vart vår seg sjøl, og da fraus han, for da såg han kor ulykka låg. Ho låg inne i han. Og dette var ikkje *ei* ulykke, det var alle; det var vanlagnaen hans som steig fram. Han måtte sjå kor glad i henne han var, det var ikkje til å bera, han skulde aldri bli mann til å sjå bort frå dette andlete meir. Jamvel han skulde det hende!

Han hadde lese og studert menneskesjæla, det var verda hans, eller det var der *hans* draum om [256] verda låg. Og første sjæla han møtte den gjekk han seg vill i!

– Og mitt eige hjarte? sa han da han fortalde det for presten. Der var det stummande mørkt, og midt inni mørkre der sat eg sjøl, Arnor den vonde, *den ugode* – og eg var den som skulde ut til folke og forkynne dem at inst inne i alle hjarte der bur det gode, der bur Gud – kan det bli meir rangsnudd for eit menneske da? ropa han.

Men til bake til live det måtte han. Han som eit anna menneske ja. Han vilde seie noko som reiv sund heile svarte sanninga framfor han, så måtte det da lysne?

– Er det klæane du ser på du òg? sa han. På det som glimar for auga? For sjøl gjekk han ikkje stasklædd, det ansa han på no.

– Du *veit* det er ikkje det, svara ho. Ho stod som han hadde slege henne.

– Er eg dummare enn han da? Det òg måtte han seie ja.

– Nei ti no! bad ho. Skjønner du ikkje det da, at det er somme ein blir glad i, ein blir det om ein ikkje vil, og andre – – er det ikkje slik med. Du veit da det, kjære deg?

Han spurte kvifor ho sa kjære deg.

– For di du er meg kjær, sa ho. Du er meg kjær som ein bror og ven. Veit du venare ord enn venskap?

– Ja ti still og ta han, i Guds namn! sa han. Men det er så *utrulig!* ropa han.

[257] Da smilte ho. Den smilen var kniven i hjarte på han, han var ikkje meir til mann.

– Det er vel så, sa ho. *Det er utrulig for meg* òg, la ho til.

Ho var tapt.

Det gjekk opp for han med han stod der, at inst inne hadde han lite så blindt på Guds dom: Skulde han ha henne, da laga det seg slik; da fekk han henne av *han*. Da var det Gud som lyste signing over livsgjerningen hans. – Er eg forkasta no da? spurte han. Eller er eg utvald? – Gud dømmer, det var alt det svar han fekk.

Han bøyd seg for dommen, enten han var slik eller slik, og gjekk til arbeide sitt.

– Å ja, å ja! Eg gjekk da til arbeide mitt! stønna sjuklingen der han låg. Eg kan ikkje seie meir om det; ingen ein kan seie slikt! Men så langt ned i pina kan ein bli støytt,

at ein tek til og undres: det må kunne gjera ein lykkelig? Eg tykte etter kvart at eg var det. Ein kan kalle det lykkelig. Det kallar ein så mangt.

Han låg med ein rar smil etter dei orda. Sia tok han seg på tak att.

Korles det gjekk dei andre to? Dei gifta seg, og levde i lykka. Og han hadde dei glømt. Men sia kom dei i hug han og leita han opp. Da såg han at lykka hadde minka for dem. *Han* visste det: At to menneske kan ikkje gjera einannan lykkelig. Den eine kan gjera den andre lykkelig, det er høgda, og dei som ikkje er nøgd med [258] det, dei burde seie einannan farvel med tid er til.

Lykka deira minka for kvar den dag, syntes han sjå.

Ein ting til visste han no. Det var løgn det han hådde trudd, at han bøyde seg for Guds dom. Han hadde aldri trudd på det. Kven som skapte tvilen visste han ikkje, men skapt var han og levde, levde som det vonde sjøl: – Er du utvald, eller er du forkasta? Synd eller ikkje synd, no krevde han at Gud skulde seie han det. Han skulde dømme ein gong for alle!

Han vart redd da han hadde sagt det, men no var det sagt, og sia vart det tenkt. I morgo den dag skulde det skje. Her straks bakom åsen låg avdalen og gapa, kva låg han der for? Og der nedi stod fossen og mól og mana, kva var det han venta på? Stigen her den gjekk tvert over åsen og dit, han endte utpå ville stupe. Dit skulde dei gå i morgo tidlig han og Hauk. Og svimra ikkje Hauk når han kom uventande fram på avgrunnskanten, og vart dregen nedi, da var han velsigna, og han sjøl var dømt. Ingen var som Hauk, han gjekk smilande ut i verste vågspele, han blunka ikkje for hogg, og han vørte ikkje sår, det hadde han synt så mang ein gong, for kva hadde ikkje han vore borti? Når *han* førte ulykka over ein, da visste han ikkje kva han gjorde. Sjøl visste Arnor at han aldri kom fram til brådjupe utan det sveiv litt for han. – Men kven [259] av oss to er dømt til djupe, det veit ein høgare mann enn vi, sa han til seg sjøl. Alt anna kom bort for han.

Hauk vart med ein gong huga på å sjå denne avdalen. Sunniva hadde ei veninne med seg, det var visst tenkt som ein blom til han, ho var både ung og ven. No vilde dei to kvinnene vera med over åsen, kva gjorde det om dei måtte stå opp før sola stod opp! Arnor innsåg at slik skulde det vera, alle fire skulde dei i veg.

Han låg og såg det så levande for seg før han døde, og fortalde det tak for tak. Dei måtte sjå det og gå med han dei som hørte på. Heile ferda måtte dei leva igjennom med han.

– Tidlig, tidlig morgons. Så tidlig, at sola veit ikkje ho er oppe, at lauve veit ikkje det er grønt. Det er mest synd å gå og sjå det. Fuglen vaknar, først ein og så alle, til det sildirar med song over all den skog. Så rein ei glede er ikkje menneske verdig til å høre på. *Da* gjekk vi oppover. Førre gjekk vi to, Hauk og eg. Etter kom ho, der kom du Sunniva, og veninna di! Vi gjekk og vi stana, de hadde tusen ting å sjå. Kongroa spann sølv og krystall for oss i morgonlyse, ho hadde spunne gull visst det var fagrare. Dogga skapte det vi ikkje kunde drømt oss nokon gong.

Opp og opp svinga vegen, opp og opp. Der lyste morgonsola raudt i furuleggene; lenger oppe lyste lynge både brunt og blått; de gjekk og såg [260] på det og var glade. Vi var glade alle fire der vi gjekk. Det var som ei vandring mot evig lys.

Og ein av oss gjekk mot døden.

Ja, og så gjekk vi inn over åsen, tvert over flate åsen, og der stod kvitleggbjørka så lita og rar, og låge små byskje som kraup frammed stigen, vi spurte oss om folk hadde gått denne vegen før. Så bar det over kvit mose og over grått berg, minns du det? Da var det ikkje langt att. Og eg gjekk breiddmed stigen, for eg gjekk breiddmed Hauk, for vi hadde mangt å talast om. Og framfor oss der blåna høg fjella fram, det eine over det andre, så evig langt inn i morgonhimmelen og stilla, snøflekke synt seg i blånaen så vi stana og stod. Der stod vi lenge og tagde; de minns vel ikkje det de. Men den som hadde øyra å høre med, han hørte fossen; han hørte kor djupt det var ned til den. Han hørte kva vi skulde der.

Da gjekk vi att, for vi skulde lenger. Hauk og eg vi var føre, og de to kom bak etter oss, og heile tida snakka eg med Hauk, og han hørte etter. Han hadde aldri hørt meg tale så mykje i heile vårt liv. Eg pekte ut for han den nuten og den, eg nemnte namne og sa han høgda, og når skulde vi dit han og eg? – Ja dit skulde vi, sa han, du og eg! sa han, han vart som barne, det vil av stad med ein einaste gong. Eg bad til Gud at vi måtte ikkje komma dit bae to. Nei, ein skyldlausing og ein – ja eg visste ikkje kven eg var, det var det eg skulde få vita. Eg såg [261] alt slettberge framfor oss, det låg der flatt og grått, som du såg det ein kvardags dag, og der i frå går ingen veg utan gjennom blåe lufta. Vi gjekk radt i mot det, med auga og tankane inne i fjellheimen dit vi skulde ein gong han og eg, han lyste som ein smågut og ein kjempe over andlete, det var berre Hauk som kunde sjå ut slik. Og smilande lauvlia framfor oss, med mørke graner og ein liten skoddedott, ein måtte tru det var ingen ting millom oss og den.

Radt fram gjekk vi. De to kom etter, det var deg eg såg heile tida. Til eg såg *det*. Vettlause stupe som låg og venta oss.

– Vår deg! ropa eg, for da var vi der. Lande vart teke bort framfor føtene på oss, og stod vi eller fall vi? Berre ein augeblink var det og mindre enn det, for dykk to som kom etter. Hauk slo ut armane og ropa og fór framstupes i veg. Eg hadde trive tak i armen hans, Gud han veit kva eg tenkte, men djupe var sterkare og tok han. Meg tok det ikkje. Eg såg fossen fekk han og fór med han.

Eg stod att og såg dykk og hørte dykk, men det som *var til*, det var at slik hadde Gud dømt. Han synt meg, så eg skalv, ved det, så heile blåklåre morgonen skalv kring meg, at eg var eit utvald menneske: Så stor ein gjerning venta der på meg.

Lenger kom han ikkje i fortelinga si den gongen. Sia fortalde han eitt og anna, han fekk ikkje [262] døy før det var gjort. Han måtte utpå stupe att, der dei stod og Hauk var borte.

Ho rista han til han vakna og hørte henne: Han måtte ned og finne Hauk, han skulde komma att med han levande, til henne, for ho hadde synda og vore kald i mot han, ho hadde svike han i hjarte! – Eg kan ikkje leva han forutan! klaga ho seg.

Arnor måtte klive ned, til avgrunns, ned gjennom dauen og mykje djupare, syntes han, men kva gjorde det, når han var utvald til live og til henne? Det var han som var henne verdig. Kor lenge han var borte visste ingen av dem, og ingen kunde ha fortalt det han opplevde, men ein staden måtte elva stane og gi frå seg sitt.

Lekamen av Hauk låg i ein djup høl og dreiv rundt i ring, og Arnor var uti og fekk han i land. Han bar like til dals, dagen til endes og heile lange natta bar han det, i verste ulenda, kom så til folk og vart menneske att. Han kom til henne med like.

Han såg sorga hennes, og han let henne vera åleine med den. Sorga, ho er god, visste han, ho gir gråten til trøst og ho gir meir, ho er Guds gave til den som har ulykka fortent. Ho er stjerna på himmelen for den som jamvel han vender seg i frå.

Han gjekk til arbeide sitt att. Der var ein ny dag over det, for han visste ho kom til han.

[263] Ho gjorde det. Ho kom han nærmare for kvar gong han møtte henne. Den stunda kom da ho var hans. Han hadde visst det vart slik, men no da det skjedde da trudde han ikkje det var sant. Det kjentes som lykka skulde bli han for tung. Sorga kan dei synge om utan å ha kjent henne, men lykka si kan ingen fortele om.

Gong for gong måtte han leite i auga hennes, om der ikkje fanns ein misstanke til han, ei lita minning om morgonen utpå stupe. Fanns ikkje nei. Ho såg berre han. Ho òg måtte ha set Gud dømt. Eller hadde han kasta blinda over henne?

Da tvila han på dommen.

Nei, tvila gjorde han ikkje, men han måtte sjå stupe for seg dagandes dag, og dei to som stod der og den eine fall og den andre ikkje. Han var så ovmodig i lykka, han måtte utpå brattfloge ein gong til, han var der i tankane gong for gong og spurte: – Kven av oss var det du dømte? Svar fekk han ikkje, og ro fekk han ikkje. Han måtte enno ein gong freste Gud, og hardare enn før: Han måtte gå til henne og la henne dømme.

Han fortalde heile sanninga, så langt han visste henne. Han stod rolig og venta dommen, at ho skulde seie eit ord til liv eller død over han. Han såg farga kom bort i andlete hennes, og auga dei døde, syntes han sjå. Fingrane trivla etter kvarandre, til hjelp eller trøst.

[264] Da visste han dommen sin. Ho sa det utan å seie det, og denne gongen var det endelig Gud som tala:

– Du er mannen. Du har dømt deg sjøl, sa han.

Han svara amen til det. Hadde gått med det svare i seg all tida, ein ser det når det er for seint. Men Sunniva rømte ikkje. Da han kom til seg att, da stod ho og såg på han. Aldri hadde auga hennes komme slik i mot han, med så stor ein gave. Han steig att-ende for dem. Ho tok handa hans, han kjente fingrane hennes heldt fast og brente han, dei var kaldare enn isen.

– Var du så glad i meg? fekk ho endelig sagt.

Han åtte ikkje ord å svara.

– Da er du skyldlaus like vel, sa ho. Da er du skyldlaus like vel.

Så fagert som no hadde ikkje andlete hennes synt seg for han, kvart lite drage i det var eit vidunder, den vesle bevinga ved munnen måtte vera nok for ein mann.

– Som eg ser det, som eg ser det! klaga sjuklingen seg.

Men hjarte vart kaldt i han med han stod og såg det. Ho kom inn til han, snara armane kring han og gret. Ho gret i redsle, og ho gret i sorg, men mest gret ho i sæla, det kjente han.

– Du fekk vera kven du vera vilde, enda var eg di! sa ho.

[265] Sjuklingen reiste seg da han fortalde det, og auga lyste i han:

– Det var den store kjærleiken som hadde komme over henne. Og da skjedde det, det *siste*. – Ta henne, ho er di! slik hørte eg Guds røst. Han gav meg henne, men kjærleiken til henne den tok han i frå meg. Han rørte han med fingren sin, og så var han død. – Ta det som ditt er og gå bort! sa han.

Eg måtte ta henne og gå. Og gjekk gjorde eg, det såg *han*. Ut or Eden og ut or verda, og inn i det lande der dei utvalde skal bu. Eg har budd der sia. Det har han òg set.

Og eg har set det eg skulde sjå. Det menneske som eg ikkje tålte tenke på skulde ha ei vond stund, det menneske har eg set lide døden for mi skyld, dag etter dag og natt etter natt. Og den som ikkje har røynt det, han veit ikkje kor mange dagar og netter der er i eit år, eller kor mange år der er i eit liv. Han veit det ikkje nei.

Og den gjerningen som var min, den har eg gjort, eg har slite og bore han fram, for det måtte gjerast, og heile tida visste eg han var nyttelaus, for det var eg som gjorde han, eg visste han var forkasta som eg sjøl var det.

Men så utenkt kan det gå, at da arbeide var til endes, da såg eg det var ikkje i fånytta gjort like vel. Forkasta eller ikkje forkasta, det skulde vera gjort, og det er si løn verdt. Eg hadde granska [266] hoss profetar og vismenn, eg hadde lyst og leita gjennom skriftene deira, for der skulde eg finne den steinen som sanninga strålar ut frå, sanninga om menneske og om Gud. Eg har synt folk at der finns han ikkje. Det vart mitt verk. Hoss vismenn og profetar finn du det *du* aldri har tenkt på: At menneskesjæla er ihopsett av misstak og lengten etter nye misstak, og av den er visdommen fletta. Dei får seie som eg, at arbeide er si løn verdt. Resten ser alle som blinde er, etter kvart som tida deira kjem.

Og da eg det hadde set, da såg eg *henne*. Jamvel hit hadde ho følgd meg og var i nærheita med meg. Kva kan dei *så* fortele oss om kva eit menneske er! Her var ho, eg kan ikkje få sagt meir om det. Solblinde dagen frå morgon til kveld, og midt i den var ho!

Da kunde eg ha takka Gud i himmelen for henne, hadde han hørt meg. Eg gjorde det like vel, til slut, for einkvan lyt vi takke, slik er vi skapt, – så dyrverdig blir eit menneske oss ein gong. Eg reiste meg og takka han, men da svimra eg og fall utfor bakken, eg må ha drygd så for lenge? Kanskje han vil ikkje vita av takk – eg kjenner han ikkje; eg var ikkje slik skapt.

Men som kveldsola skjein i kring oss!

Han låg og plagdes og stridde, var borte og kom att. Ut på morgonparten snudde han seg mot lysinga i glase og sa:

[267] – Kjem sola til meg enno ein gong?

Han slokna da det var spurt; han måtte vera ein stor mann. Han låg ikkje og smilte, men elles var det eit vakkert lik. Enka sat still og gret ikkje over det. Slik var no ho.

– Han får ha Guds fred der han ligg, sa gammalt folk.

Småguten sakna han både to og tre dagar.

Noter

n1. ser] *rettet fra: ssr (trykkfeil)*

n2. han] *rettet fra: kan (trykkfeil)*

n3. lik 'n] *rettet fra: lik' n (trykkfeil)*

n4. same måten] *rettet fra: samemåt -en (trykkfeil)*

n5. henne] *rettet fra: henne (trykkfeil)*

n6. han] *rettet fra: kan (trykkfeil)*

Olav Duuns *Vegar og villstig* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no